

Janne Halvorsen Kleppe

Å utvikla nettverk mellom skule og bedrift i frisørfag

MAYP05

Høgskolen i Akershus

Avdeling for yrkesfaglærerutdanning 2009

Forord

Denne oppgåva er eit resultat av eit fireårig studie på Høyskolen i Akershus med vekt på yrkesopplæring i vidaregåande skule. Eg har hatt fokus på samarbeid mellom skule og frisørbedrifter i Sunnhordland, med tanke på at desse erfaringane kan overførast til andre yrke og til andre deler av landet.

Den praktiske delen av arbeidet har kunn fungert fordi det har vore engasjement hos dei aktuelle aktørane som skulle samarbeida. Takk for inspirasjon og gode initiativ frå frisørar, lærarar, kollegaer, familie, medstudentar og referansegruppa. Ei stor takk til Kjersti Berge som har oversatt samandraget til engelsk og ikkje minst Hilde Hiim, som har vore ein fram i frå rettleiar gjennom prosjektet. Utan dykk ville ikkje dette vore mulig.

Stord mai 2009

Janne H Kleppe

Innholdsliste

Forord	2
Innholdsliste	3
Samandrag (norsk).....	10
Summary in English.....	15
1 Innleiing	19
1.1 Bakgrunn for val av problemstilling	19
1.1.1 Eindel sentrale spørsmål å ta stilling til	20
1.2 Min bakgrunn for å meine noko om kvifor samarbeid mellom skule og næringsliv er viktig.	21
1.3 Kven er elevane som vel å bli frisør?	22
1.4 Om læringsstilar, læringsstrategiar og yrkesretting av fellesfag	24
1.5 Behovet for å utvikle funksjonelle samarbeid mellom skule og frisørbedrift.....	25
1.6 Presentasjon av problemstilling	26
1.7 Kort presentasjon av oppgåva sine hovudpunkt	26
2 Prosjektplan for aksjonsforskning 2008-09: "Samarbeid mellom frisørbedrifter og skular i Sunnhordland"	29
2.1. Mål og rammer	29
2.1.1 Bakgrunn	29
2.1.2 Prosjekt mål	29
2.1.3 Rammer.....	30
2.2. Omfang	30
2.3 Organisering	31
2.3.1 Prosjektleiing.....	31
2.4 Beslutningspunkt, oppfølging og milepålar	32
2.4.1 Krav til beslutningspunkt.....	32
2.4.2 Krav til statusmøte	32

2.4.3 Milepålar	32
2.5 Risikoanalyse og kvalitetssikring	33
2.5.1 Kritiske suksessfaktorar	33
2.5.2 Kvalitetssikring.....	33
2.6 Gjennomføringsplan	34
2.6.1 Hovudaktivitetar.....	34
2.6.2 Tids og ressursplan	35
2.7 Kostnader	35
2.8 Kontraktar og avtalar.....	35
2.9 Sluttrapport/ oppsummering.....	35
2.10 Nyttan av prosjektplanen i prosjektperioden	36
3 Føringar frå utdanningsdirektoratet og departementet om samarbeid mellom skule og bedrift.....	37
3.1 St. meld nr. 30 "Kultur for læring" (2003- 2004) om samarbeid mellom skule og bedrift.....	38
3.1.1 Mi oppsummering av st.meld. 30	39
3.2 St. melding 16 (2006-07) " og ingen sto igjen " om samarbeid mellom skule og bedrift	39
3.3 St. meld. 31 " Kvalitet i skulen" (2007-08) og samarbeid mellom skule og bedrift	41
3.4 NOU 2008: 18 Fagopplæring for framtida, om samarbeid mellom skule og bedrift	41
3.5 FAFO sin første delrapport om prosjekt til fordjuping på vg1 og vg2	43
3.5.1 Mine tankar kring FAFO- rapporten sett ut frå lokale forhold	44
3.6 Opplæringslova om samarbeid mellom skule og bedrift.....	44
3.7 Kva seier læreplanen om samarbeid mellom skule og bedrift?	45
3.7.1 Den generelle delen av læreplanen om samarbeid mellom skule og bedrifter .45	
3.7.2 Læreplanen for vg1, vg2 og vg3 om samarbeid mellom skule og lærebedrifter	46
3.8 Om tenesteveg og muligheita til å kommunisera med næringslivet.....	47
3.9 Elev- og lærlingombod.....	47

3.10 Oppsummering frå grunnlagsdokument om samarbeid mellom skule og næringsliv	48
4 Yrkesdidaktiske teoriar som gir grunnlag for å etablere funksjonelle samarbeidsnettverk mellom skule og frisørbedrifter.....	49
4.1 Yrkespedagogikk i skjeringspunktet mellom praktisk arbeid og teori om yrket	49
4.2 Ulike former for kompetanse og nokre tankar om kvar ein kan tileigne seg slik kompetanse.....	50
4.3 Lev Vygotsky om læring gjennom samhandling	52
4.4. Yrkesdidaktikk og yrkesfaglig læringstradisjon.....	53
4.5 Kva som er spesielt for opplæring i skulen og kva som er spesielt for opplæring i bedrift.....	54
4.5.1 Elevane sitt ynskje om opplæring i bedrift framfor opplæring i skule.....	55
4.5.2 Meister lærling tradisjon	56
4.6 Refleksjon i og over handling.....	57
4.7 Yrkesdidaktikken sin betydning for vårt prosjekt.....	58
5. Teori om aksjonsforskning relatert til vårt prosjekt	59
5.1 Aksjonsforskning med røter frå Kurt Lewin til vårt prosjekt	59
5.2 To nyttige omgrep hos Habermas om aksjonsforskning med relevans for samarbeidsprosjektet mitt.....	60
5.3 Aksjonsforskning og organisasjonsutvikling.....	61
5.3.1 Kvifor er organisasjonslæring viktig?	62
5.3.2 Kjernen i aksjonsforskning	62
5.3.3 Organisering av arbeidet.....	62
5.3.4 Prosjektgruppa si rolle	63
5.3.5 Felles møta si rolle	63
5.3.6 Referansegruppa si rolle	63
5.4 Prosjektleiarsprosessen; PLP- metoden i mitt prosjekt	64
5.5 Prosjektleiars rolle.....	65
5.5.1 Nokre tankar om korleis ein kan gå fram for å få til ein god dialog i samarbeidsprosjektet.....	65

5.5.2	Kva leiingsstrategi er relevant å bruka i samarbeidsprosjektet mellom skule og frisørbedrifter i Sunnhordland?	66
5.5.3	Coachande tilnærming i samarbeidsprosjektet	67
5.5.4	Kunnskap om EQ brukt i samarbeidet	68
5.6	Grovplan for prosjektet basert på didaktisk relasjonstenking	68
5.6.1	Rammer	69
5.6.2	Mål med prosjektet	70
5.6.3	Val av deltakarar i prosjektet.....	71
5.6.4	Innhald og prosess	72
5.6.5	Vurdering	72
5.6.5.1	Vurdering undervegs	72
5.6.5.2	Sluttvurdering	73
5.6.5.3	Vegen vidare	73
6	Kjenneteikn på kvalitativ metode brukt i dette prosjektet	75
6.1	Etiske dilemma ved val av metode i prosjektet (eiga rolle i prosjektet)	76
6.2	Innsamling av data	76
6.2.1	Val av informantar/ deltakarar til prosjektet	77
6.2.2	Planar for kvar enkelt sekvens	77
6.2.3	Møteinnkallingar og referat.....	77
6.2.4	Bruk av loggar som dokumentasjon i prosessen	78
6.2.5	Sms, e-postar og anna kommunikasjon	78
6.3	Validitet og reliabilitet.....	79
6.4	Presentasjon av data	80
6.5	Kritikk til metoden	81
7	Kva blei gjort for å få til eit samarbeid mellom skule og bedrifter i Sunnhordland?	82
7.1	Presentasjon av prosjektgruppa og mål for gruppa sitt arbeid.....	82
7.2	Potensielle deltakarar til fellesmøte	84
7.3	Presentasjon av møta som vart halde	84
7.3.1	Den første møtebolken i samarbeidet	84

7.3.1.1 Første prosjektgruppemøte – plan for oppstart	84
7.3.1.2 Innholdet i det første fellesmøtet – Aktuelle saker for samarbeidet.....	85
Prosjekt til fordjuping.....	87
40 timarskurs i bransjekunnskap.....	87
Arbeidskurs/ workshop	87
Samarbeid mellom lærlingar	87
Initiativ frå fagopplæringskontoret	87
Open dag på frisørinja	88
7.3.1.3 Mine tankar om den første møtebolken.....	88
7.3.1.4 Vurdering av første møtebolke i forhold til teori om aksjonsforskning.....	89
7.3.1.5 Vurdering av første sekvens i forhold til teori om yrkesdidaktikk	90
Vurdering av diskusjonen rundt prosjekt til fordjuping	91
40t bransjekunnskap og vurdering av behov for retningslinjer	92
Vurdering av diskusjonen om Arbeidskurs/ workshop	92
Vurdering av samarbeid mellom lærlingar i forhold til yrkesdidaktisk teori	93
Vurderinga av initiativ frå fagopplæringskontoret.....	93
Vurdering av forslag om open dag på frisørinja	93
7.3.2 Den andre møtebolken i samarbeidet – Konkrete saker og forslag til tiltak begynner å ta form.....	94
7.3.2.1 Det andre prosjektgruppemøtet – Sortering og prioritering av aktuelle saker som skal diskuterast.....	94
7.3.2.2 Det andre fellesmøtet – Dei som kom er engasjert	95
28. mai 2008 var det 12 fram møtte på fellesmøtet.....	95
Deretter fortsette me å diskutera elevar som har yrkespraksis i frisørbedrifter.....	95
Me gjekk også vidare med utfordringa om å rekruttera elevar	96
Forslaget om workshop.....	96
40-timars kurs i bransjelære	97
Forslag til saker for neste fellesmøte	97
7.3.2.3 Mine tankar om andre møtebolke	97
7.3.2.4 Vurdering av andre møtebolke i forhold til teori om aksjonsforskning og organisasjonsutvikling	98
Det lave fram møte	98
7.3.2.5 Andre møtebolke vurdert i forhold til teori om yrkesdidaktikk.....	99

Rekruttering	100
Yrkesretting av fellesfag som rekrutteringsmiddel	101
Elevar i yrkespraksis	102
Ulike samarbeidsfora og workshop.....	103
Kurs i bransjekunnskap.....	103
Førebuing til tredje møtebolc	104
7.3.3 Den tredje møtebolken i samarbeidet – sakene vert meir konkrete, men utfordringar trugar	104
7.3.3.1 Tredje møtet i prosjektgruppa – Prioriterte saker tek form	104
7.3.3.2 Det tredje fellesmøtet i samarbeidsprosjektet – Frammøte ser ut til å vera ei utfordring	105
Oppfølgingssaker i det tredje fellesmøtet	105
Ynskje frå lærlingane om å danna opplæringsring.....	106
Skulen sine erfaringar med saker som er gjennomført som fylgje av samarbeidsprosjektet	106
Saker som kan diskuteras vidare.....	107
7.3.3.3 Mine tankar om tredje møtebolc.....	107
7.3.3.4 Vurdering av tredje møtebolc i forhold til teori om aksjonsforskning og organisasjonsutvikling.....	107
7.3.3.5 Tredje møtebolc vurdert i forhold til teori om yrkesdidaktikk.....	109
7.4.4 Den fjerde møtebolken i samarbeidet – Kva har me oppnådd?	110
7.4.4.1 Fjerde og siste møtet i prosjektgruppa – Arbeidet ser ut til å gje resultat	110
7.4.4.2 Det fjerde fellesmøtet - prosjektavslutting og vegen vidare.....	112
Del 1) Avslutting av samarbeidsprosjektet mellom skule og frisørbedrift i Sunnhordland.....	113
Del 2) Årsmøte for gjenoppretting av frisørlauget i Sunnhordland	115
7.4.4.3 Mine tankar om fjerde og siste møtebolc.....	115
7.4.4.4 Vurdering av fjerde møtebolc i forhold til teori om aksjonsforskning og organisasjonsutvikling.....	115
Kva har eit nytt laug å bety for samarbeidet mellom skule og bedrift?.....	116
Alternative løysingar for å få til eit samarbeid mellom skule og bedrift.....	116
7.4.4.5 Fjerde og siste møtebolc vurdert i forhold til teori om yrkesdidaktikk	117
Korleis kan lauget påverke samarbeidet mellom vg1 og vg2?	118

Lærlingane sin muligheit til kvalitetsløft gjennom samarbeid	118
8 Erfaringar som vart gjort rundt å oppretta eit samarbeid mellom skule og frisørbedrifter	120
8.1.Oppsummering av dei viktigaste erfaringane i prosjektet	120
8.2 Dei viktigaste erfaringane i prosjektet vurdert i forhold til teoriar om aksjonsforskning/ organisasjonsutvikling.....	121
8.2.1 Om læreføresetnadane	121
8.2.2 Oppsummering og vurdering av rammer i prosjektet	122
8.2.3 Læreprosessen	122
8.2.4 Aksjonsforskning som verkemiddel for organisasjonsutvikling i prosessen.....	125
8.2.5 Oppsummering og vurdering av innhald og prosess.....	126
8.3 Har sakene som har vore diskutert, medverka til å gje frisør opplæringa eit kompetanseløft i Sunnhordland?.....	127
Yrkesrettinga av fellesfag	127
Etablering av laug	128
Etablering av samarbeidsfora mellom lærlingane	128
Organisering av PTF vg1 og vg2.....	128
Innføring av arbeidsantrekk og nye prosedyrar ved fråver, som resultat av samarbeidsprosessen	128
8.4 Oppsummering av korleis me ynskjer å få ei meir yrkesforankra frisørutdanning ut frå didaktiske kategoriar.....	129
Mål.....	129
Rammer	129
Innhald og arbeidsformer.....	129
Vurdering.....	130
Vegen vidare for frisørfagleg utdanning	130
Litteraturliste	131

Samandrag (norsk)

Tittelen på masteroppgåva er **Å utvikla nettverk mellom skule og bedrift i frisørfag**. Problemstillinga lyder: **“Korleis få til ein modell for eit konstruktivt og funksjonelt samarbeid mellom skule og bedrift?”** Forskningsprosjektet er avgrensa til å gjelda Sunnhordland, men erfaringane i aksjonsforskinga kan overførast til andre fylke og til andre yrkesfag som satsar på samarbeid mellom skule og bedrift for å utvikla faget, og som ynskjer å styrkja den fireårige yrkesopplæringa med relevans, meining og medverking for eleven, faget og samfunnet.

Mål

Målet med arbeidet var å gjennomføra eit samarbeid mellom skule og bedrift i frisørfag, som er dokumentert og forankra i læreplanar og grunnlagsdokument, samt i litteratur som omtalar nytten av eit samarbeid om yrkesopplæring på tvers av skule og bedrift på grunnlag av dei vesentlege yrkeserfaringar elevane tileignar seg i praktisk arbeid i bedrift. I dag opplever mange skulen som ein separat del av opplæringa med lite relevans og meining for det fagarbeidet dei skal utføra etter avslutta utdanning og sveinebrev. Med dette prosjektet ynskjer eg å setja fokus på næringslivet sine muligheter og plikt til å påverke opplæringa i skulen, samtidig som skulen må ta innover seg at opplæringa dei gir skal gagna både eleven og faget utover den tradisjonelle undervisinga, som let seg gjennomføra på skulen. Det betyr at både skule og bedrift har rike tradisjonar på opplæring, men etter kunnskapsreforma er det forventa ei vidareføring i 2+2 modellen, av både opplæring og vurdering etter kompetansemål, som byggjer på felles forståing for kva det vil sei å utdanne handverkarar. Slik eg ser det, må me få til eit forpliktande, konstruktivt og funksjonelt samarbeid mellom skule og bedrift for å løysa dette felles ansvaret. Kunn på den måten kan faget og eleven utvikla seg i takt med krav og forventningar frå kundar og myndigheiter, slik at den offentleg norske frisøropplæringa framleis er innovativ og ein av verdas beste.

Teoretisk referanseramme

Prosjektet har til hensikt å dokumentera erfaringar som fører til auka kvalitet i opplæringa, både frå fagleg innhald gjennom dialog mellom dei involverte og gjennom organisasjonsutvikling og praktisk oppbygging og institusjonalisering av samarbeidet.

I dette arbeidet har eg brukt politisk vedtekne dokument, som opplæringslova, stortingsmeldingar og læreplanverk. Eg har også støtta meg på forskingsrapport frå Fafo

og høyringsutkast og uttalingar frå NHO og Norges frisørmeiseterforbund, for å finna dokumentasjon på kvifor det er viktig å få til samarbeidande nettverk mellom skule og bedrift.

For å få til ei organisasjonsutvikling og å leggja til rette for lærande organisasjon, har eg i tillegg til litteratur om aksjonsforskning, brukt prinsipp frå leiaropplæring med vekt på coachande tilnærming. Dette er litteratur som eg tidlegare har fått kjennskap til gjennom leiaropplæring ved BI-Bergen og som var hensiktsmessig å fletta inn i dette arbeidet.

For å forankra utviklinga i yrkesfag, har eg vist til ulike forfattarar og forskarar, som kan trekkja parallellar mellom meister – lærling – tradisjon og vår tids opplæring. Eg har funne litteratur som viser ulikskapar og parallellar mellom vår tids kunnskapsløft og tidlegare tiders utstrakte bruk av kunnskapsoverføring frå hand til hand. Målet er ikkje å forkaste noko til fordel for nye metodar, men å trekkje lærdom frå tidlegare erfaringar for å vidareføra det beste i kvar tidsepoke og læringskultur til vår tid. Gjennom denne litteraturen, har eg også fått bekrefta at ulike yrkesfag kan ha like tradisjonar og parallelle erfaringar, som er relevante eksempel for andre yrke. På den måten vert yrkesfag rikare og opplæringa står sterkare når ein dokumenterer behov og eksempel på løysingar på vegne av fleire retningar.

Metode

Arbeidet er bygd på aksjonsforskning som metode, der det bærande prinsippet kan seiast å vera at "vegen vert til mens du går". Eg har arbeid i fire bolkar med fire møtesekvensar.

Det vart sett ned ei prosjektgruppe med tre salongeigarar, ein lærling og ein skuleelev, i tillegg til meg sjølv, som var prosjektleiar og skuleverket sin representant.

Prosjektgruppa planla arbeidet og hadde ansvar for å kalle inn alle involverte i frisørbransjen, både frå det offentlege utdanningssystemet og frå det private næringslivet i Sunnhordland til felles møte. På grunnlag av innspel frå fellesmøtet, har prosjektgruppa saman med meg som prosjektleiar, lagt tilrette for innhaldet i neste møte, slik at utviklinga i dialogen i desse sekvensane har blitt eit produkt av ein demokratisk prosess i samarbeidet. Alt arbeidet eg viser til i forskinga, er dokumentert gjennom møteinnkallingar, referat, loggar, avisannonsar og –artiklar, sms og e-postar. Dette er grunnlaget for utviklingsspiralen med fire sløyfer i prosjektet.

Gjennomføringa har vore i tråd med prosjektplanen i kapitel to.

Forskinga har lagt vekt på forskingsetiske retningslinjer og skal kunna vera etterprøvbar.

Funn

Eg har gjort erfaringar på to nivå. Det eine som var viktig, var å få til eit fysisk møte mellom skule og bedrift i dei fire bolkanane. Det andre var innhaldet i desse møta.

Det kan sjå ut som rammene for å møtast er eit hinder for å få til eit fysisk møte mellom dei involverte i opplæringa. Møta måtte føregå på kveldstid, noko som krov at alle partar var villig til å bruka fritida si på samarbeidet. Dette vart ei så stor utfordring, at det var med nød og neppe me kunne treffast alle gongane. Me har trekt den konklusjonen, at skal eit slik samarbeid gje meining og kunna eksistera, må det økonomiske midlar til, slik at samarbeidet kan definerast inn i arbeidstida og ikkje skje som dugnad på fritida. Folk i bransjen, både på skule og i bedrift er interessert og villig til å gjera ein innsats, men då må dei bli teken på alvor, ved at det kan leggjast til rette for slikt samarbeid i ansvarlege former.

Utover dette har forskinga vist at dialog mellom skule og bedrift utviklar opplæringa som organisasjon og at begge partar har kome med nyttige innspel til kvarandre, som har utvikla innhaldet i opplæringa både på skulen og i bedrifta. Som eksempel kan eg nemna at skulen fekk konkret tilbakemelding frå frisørbransjen om tiltak for å få elevane sin kvardag meir relevant for yrket gjennom å innføra arbeidsantrekk og å innføra nye rutinar ved fråver. Dette vart gjennomført og var ei positiv utbetring av skulen si opplæring. Likeeins kom lærarane med innspel til arbeidsgjevarane om kva dei kan forventa av yrkeskompetanse ved utplassering i prosjekt til fordjuping og korleis frisørsalongane kan leggja til rette arbeidspraksis på vg1 og vg2. Det vart også avklart kor ofte elevane skulle koma ut og kva tid dei skulle ha med styrt oppgåve frå skulen og kva tid dei var i stand til å gjera førefallande arbeid på eige initiativ og på oppdrag frå arbeidsgjevaren.

Som ein direkte konsekvens av samarbeidet, har me fått nyoppretta frisørlauget i distriktet. Det betyr at fagansvarlege i bedrift står sterkare i ulike utfordringar og er enklare å koma i dialog med både for skulen og andre, når dei er organisert i ei eining med ein felles talsmann gjennom oldermannsfunksjonen og laugsstyret.

Samarbeidet har også motivert lærlingane til å etablere eit fora der dei deler erfaringar og trenar saman mot sveinebrevet. Denne deleringen kan vera med å gjera overgangen mindre for skuleeleven som skal ut i lære i salong. Slik er også den eit viktig ledd i å heve kvaliteten på frisør opplæringa.

Sist, men ikkje minst, viste det seg at samarbeidet mellom skule og bedrift var eit nyttig organ for å gje konstruktiv tilbakemelding til kvarandre. Desse tilbakemeldingane vart verdifulle, slik at den einskilde såg si rolle i den fireårige opplæringa i eit nytt perspektiv og i forhold til kva dei andre forventar skulle skje på dette nivået. Det var på mange måtar avklarande og det vart synleg at ein ikkje er åleine om opplæringa, men at når alle gjennomfører sin del, får eleven ei heilskapleg opplæring i trå med intensjonen i kunnskapsreforma og til utvikling for fagleg nivå i bransjen.

Ein viktig sideeffekt av samarbeidet, var at folk kom saman og vart kjent med kvarandre og fekk tillit til kvarandre på ein måte som vil gjera det enklare og tryggare å ta kontakt med kvarandre i komande samarbeid.

Vegen vidare

Frisørlauget har allereie hatt fleire møter om ulike frisørfaglege saker. Dei har kalla inn til møte med skulen komande haust, slik at samarbeidet ser ut til å vera liv laga også etter at prosjektet er avslutta.

Noko av det som ser ut til å vera nyttig å ta tak i etterkvart, er å tolka saman det som står i dei ulike kompetansemåla på vg1, vg2 og vg3. Når ein har fått ei felles forståing av innhald, må det utviklast felles vurderingskriterier, som har felles mål om kva nivå elevane/ lærlingane skal oppnå. Dette var etterlyst, men så langt kom me ikkje innan prosjektet var slutt. Ein slik diskusjon vil inkludere utfordringa om samarbeid mellom vg1 og vg2 i dei tilfelle vg1 ikkje tilbyr frisørfagleg kompetanse og det vil omtale behovet for å yrkesretta fellesfaga på vg1 og vg2.

Det vart også diskutert korleis me skal få rekruttert funksjonell arbeidskraft til bransjen og korleis me kan få gutar interessert i å søkja frisøropplæring. Dette er utfordringar som er viktig å diskutera lokalt. Som det vart sagt, må strategiar for dette også behandlast på nasjonalt nivå, noko som no er mulig gjennom frisørane si deltaking i lauget og medlemskap i NFF og gjennom lærarane sin tilknytning til Det norske frisørlærarforbund.

Oppsummering

Frisørbransjen ser ut til å vera relativt velorganisert gjennom Noregs frisørmeisterforbund og gjennom Det norske frisørlærarforbund. Det som er ei utfordring er å formalisera nettverk mellom desse veldrivne organisasjonane på lokalplan, slik at den lokale opplæringa, som er forankra i grunnlagsdokument og læreplanar framleis skal halda høgt nivå i nasjonal og internasjonal samanheng. Det er ikkje nok at

organisasjonane arbeider godt i sitt felt, men skulen sin kompetanse må nyttast betre i bransjesamanheng, samtidig som frisørbransjen kjem på banen og utfordrar innhald og opplæring på skulen, slik at dei kan ta imot lærlingar som representerer relevant og meiningsfull/ innsiktsfull arbeidskraft for faget. På den måten utviklar me vekst og høg fagleg kompetanse på landsplan i den offentlege skulen. Bransjen og lærarane har vist at dei har vilje til samarbeid, rammene er det offentlege sitt ansvar.

Summary in English

The title of the MA is: "To develop a network between school and companies of hairdressers." The question posed is: "How can we achieve a model for a constructive and functional cooperation between school and hairdressing trade?" The research project is limited to Sunnhordland. The experiences drawn from this research can also be transferred to other counties in Norway with vocational studies who wish to strengthen their four year plan of vocational studies, and make it more relevant and satisfactory for tuition of hairdressing and society.

Targets (the objective)

The objective of this work was to work closely with education and hairdressers with documented work found in literature and the curriculum. Literature that talks about the advantages of the close work between the hairdressing trade and education, based on pupil's work experiences. Some people may still have the opinion that education is a separate unit without much relevance to future work. I wish to focus on the opportunities to influence, and the duties the trade of hairdressers have on the goings on in the schools. Simultaneously schools must realize that their teaching must go beyond the traditional teaching in school. Both schools and hairdressing companies have their teaching traditions. It is expected that a continuation of the recent school model, 2+2 model [The main model for vocational training, a combination of basic training/education at school (2 years) and in-service training combined with productive work (2 years) at a workplace (private or public sector)] In my opinion we need to work constructively and functionally together to solve our responsibilities. This is the only way students and the trade will develop together with the demands and expectations from clients and the authorities, so that the official Norwegian hairdressing teachings will continue to be one of the best.

Frame of reference

The purpose of this project is to document experiences which will heighten the quality of the teachings. Both from subject content through dialogue with those involved and through business development and institutionalizing the cooperation. During this work I have used political documents, like the Education Act, parliamentary reports and the curriculum. I have also made references to Fafo (Institute for Applied Social Science), and consultation drafts from NHO and the association of Norwegian hairdressers. This has been used to find documentation on the importance of a network between school and hairdressing companies.

To achieve a development within an organization I have used in addition to research literature principles from coaching management. This is literature I've used during my studies at BI Bergen.

To strengthen the development in vocational studies, there have been references made to various authors and researchers, who draw parallels between master – trainee and modern teaching. I have found literature which draws parallels and differences between our Knowledge Promotion and the use of teaching from hand to hand in earlier ages. The

purpose is not to reject past methods for new ones, but to draw knowledge from earlier practice. Through this literature I have confirmed my beliefs that different vocational studies have similar traditions and references, which are relevant for other trades. The vocational studies will strengthen when it is proved and documented that needs and solutions are the same for many studies.

Method

The work is based on the method of live practical research. The principle is based on the Norwegian proverb "the road is built as you walk". I have worked with four units over four meeting periods.

There was a project group with three hairdressing saloon owners, one trainee and one pupil, in addition to myself. I was the project leader and the representative of the schools. The project group planned the work and was responsible for information given to all involved in the branch of hairdressers, the education sector and the private business sector in Sunnhordland for a joint meeting. Based on suggestions from the meeting, the project group, with me as the project leader, put forward the itinerary for the next meeting. This way, the dialogue during these sequences, has become a product of a democratic process. All the work in the research is documented in minutes of meetings, reports, logs, newspaper notices and articles, sms and e-mail. The symbol of four ribbons in the project is based on this development spiral. The research has followed ethical principles.

Findings

I have achieved experience on two levels. The first, which was very important, was the meeting between hairdressing companies and school and secondly, the contents of the meetings.

There seem to be impediments for the framework of meetings between those involved in the teaching/training. The meetings had to be in the evenings which meant that all parties involved had to use their spare time. This became such a challenge that there were times we had problems in meeting. If such cooperation between all parties should continue to exist, we will need financial support. The cooperation must be held during working hours and not as a "dugnad" (people who help each other in their spare time doing voluntary work). People in this business are interested to make an effort, but they must be taken seriously and the framework of cooperation to be held in a responsible setting.

The research has also shown that a dialogue between school and hairdressing companies improves the education as an organization and that both parties have given each other useful advice. This has improved the education on both school and company. As an example I will mention: The hairdressers felt it would be more relevant for the pupils to use uniform/work clothes while at school and adopt new routines for absence from school. This was done and became a positive aspect of the education at school. The teachers also advised the employers what their expectations could be from the students with vocational studies and from those with in depth project studies. Also ideas on how the hairdressers could prepare for the students with work training at level vg1 and vg2.

There was also an agreement made on how often the pupils should do their training and if they should have precise tasks from their teachers. Also at what time they should be able to do light work at their own initiative and from the employer.

As a direct consequence of this cooperation, a hairdresser's guild has recently started in our district. Those who are responsible for the training in a company will have more support in their challenges and it will be easier to have contact both for schools and others when they are organized in a unit with a spokesperson through a function of the alderman and the guild board.

The cooperation has also motivated the trainees to establish a forum where they share each other's experiences and work together towards their diploma. It may make the functions easier for the pupils when they start their training period. It is therefore important for the quality of the hairdresser training. Last, but not least, it showed us that the cooperation between school and company was useful for the constructive reports between each other. The reports gave insight and a new perspective to how each person saw their role in the four year training period and in relation to what the others would expect at this level. It became obvious that when everybody does their share, the pupils will have an all round education as the intentions are in the study reform.

The cooperation resulted in the importance of people getting to know and trust each other and therefore it will be easier to get in touch in the future.

What is to follow?

The hairdressing association has already had several meetings about various cases. They have called in a meeting with the school this autumn, so it looks like the cooperation will continue after the completion of the project.

It may be useful to look at and analyze the different core competencies at vg1 vg2 and vg3 levels. When an agreement on the content has been achieved, various assessment criteria must be upheld and to what level the trainees should attain. This was raised as a question, but we did not reach a conclusion before the project ended. This will challenge the question of the level of cooperation between vg1 and vg2 on the occasions where vg1 does not offer the hairdressing level of competency. It will also raise the necessity for the general subject to have a vocational direction.

The question of recruitment to the business and how to make boys interested in the training was also discussed. These are important local challenges. But strategies for this should be discussed at a national level, which is now possible through the hairdressers association and NFF membership and the teacher's connection with The Norwegian Hairdresser Teacher's Union.

Summary

The businesses of hairdressers seem to be well represented through The Norwegian Hairdressers Union and The Norwegian Hairdresser Teacher's Union. The challenge will be to formalize the network between these well run organizations at a local level. We want the local training, which is based on national curriculums, to remain at a high national and international standard. It is not sufficient for the organizations to work

independently. The schools level of competency must be more relevant for the businesses at the same time as the hairdressers challenge the content and education at the schools. In this way they can accept trainees who represent relevant and meaningful labor for the trade. This is how we develop growth and a high level of competence nationally and in the state school. The hairdressing businesses and the teachers have shown willingness to work together. The framework around this is a social responsibility.

1 Innleiing

Å arbeida med yrkesfagleg opplæring er spanande og interessant, langt utover det å undervisa. Gjennom dette arbeidet er yrkesfaglæraren ein del av lange tradisjonar der yrkeskunnskap er blitt overlevert frå generasjon til generasjon. Opphavleg vart all kunnskap formidla i miljøet der yrket vart utøvd, medan det i våre dagar er den offentlege skulen som har ansvaret for rekruttering og den første delen av fagopplæringa. Dette skjer i den såkalla 2+2 modellen, i form av to år i skule og deretter av to år i bedrift.

Dei ulike yrka er i stadig utvikling grunna nye produksjonsmetodar og nye kundegrupper. Dette set krav til opplæringa og gjer seg til kjenne gjennom reformer i opplæringssystemet. Dette har fått konsekvensar for elevrolla og for måten faget vert overlevert på.

Også etter at kompetansereforma vart innført, er det bestemt at yrkesopplæringa skal innehalde to år i skule etter følgt av to år i lærebedrift. Dei fleste opplever dette som to åtskilte område, sjølv om det er ei samanhengande opplæring me snakkar om. Fylkeskommunen har ansvar for eleven alle fire åra, til han er ferdig som lærling. I mange tilfelle er det ikkje anna kommunikasjon mellom skule og bedrift enn det som vert gjort av avtale rundt utplassering i yrkespraksis og i prosjekt til fordjuping. Det skjer i liten grad meiningsutveksling og informasjon mellom skule og bedrift, med mindre dette er eindel av oppgåva eleven har med ut i yrkespraksis (Børke 2001). Når eleven er gått vidare frå vg2 til å vera lærling i bedrift, er det normalt ingen naturleg tilknytning til skulen lengre.

1.1 Bakgrunn for val av problemstilling

Kva er stoda no når det første kullet med vg2 er i gong? Er intensjonen i kunnskapsløftet følgt, med reelle valmuligheiter for eleven sine interesser på vg1 og vg2? Har me fått eit kompetanseløft for frisørutdanninga, eller er læreplanen så open at det vert kvalitetsforskjellar i dei ulike distrikta? Er bransjen hjelpen med det den offentlege skulen tilbyr innan frisørutdanning? Eg har valt å sjå nærare på utfordringar rundt samarbeidet mellom skule og bedrift og korleis eit slikt samarbeid kan organiserast for å få svar på spørsmåla mine.

I tillegg til at opplæringa skal ta omsyn til eleven sitt individuelle behov og frisørbransjen sitt kompetansebehov, er elevane på vidaregåande skule også i ei opplæring som skal dekke samfunnet sitt kompetansebehov. Den nye læreplanen uttrykker forventningar om at eleven skal ha kompetanse innan å lesa, skriva, rekna, og å bruka digitale verktøy (St.meld.30 2003-04). Både desse faga og dei felles programfaga skal vera yrkesretta, slik at dei gjev relevans og mening for eleven som alt har valt bransje. Ei viktig hensikt med reforma er å legge til rette for at fleire elevar fullfører utdanninga.

Eg ser kompetansereforma som ein mulighet å arbeida med temaet samarbeid mellom skule og bedrift, i kraft av at eg er både fagarbeidar og høyrer til i den offentlege skulen, som adjunkt på vg2. Eg opererer i det som vert kalla det doble praksisfeltet (Mjelde 2002:87). Eg ser det som ei føremon å tilhøyre begge fagmiljø: både skule og bedrift. Dette gjer det enklare å få til ein dialog mellom to fagmiljø, som på mange måtar er prega av ulike kulturar. Håpet er at dette prosjektet vil bidra til at samarbeid mellom skule og bedrift kan styrke yrkesfaglig relevans og dermed kvaliteten på frisørutdanninga i Sunnhordland.

1.1.1 Eindel sentrale spørsmål å ta stilling til

Eg ser at mange utfordringar som vert omtala i oppgåva, kan overførast til andre yrkesfagutdanningar. Blant anna er diskusjonen om breidde eller spissing av fagkompetanse like aktuell for alle yrkesfag i den offentlege skulen. Er samfunnet og den enkelte elev tent med at undervisinga på vg1 og delvis på vg2 omfattar eit så bredt spekter av fagområde, at det ikkje er tid og rom til å fordjupa seg i det faget ein ynskjer å ta eit fagbrev i? Tek den enkelte fylkeskommune sitt eigentlege ansvar for opplæringa når dei lokale rammene gjer tilbodet meir om til ei generell yrkesorientering enn å gje opplæring i spesifikke yrkesfag i trå med eleven sine val og samfunnet sitt behov for arbeidskraft? Har næringslivet nok innsyn i skulen til at dei fangar opp det faktum at det kan vera motstridande tolkingar mellom intensjonen i læreplanen og det som faktisk vert levert av opplæring i den vidaregåande skulen? Finns det kanalar som gjev næringslivet mulighet til å sikre at yrkesutdanninga i den offentlege skulen gjev rom for opplæring innan det som er grunnleggjande ferdigheiter i ulike yrkesfag, i stadig utvikling, eller kastar ein bort kostbar tid på unyttig informasjon? Opplæringa skal ha mening, relevans og medverking for den enkelte, for skulen og for samfunnet. Finnest det ein maktbalanse mellom desse tre, eller vert elev og samfunn prisgitt skuleeigar si tolking av kva som er best for individ og samfunn?

1.2 Min bakgrunn for å meine noko om kvifor samarbeid mellom skule og næringsliv er viktig.

Etter at eg tok gymnaset i 1984, er eg utdanna dame- og herre frisør og har arbeid nokre år som svein på ulike arbeidsplassar. Sidan 1994 har eg drive eiga næring der eg framleis sel parykkar og tupear i liten målestokk. Året etter vart eg tilsett ved Stord vidaregåande skule i vg2 frisørfag. Eg har i mange år vore aktiv i Det Norske Frisørlærer forbund (DNF), derav 2 år som styremedlem og 4 år som leiar. I dette arbeidet er eg blitt ein del av eit stort fagleg nettverk blant ulike personar og organisasjonar som alle arbeider for å fremma frisørutdanning og frisørfaget sine interesser og eigenart, både nasjonalt og internasjonalt. Eg har vore aktiv medspelar gjennom DNF, for å sikre framleis god kvalitet på frisøropplæringa, og har opplevd arbeidet som nyttig og meningsfullt både for meg sjølv og for faget. Ut frå den erfaringa, ynskjer eg å bruka masteroppgåva mi som ein reiskap til å dokumentera og vidareutvikla kvaliteten på frisøropplæringa i Sunnhordland, der eg høyrer heime. Målet er å gjera ein del erfaringar som kan overførast til andre delar av landet og for andre yrkesområde, dersom konklusjonen vert av felles interesse.

Det er også relevant å nemna at eg i 2008/ 09 arbeider med å koordinera vurdering av realkompetanse for vaksne elevar over 25 år. Gjennom det arbeidet har eg fått innsyn i ulike fag sine problemstillingar rundt yrkesopplæring etter nye læreplanar, der kompetansemåla femner om fleire fag. Eg har sett at det ikkje alltid er samsvar mellom intensjonen i læreplanen om relevans, mening og medverking for den enkelte, skule og samfunn, og måten opplæringa fungerer på. Etter mitt syn, er ikkje alle tolkingar av læreplanar på ulike vidaregåande skular like funksjonelle. Noko kan bera meir preg av å vera ei praktisk løysing, enn av å gje elevar og samfunn/ yrke føresetnad til å utvikla seg, og mulighet for relevans, mening og medverking. Med det meiner eg at tolkinga av læreplanar spriker veldig. Den største uklarheita er kanskje at ein del tolkar tilbodet i vg1 som eit år med omfattande yrkesorientering i alle yrker i utdanningsprogrammet. Andre legg inn yrkesorientering i dei faga skulen sjølv kan tilby på vg2. Ei tredje tolking er at elevane får fordjupa seg i det yrket dei er interessert i, særleg gjennom arbeidslivspraksis. Slik eg ser det og slik Høgskulen i Akershus formidlar meningsfull og relevant undervising med mulighet for medverking, er det den siste varianten som gjev elevane opplæring i trå med intensjonen i kunnskapsløftet. Dette gjev oss utfordringar i å få til eit konstruktivt samarbeid mellom skule og næringsliv både på nasjonalt nivå i organisasjonsarbeid, og på lokalt nivå, med fysiske møter og eit praktisk samarbeid, slik eg har prøvd å få til gjennom dette prosjektet.

Frå min ståstad, ser det ut som det hastar å få til ein god dialog mellom skule og bedrift no i startfasen når kunnskapsreforma er innført, for å få innspel til gode løysingar for å sikre fagleg kvalitet både i opplæringa i bedrift og i skule. Dersom ein er på eit "feilspor" i startfasen, trur eg fort dette vert ein norm og vanskelegare å rette på i ettertid. Det vert å handla etter "føre- var" prinsippet. For frisørfag finns det allereie fleire gode nettverk både i regi av Norges frisørmeister forbund (NFF) og Det norske frisørlærer forbund (DNF) , som arbeider med utvikling av frisørfag. I tillegg vert det gjort arbeid innan FOU i dei ulike fylkeskommunane. I mitt daglege arbeid i skulen, ser eg behov for meir samkjøring mellom arbeida som vert gjort på dei ulike arenaene. Eg vil difor bruka masteroppgåva mi på å få til eit samarbeidsfora i mitt lokale miljø i Sunnhordland, der alle involverte partar kan ha mulighet til å påverke saman. På denne måten kan ein samkjøre arbeidet mot eit felles mål om å utvikle frisørfaget i Norge, i trå med kunnskapsløftet.

Eg er også oppteken av kvinnepolitikk i organisasjonar og i utvikling. Eg tek ikkje dette direkte opp her, men mykje av det eg har arbeidd med tidlegare, er eit resultat av mitt engasjement for å styrkja kvinner sine karriere muligheter og ynskje om å vera med å heva statusen på tradisjonelle kvinneyrke i vårt samfunn.

1.3 Kven er elevane som vel å bli frisør?

Sett med bransjen sine auge, vil eg beskriva den ideelle eleven som motivert, arbeidsvillig, høfleg, med gode samarbeidsevner, og høg etisk standard (er påliteleg og arbeider ikkje svart). Den ideelle elev og arbeidstakar kjenner krava til HMS og er villig til å gjera ein ekstra innsats, tek initiativ til å oppgradera seg fagleg med kurs og deltek på show og andre arrangement for å profilera bedrifta. Meiner bransjen det er slik arbeidskraft me "produserer" i offentleg norsk skule gjennom Vg1 og Vg2? Direktør i NFF, Olav Eikemo, hevdar at lærebedriftene selekterer ganske hardt, slik at dei som til slutt får læreplass, faktisk oppfyller desse forventningane nokolunde. Problemet er dei 30-40% eller meir, som fell frå i vidaregåande skule, og dei ytterlige opptil 50% igjen verande, som likevel ikkje får læreplass, fordi dei har for mykje fråver, har stroke i fag eller liknande (St. meld. 31. 2007-08).

Etter ei spørjeundersøking i eigen klasse skuleåret 2007/08 og 08/09, fann eg at dei elevane som starta Vg2 hos oss, alle hadde bestemt seg for å bli frisør alt på barne- og ungdomsskulen. Ingen av jentene (for det er berre jenter,) hadde fått frisørfagleg opplæring på Vg1. Dei hadde delvis fått observasjon i frisørsalong, avhengig av kva skule dei kom frå. Kvar er så gutane og kvar er dei som i løpet av Vg1 skulle få yrkesorientering slik at dei var blitt motivert til ein karriere innan frisørfag? Slik eg ser

det, viser dette eit behov for å få til eit betre samarbeid mellom skule og frisørbedrifter i Sunnhordland, slik at ein er sikra ei rekruttering til frisørfaget, som er i trå med det arbeidsmarknaden har behov for.

For å få motiverte elevar, vil me vera avhengig av motiverte lærarar som brenn for faget og som profilerer faget på ein positiv måte. Me treng lærarar som har eit breitt nettverk i frisørbransjen, som dei kan disponere i undervisningssamanheng. Klarer me det fult ut også i Vg1? Då er me avhengig av eit godt samarbeid mellom skule og frisørbedrifter i Sunnhordland.

Elevar som vel å bli frisør i offentleg skule, deltek også i undervising i allmenne fag. Pisa undersøkingar viser ein tendens til at "yrkesskuleelvar" ofte har betre resultat i yrkesfag enn i allmennfag. Fortel slike resultat om eleven sin intelligens, eller seier det noko om korleis allmennfag manglar relevans og meining for dei elevane som alt har valt eit yrke?

Ein kan heller ikkje oversjå tendensen til at det er overvekt av elevar med relativt lav poengsum frå ungdomsskulen, som velgjer yrkesfagleg studieretning. Enkelte som vil bli frisør kjem ikkje inn på første valet sitt i offentleg skule og vel å venta nokre år, for deretter å gå vegen via privatskule og privatist ordninga.

"Regjeringa har innskjerpet muligheten for private videregående skoler, med den konsekvens at privatskolene ikke lenger blir godkjent i lånekassen. De private skolene er i flere fylker bl.a. i Oslo, den viktigste rekrutteringsbasen for bransjen. Det er derfor av bransjemessig stor verdi at disse får en avklart situasjon, ikke minst i en tid med stor kamp om arbeidskraften. Saken følges opp gjennom NHO-håndverk" (NFF sin årsrapport for 2007). Kva gjer desse skulane så aktuelle for bransjen? Kvifor er dei i følgje NFF viktigaste rekrutteringsbase til bransjen i bl.a. Oslo? Er ansvarlege for offentleg skule klar over denne situasjonen? Er det i så fall noko som vert gjort, eller kan gjerast for at offentleg skule vinn terreng hos frisørbransjen? Slik eg kjenner bransjen er kanskje nettopp viktigaste forskjellen at i private skular underviser lærarar som i større grad er ein del av produksjonen i ein frisørsalong deler av arbeidstida si. Dette vil i deira tilfelle vera med å sikre linken mellom skule og bedrift. I offentleg skule er arbeidsvilkåra ofte slik at ein arbeider fulltid med undervising. Dette gjer at offentleg skule må ha stort fokus på å få til konstruktivt samarbeid med bedrifter for å bevare dialogen med næringslivet.

1.4 Om læringsstilar, læringsstrategiar og yrkesretting av fellesfag

Arne N. Jordet har skreve ei doktoravhandling om pedagogisk ide som har endra seg gjennom store deler av 1900 talet frå å vera formidlingsorientert til å bli aktivitetsorientert (Jordet 2007). Han peikar på at dette har fått konsekvensar for lærarutdanninga og hevdar at det ikkje er samsvar mellom "papirversjonen" i lærarutdanninga og forventningane til læraren om å operera i ein skule, som skal "førebu levande menneske for det verkelege liv". (Dagbladet 12.10.07). Kan dette være situasjonen i vidaregåande skule også? Er lærarane i vidaregåande skule kompetent til å undervise i fleire former enn i tradisjonell formidlingspedagogikk? Kjenner lærarane til kunnskap om eleven sine ulike læringsstilar (Dunn og Dunn 2003) og at elevane faktisk må få stoffet repetert på ulike måtar for å memorere best mulig? (Krantz 2007)

"Kompetanse krev kunnskapar om løysing, formidling vert difor vanskeleg som hovudform" (Sund 2007). Dette må få konsekvens for tverrfagleg samarbeid i skulen og for yrkesretting og formidling av fellesfag.

Har fylkeskommunen som skuleeigar innsyn i- og forventningar til yrkesretting av fellesfag på sine vidaregåande skular, eller er slik profesjonsretting av fellesfag opp til den einskilde lærar som underviser? I fylgje hovudoppgåva til Ann Lisa Sylte, er slik profesjonsretting lite gjennomført i lærarutdanninga, noko som gjev grunnlag for å tru at lærarane i vidaregåande skule i liten grad har fått opplæring i å yrkesretta fellesfaga (Sylte 04).

"Utvikling av elevenes læringsstrategier må også bli en integrert del av opplæringen i grunnleggende ferdigheter og fag. Læringsstrategier defineres som evne til å organisere og regulere egen læring, kunne anvende tid effektivt, kunne løse problemer, planlegge, gjennomføre, evaluere, reflektere og erverve ny kunnskap og viten, og kunne tilpasse og anvende dette i nye situasjoner i utdanning, arbeid og fritid. Dette er vesentlig i arbeidet med å legge til rette for livslang læring" (st. meld 30 kap 4.4).

Slike problemstillingar er ei utfordring også for elevar som får si undervising i frisørfag i offentleg skule. Taper frisøreleven motivasjon når dei deltek i undervisningssituasjonar utan yrkesforankring? Er dette ei problemstilling privatskulen slepp, nettopp fordi dei ikkje tilbyr fellesfag og difor kan framstå som meir motiverande for elevane sine? Dette kan vera eksempel på tema som kan vera naturleg å diskutera i eit samarbeidsfora mellom skule og frisørbedrifter.

1.5 Behovet for å utvikle funksjonelle samarbeid mellom skule og frisørbedrift

Slik eg ser det, er frisørbransjen premissleverandør for det yrkesfaglege innhaldet i frisørutdanninga, også i offentleg skule.

I fylgje NFF sitt verdigrunnlag (2005 – 07) skal frisørbransjen vera modige, endringsvillige, engasjerte og sjenerøse. NFF sitt viktigaste arbeidsområde i perioden 2005-07 har vore organisasjonsutvikling, næringspolitikk, **kompetansepolitikk** og medlemstenester og produkt.

Har den lokale skule dialog/ møter med den lokale bransjen? Finns det fora for samarbeid mellom rådgjevartenesta, faglærarar, elev og frisørbedrifter? Kven sitt ansvar er det å få dette til? Eit tett samarbeid, vil etter mitt syn, ha relevans for den enkelte bransje og for eleven, som vil utdanna seg til handverkar. Eg trur også eit godt samarbeid mellom skule og NFF/ dei lokale lauga, vil ha noko å sei for å få rekruttert elevar som frisørbransjen har bruk for og som vil trivast i frisørfaget. Kven er det som informerer ved yrkesorientering? Er det rådgjevar eller bransjen? Dette er ei viktig problemstilling, når ein veit at frisørfag slit med å få rekruttert nok arbeidskraft. Eg trur fagfolk har betre føresetnad til å motivera ungdom til yrkesfag enn skulen sine rådgjevarar kan. Det vil vera enklare for fagfolk å svara direkte på spørsmål om yrket frå elevar. Eg trur også å fortelja om personlege erfaringar ved yrke er meir truverdige, enn tørre tal og fakta.

Eg har kjennskap til at det er vanleg å bruka www.vilbli.no og tilsvarende testar i programfag til val i ungdomsskulen. Er slike testar bygd på eit syn om at alle yrke er likeverdige, eller kan slike testar vera med å underbyggja gamle førestellingar som tradisjonelt har diskriminert handverksfag? Så langt eg har sett, vert ikkje elevar med gode karakterar på ungdomsskulen først og fremst anbefalt å velja handverksfag gjennom ulike interessetestar og i dialog med rådgjevartenesta. Dersom det stemmer, syns eg det er betekeleg på handverksfag sine vegne. Det er etter kvart høge forventningar frå kunden til levering av varer og tenester og det krev arbeidskraft som har høg kompetanse innan sitt fagfelt. Etter mitt syn er det behov for ein tettare dialog mellom skule og bedrifter for at skulen skal vera oppdatert på det som er behovet i næringslivet til ei kvar tid. Dette samarbeidet ynskjer me å ta tak i gjennom dette prosjektet på vegne av frisørfag i Sunnhordland.

Frisørbransjen uttrykker veldig tydelig i strategiplanen sin, at dei har behov for elevar som har sosial kompetanse og yrkesetisk kompetanse (her: normal folkeskikk). Når denne budskapen elevane som vil bli frisør?

Kunnskapsløftet føreset eit samarbeid mellom bransje og skule (St. Meld 30 (2003-04)) Kanskje eit samarbeidsfora vil vera nyttig i arbeidet med å kvalitetssikre utdanninga også i den forstand at løpet vert meir gjennomslutning og at ein på den måten vil oppleve eit kollektivt ansvar i alle ledd av opplæringa. Bransje, skule, fagopplæringskontor o.a. får muligheit å gje tilbakemelding til kvarandre og sikre felles forståing og felles mål med arbeidet som vert gjort for eleven/ lærlingen i den einstilte fylkeskommune. Målet må vera å få rekruttere arbeidskraft som samfunnet og ulike yrkesområde er tent med og gje eleven muligheit til eit yrkesval som har meining og relevans for den enkelte .

1.6 Presentasjon av problemstilling

For å kunna gje god opplæring til frisørelev og lærlingar, og bidra til god rekruttering og utviklinga av frisørutdanninga og frisørfaget, ser eg behovet for å forska på dette temaet. Eg vil først sjå kva kunnskapsreforma seier om samarbeid mellom dei ulike partane i opplæringslaupet, så vil eg finne ut kven som er partar i Sunnhordland og deretter invitera desse til felles dugnad for frisørfaget i Sunnhordland. Dette vert gjort i eit utviklingsprosjekt/ ei aksjonsforskning, der målet er å etablere eit fagleg nettverk, som kan fortsetja sin aktivitet også etter at mitt prosjekt er avslutta.

Eg gjer ikkje noko forprosjekt for å sjå om det er behov for eit slikt samarbeid, sidan min studiekollega, Åse Bruvik allereie har fått bekrefta at frisøropplæringsbedriftene i distriktet, som er utan både laug og opplæringsring, etterspør tettare samarbeid med aktuelle partar. (Bruvik 2006)

Problemstillinga vert: "Korleis få til ein modell for eit konstruktivt og funksjonelt samarbeid mellom skule og bedrift?"

Aksjonsforskninga vert avgrensa til å gjelde Sunnhordland. Eg ser både på det organisatoriske ved det å etablere eit samarbeid mellom skule og bedrift og på problemstillingar som vert diskutert i samarbeidsforaet, for å kunna vurdere om samarbeidet har nådd målsettinga om å bidra til å auka kvaliteten på frisøropplæringa etter at kompetansereforma vart innført.

1.7 Kort presentasjon av oppgåva sine hovudpunkt

I dette kapitlet har eg forklart kvifor eg finn det nødvendig og meningsfullt å arbeida for å utvikla samarbeidet mellom skule og næringsliv på vegne av frisørutdanninga i Norge. Eg prøver å skissere kven som er aktørar i eit samarbeid mellom skule og bedrift og kva nettverk som kan byggjast for å utvikle faget. Eg presenterer problemstillinga og dei overordna måla for prosjektet. Det viser seg at mykje godt arbeid alt vert gjort, men

at eksisterande nettverk kan sjå ut til å arbeida innanfor sine område. Det vil sei at bransjen har nettverk innanfor bransjen og skulen arbeider innanfor sine nettverk i skulen. Det er difor naudsynt med ein felles arena der alle gode tankar kan sameinast om felles mål: styrka opplæring for frisørfaget.

I neste kapittel tek eg med prosjektplanen for arbeidet. Den er utvikla etter prosjektleiarprosessen, også kalla PLP- metoden. Eg fekk god hjelp av Sunnhordland næringsråd sin tilsett med å setje opp planen. Den har eit fast oppsett som eg har overført til mitt prosjekt. Prosjektplanen var opphavleg skreve punktvis, men er i kap 2 omgjort til beskrivande tekst.

I kapittel 3 ser eg på læreplanen og andre grunnlagsdokument, som kan ha noko å sei for samarbeid mellom skule og næringsliv.

I kapittel 4 viser eg til yrkesdidaktikk og teoretisk dokumentasjon, som set fokus på samarbeid mellom skule og næringsliv.

Kapittel 5 viser eg til korleis aksjonsforskning er brukt i mitt prosjekt. Eg fortel kven som er med og kva oppgåve dei har hatt. Eg kjem også inn på organisasjonsutvikling og seier noko om det praktiske og mellommenneskelege rundt det å etablere eit samarbeid.

I kapittel 6 fortel eg kva metodar eg har brukt for å finna svar på problemstillinga mi og kva data som ligg til grunn for dei funna som er gjorde.

Kapittel 7 handlar om det som faktisk har skjedd i prosjektet. Eg presenterer hendinga i kronologisk rekkefylgje og viser kva som er den hermenautiske læringsspiralen i arbeidet. Oppgåva vil på denne måten bera preg av å handla både om organisasjonsutvikling og om yrkesdidaktikk.

Kapittel 8 er det avsluttande kapitelet, der eg drøftar kva resultatata fortel om å etablere samarbeid mellom skole og bedrift, og om eg har nådd målet med å bidra til å heva kvaliteten på frisøropplæringa i Sunnhordland.

Prosjektet er knytt opp under høgskulen i Akershus (HIAK) sitt KIP-AF prosjekt. KIP- AF prosjektet er ein del av forskingsprosjektet Yrkesdidaktisk kunnskapsutvikling og implementering av læreplanar gjennom aksjonsforskning, som er støtta av Norges Forskningsråd og knytt til programmet Praksisretta FoU i grunnopplæring og lærarutdanning. Det betyr at problemstillinga mi vert drøfta i ein større samanheng, der målsettinga er auka kunnskap rundt implementering av læreplanar i kunnskapsløftet.

Hordaland fylkeskommune har gitt økonomisk støtte til prosjektet (Vedlegg1).

2 Prosjektplan for aksjonsforskning 2008-09: "Samarbeid mellom frisørbedrifter og skular i Sunnhordland"

I prosjektplanen har eg tydeleggjort kva roller som skal fyllast i prosjektet. Prosjektet har eigar, leiar, prosjektgruppe, referansegruppe og inviterer til møteaktivitet, som skal knyta saman alle som er involvert i frisør opplæring i Sunnhordland.

Prosjektplanen er utarbeida med rettleiing frå Sunnhordland næringsutvikling , SNU A/S (Innovasjon Norge u.å.).

2.1. Mål og rammer

2.1.1 Bakgrunn

Då kompetanse reforma vart innført, såg mange av oss dette som ein mulighet til å realisera ei 4 - årig vidaregåande utdanning med frisørfagleg opplæring med relevans og meining gjennom alle fire åra, både i skule og i bedrift. Utdanninga hadde sidan reform – 94 vore fireårig, men bransjen hevda at det første året med formgjeving, var for generelt og lite knytt til oppgåver og øvingar som hadde relevans og meining for frisørfaget. Bransjen uttrykker at dei har behov for ein tettare dialog med skulen, for å få til ei best mogeleg opplæring på alle nivå. Dette vil sikre eit betre samspel bl.a. i PTF både for vg1 og vg2. (Bruvik 2007)

I tillegg til eleven sitt individuelle behov og bransjen sitt kompetansebehov, er elevane på vidaregåande skule også i ei opplæring som skal dekke samfunnet sitt kompetansebehov. Den nye læreplanen uttrykker forventningar om at eleven skal ha kompetanse innan å lesa, skriva, rekna, og å bruka digitale verktøy. Desse faga skal vera yrkesretta, slik at dei gjev relevans og meining for eleven som alt har valt bransje. Prosjektet er meint å kunna gje svar på eindel problemstillingar og vera eit hjelpemiddel for bransjen til ein tettare dialog med skulen, for å sikra relevans og meining for elev, skule, bedrift og samfunn i frisør opplæringa.

2.1.2 Prosjekt mål

Prosjektet sitt overordna mål er intensjonen i kunnskapsløftet om relevans og meining for elev, skule/ bedrift og samfunn, for å betra yrkesopplæringa i Noreg. Dette kan me klare ved å sikre fagleg kvalitet i frisør opplæringa i alle ledd, slik at det norske sveinebrevet framleis er på nivå med t.d. Eu-sertifikatet, også etter kompetansereforma.

Eit steg på vegen, er å få til eit konstruktivt og funksjonelt samarbeid mellom skule og frisørbedrifter i Sunnhordland. Dersom prosjektet lukkast, kan det brukast som eksempel for andre regionar som arbeider med frisør opplæring.

Delmål:

- Prosjektet skal etablere ein arena for samarbeid mellom skule og frisørbedrifter i Sunnhordland.
- Bransjen må få bli tydeleg premissleverandør for det som skjer av frisør opplæring på vg1 og vg2, særleg i faget prosjekt til fordjuping.
- Skulen må tilføra bedriftene arbeidskraft som er relevant for yrket.
- Fellesfag må ha relevans og mening for den enkelte elev, for yrkesvalet eleven har gjort og for samfunnet yrket skal utførast i (dvs. yrkesretting av fellesfag) .

2.1.3 Rammer

Stord vidaregåande skule ved rektor vil stå som eigar av prosjektet.

Prosjektet skal dokumenterast i ei masteroppgåva i yrkespedagogikk på høgskulen i Akershus, som skal leverast i mai 2009. Prosjektet legg opp til 4 samlingar for alle involverte partar i tillegg til 4 samlingar med forarbeid for prosjektgruppa.

Kostnadsramma er ikkje sett, for prosjektet er i utgangspunktet utan eigne midlar. Ein vil trekkja inn ressurspersonar etter ynskje frå medlemmene, dersom det let seg gjennomføra.

2.2. Omfang

Prosjektleder tek kontakt med aktuelle partar og etablerer ei prosjektgruppa. Denne gruppa får ansvar for å kalla inn til møte mellom frisørbedrifter og skule. Prosjektgruppa set opp agenda og avgjer om det skal inviterast eksterne deltakarar til møtet. Møta vert halde på Stord vidaregåande skule, om ikkje anna er avtala. Det vert opp til deltakarane å setja dagsorden. Det er viktig at både skulane og frisørbedriftene får sine saker diskutert på møta. Siste møtet i prosjektperioden vert halde i mars 2009. På dette møtet vert det bestemt om samarbeidet skal fortsetja, kva omfang det skal ha og kven som vert med i prosjektgruppa vidare.

2.3 Organisering

2.3.1 Prosjektleiing

Prosjektleiinga består av rektor ved Stord vidaregåande, som prosjektansvarleg (PA) og Janne H Kleppe som prosjektleiar (PL). PL skal etablere kontakt med aktuelle personar, som sikrar framdrifta i prosjektet. Desse personane er ressurspersonar innan feltet og vil verta nytta som referansegruppe.

Desse er:

- Olav Eikemo, direktør i Norges Frisørmeisterforbund (NFF)
- Jon Petter Ambak, president i NFF fram til 2007 og norsk representant i arbeidet med EU- sertifikatet og internasjonalt arbeid for frisørfag
- Lise Ramsøy, Styremedlem i NFF med ansvar for opplæring
- Edel Teige, Oldermann i Bergen og omegn frisørlaug
- Harry Bjerkeng, Direktør i NHO-handverk
- Jostein Sydnes, foretningsutviklar i Sunnhordland nærings utvikling A.S. (SNU)
- I tillegg er Hilde Himm rettleiar for Janne H Kleppe under arbeidet med masteroppgåva

Det er også oppretta ei prosjektgruppe, som består av:

- Hanne Salomonsen Strand, medeigar i Atelieet frisørsalong på Stord og medlem av prøvenemnda
- Stine Sortland, dagleg leiar for Spirit Frisør på Bømlo
- Janita Kvernenes Steensohn, dagleg leiar for Spagetti på Stord
- Marie Espedalen, lærling hos Spagetti på Stord
- Marthe Fotland, elev ved Stord vidaregåande skule 2007/ -08, deretter lærling
- PL er også med i prosjektgruppa

Prosjektgruppa arbeider tett med prosjektleiar om innhald og gjennomføring av dei ulike møta mellom skule og frisørbedrifter.

2.4 Beslutningspunkt, oppfølging og milepålar

2.4.1 Krav til beslutningspunkt

Prosjekt start er 3. mars 2008. Det skal heldast eit samarbeidsmøte i mars, mai og oktober 2008. Prosjektet skal avsluttast i mars 2009. Dette vert eit evalueringsmøte for alle involverte partar.

Samarbeidet mellom skule og bedrift er forankra i kunnskapsdepartementet sine læreplanar. Samarbeidet vil difor vera styrt av forskrifter, lover og reglar. Avgjerder kan likevel bli teken innan slike rammer, eller når ein ser at styringsdokumenta ikkje er i trå med det lokale næringsliv og skule sine behov. Det skal førast møtereferat frå all aktivitet i samarbeidsforaet. Desse skal formidlast teneste vei i fylkeskommunen og til alle arbeidsgjevarar som har interesse for samarbeidet mellom skule og frisørbedrifter.

Prosjektgruppa legg fram saker for dei involverte i fellesmøte. Når viktige saker skal handsamast, må minimum to frå prosjektgruppa og prosjekt leiar delta, samt minimum 10% frå dei som til ei kvar tid får innkalling, før ein kan fatta vedtak.

2.4.2 Krav til statusmøte

Det vert regelmessige prosjekt møter i forkant før kvart møte mellom skule og frisørbedrifter.

Krav til rapportering:

Referata skal vera korte, presise og rett på sak. Innhald konsentrerer seg om følgjande:

- Status i forhold til planlagde aktivitetar og framdrift, identifisere avvik, vurdering av kritiske suksessfaktorar.
- Forslag og korrigerande tiltak.
- Forventa måloppnåing.

Prosjektgruppa sine deltakarar og PL skriv også kvar sin logg frå dei ulike møta. Desse skal brukast til å dokumentera prosessen i aksjonsforskinga.

2.4.3 Milepålar

Det skal utarbeidast liste over viktige milepålar med dato og namn på hendingar. Desse er sett opp i ein tabell slik:

	Mars 08	Mai 08	Okt. 08	Mars 09
Oppstart prosjektgruppe	→			
Oppstart samarbeidsfora	→			
Innspel for opplæringsåret 2008/09	→			
Justering av innkomne forslag			→	
Evaluering av prosjektet/vegen vidare				→

2.5 Risikoanalyse og kvalitetssikring

2.5.1 Kritiske suksessfaktorar

Det kan bli ei utfordring å få folk til å setje av tid til samarbeidet. Behovet kan sprika mellom skule og bedrift. Samarbeidsprosjektet er priggitt god kommunikasjon mellom partane. Gjensidig vilje hos alle involverte, som kan påverke opplærings situasjonen for frisørelevar. Det må definerast **felles** mål. Dei samarbeidande må sjå Sunnhordlandsregionen i nasjonal/ internasjonal samanheng.

2.5.2 Kvalitetssikring

Som et minimum vil kvalitetssikring skje gjennom bruk av ordinær prosjektoppfølgning med prosjektansvarleg og prosjektleiar.

Arbeidet vil bli kvalitetssikra av referansegruppa og Hilde Hiim.

Prosjektleiar vil i den grad det let seg gjera, bruka eksterne ressurspersonar dersom det vert behov for å redusera kritiske suksessfaktorar.

2.6 Gjennomføringsplan

2.6.1 Hovudaktivitetar

Hovedaktivitet		Viktige oppgåver	Resultat
HA 1	Planlegge, organisere og følgje opp prosjektet	Utarbeide prosjektplan og sikre finansiering Rapportera, leia og kvalitetssikra arbeidet	Prosjektet gjennomført i tråd med prosjektplan og resultat levert prosjekteigar
HA 2	Marknadsføring av prosjektet.	Få omtale i lokalavisa. Gjere prosjektet kjent for aktuelle partar i fylkeskommunen og i frisørmarknaden. Annonsera alle møta godt.	Få flest mogeleg med. Aksjonsforskningsprosjektet får flest mulig "røyster", som har uttalt seg og påverka utviklinga i frisør opplæringa. Meir relevans for andre yrke, dess fleire me får med.
HA 3	Førebu til møte mellom skule/ næringsliv	Få oversikt over det som rører seg av aktuelle problemstillingar, som er interessante og nyttige å ta opp på fellesmøte. Skrive referat og følgje opp sakene som vert behandla.	PL og prosjektgruppa kjem med innspel til tema og set opp sakliste og agenda for møta.
HA 4	Gjennomføre møte mellom skule og frisørbedrifter	Annonsera møta tydeleg for alle aktuelle partar. Få fram flest mulig synspunkt og innspel til løysingar ved at møtedeltakarane vert deltakande.	Møta er meningsfulle og interessante for deltakarane, slik at flest mogeleg vert motivert til å delta.
HA 5	Skrive logg	PL og prosjektgruppa skriv logg frå alle møter og aktivitetar som har med samarbeidet å gjera.	Loggane ligg som prosessdokumentasjon til prosjektrapporten og masteroppgåva.
HA 6	Evaluering	Samanfatte synspunkt og aktivitetane frå møta i rapport	Rapport som vert formidla til fylkeskommunen, SNU, NFF, DNF og NHO-hanverk.
HA 7	Skrive masteroppgåve om samarbeid mellom skule og frisørbedrifter i Sunnhordland	Levera masteroppgåva og rapport frå samarbeidet	Arbeidet kan ha overføringsverdi til andre fylkeskommunar og andre fagområde.
SUM TIMAR			263 + timar til å skriva masteroppgåva.

2.6.2 Tids og ressursplan

Tids og ressursplanen viser dei sju hovudaktivitetane sett i system gjennom prosjekt perioden frå mars 2008 til mars 2009. Den viser også kven som er ansvarleg for den enkelte aktiviteten og kor stor tidsressurs som er forventa å bli brukt. Ein ser at marknadsføring og førebuing til møte mellom skule og bedrift er planlagt å skje omlag to veker før kvart felles møte. Det er planlagt at det skal skrivastlogg etter både prosjektmøte og fellesmøte. Tids og ressursplanen viser også at ein skal samanfatta synspunkta frå møta og at desse skal liggje til grunn for rapporten som skal skrivast i etterkant av prosjektet. Planen viser at arbeidet skal munne ut i ei masteroppgåve som skal leverast i mai 2009 og at dette arbeidet byggjer på eindel samlingar på høgskulen i Akershus gjennom perioden. Det er også teke høgde for uforutsette hendingar med inntil ti timar.

2.7 Kostnader

Det er ikkje sett av midlar til prosjektet annan enn at Stord vidaregåande skule dekker kostnader til servering ved fellesarrangement og dekker annonser i lokalbladet.

2.8 Kontraktar og avtalar

Ut frå prosjektet sin art, er det ikkje behov for å inngå kontraktar eller andre former for bindande avtalar.

2.9 Sluttrapport/ oppsummering

Sluttrapporten er den "administrative avkviktering" for prosjektfasen og skal innehalde:

- Vurdering av fasens måloppnåing.
- Gjennomføring i forhold til prosjektplan (hovudaktivitetar og framdrift)
- Prosjektorganisering og ressursdisponering. Har det fungert?
- Kostnader og finansiering (prosjektregnskap)
- Viktige erfaringar.
- Ved forslag til vidareføring skal skisse/ utkast til prosjektspesifikasjon og eventuelt prosjektplan leggast ved.

2.10 Nytten av prosjektplanen i prosjektperioden

Prosjektplanen vart eit godt reiskap i gjennomføringa av prosjektet. Det var nyttig å ha eit formular som viste tid og opplegg undervegs. Målet var at alle involverte kunne gjera seg kjent med prosjektplanen i førekant og skulle ha muligheit til å få eit eigarforhold til ideen om eit tettare samarbeid mellom skule og frisørbedrifter i Sunnhordland. Dette gjorde det enklare å kalla inn til møte og var lett å bruka som grunngjeving og dokumentasjon på kvifor og kva som skulle gjerast. Det var også avgjerande dokumentasjon då eg søkte midlar frå fylkeskommunen til prosjektet. Prosjektplanen har vore nyttig å visa til når eg har fortalt andre om kva som er gjennomført i samarbeidsperioden. Eg brukte den også overfor referansegruppa for å visa kva som var mitt hovud fokus i arbeidet med å etablere samarbeid mellom skule og frisørbedrifter i Sunnhordland.

3 Føringer frå utdanningsdirektoratet og departementet om samarbeid mellom skule og bedrift

I dette kapitlet ser eg på samarbeid mellom skule og næringsliv i lys av grunnlagsdokument frå stortinget og utdanningsdirektoratet.

Då kunnskapsreforma vart innført, vart det diskutert fleire modellar for vidaregåande opplæring i yrkesfag. Ein kunne vidareføre 2+2 modellen frå reform -94, med to års utdanning i skule og to års læretid i bedrift, før ein avla fag-/ sveineprøve. Ein kunne også ha valt ei liknande ordning som den svenske, med all opplæring i skule, der ein har implementert arbeidspraksis i bedrift med aukande mengde det andre og tredje året. Til saman 15 veker i frisørsalong. Dei svenske elevane får også studiekompetanse etter desse tre åra.

Det vart også diskutert ei norsk ordning der yrkesfagelevar får studiekompetanse etter fire års utdanning. Enkelte tok til orde for ei meir fleksibel løysing mellom utdanning i skule og bedrift enn den såkalla 2+2 modellen. Slike diskusjonar vert avgjort på politisk nivå, der økonomi og politiske tradisjonar og syn på likskapstanken kontra individretta opplæring veg tungt. Norge hadde ei borgarleg regjering, med Kristin Klement i spissen for utdanningspolitiske spørsmål, mens debatten på gjekk. Då endeleg vedtak skulle i verk setjast, var regjeringa sosialistisk. Dette kan ha påverka prioriteringar som gav yrkesfag ein ny 2+2 modell, men framleis utan rett til studiekompetanse, med mindre elevane tek eit år påbygg med fellesfag.

Når eg les Telhaug, ser det ut som me har hatt det ein kan kalla eit dogmeskifte innan utdanningspolitikk med kunnskapsreforma. Han viser i boka " Kunnskapsløftet", korleis norsk utdanningspolitikk har beveget seg frå fellesskolen, med like rettar for alle og mål om å byggja opp att landet etter andre verdskrig, til vår tid med strekt fokus på enkeltindivid og individuelle rettar, ynskjer og behov (Telhaug 2005).

Denne individ rettinga finn me igjen i kunnskapsreforma med mål om relevans og meining for den enkelte, skulen og for samfunnet. Det er i denne interesse settinga ein får auka fokus for behov for samarbeid mellom skule og bedrift for dei ulike yrka. For at omgrepa interesse, relevans og meining skal verta teken på alvor for både elevar, utdanningsinstitusjon og yrke, føreset det eit samarbeid mellom partane, etter mitt skjønn. For at yrka skal kunna formidla det som er relevant og meiningsfull kunnskap i ein arbeidsmarknad med høgt utviklingstempo, må det vera lett tilgjengelege kommunikasjonskanalar til slik bruk i eit kvart utdannings samfunn på lokalt nivå, så vel

som på regionalt nivå. Slike kanalar vert også heilt naudsynte for å oppnå samarbeid mellom skule og bedrift, særleg i faget prosjekt til fordjuping. Målet er at opplæringa skal vera relevant og verkeleg i eit autentisk arbeids miljø. Det føreset ein funksjonell kommunikasjonskanal eller samarbeidsarena mellom skule og næringsliv.

I dette kapitelet vil eg forankra tanken om samarbeid mellom skule og bedrift i grunnlagsdokumenta for vidaregåande opplæring i Norge.

3.1 St. meld nr. 30 "Kultur for læring" (2003- 2004) om samarbeid mellom skule og bedrift

Reform -94 vart evaluert i eit tre årig prosjekt kalla Differensieringsprosjektet. Det vart funne at kvaliteten i grunnopplæringa ikkje var tilfredstillande sett med norske auge. Dette danna grunnlaget for at Kvalitetsutvalet vart nedsett i 2001 og kom med ei utgreiing som danna grunnlag for St. meld. nr 30, Kultur for læring. (2003-2004).

St.meld. 30 er kanskje det viktigaste dokumentet, som legg føringar for kva som er vorte innhaldet i kunnskapsreforma. Den innleiar ambisiøst med å sei at Noreg har gode føresetnader for å skapa verdens beste skule. Likevel har skulen svakheiter og ein kan blant anna ikkje sjå at målet om individuelt tilpassa opplæring er nådd. Svak gjennomføring av opplæring i vidaregåande skule, som skuldast blant anna sosiale tilhøve, er også ei utfordring.

St.meld. 30 brukar omgrepet opplæring for å illustrere at grunnopplæringa i Noreg består av både skule og opplæring i bedrift.

"Den viktigaste innsatsfaktoren i arbeidslivet er kompetanse. Læring skjer på mange arenaer, og det blir viktig å skape et godt grunnlag for livslang læring. Det skaper behov for å justere forventningene til den faglige bredden i grunnopplæringen og øker forventningene til skolen som arena for tilegnelse av grunnleggende ferdigheter" Kap.

3). Departementet definerer grunnleggande ferdigheiter som å kunna uttrykka seg munnleg, å kunna lesa, å kunna uttrykka seg skriftleg, å kunna rekna og å kunna bruka digitale verktøy. Desse ferdigheitene skal integrerast i alt som eleven lærer på skulen og i bedrift. Det gjer det naudsynt å samkjøra metodar i bedrift og skule, slik at ein har felles forståing for korleis elevane nyttar desse ferdigheitene i det daglege arbeidet.

I kapitel sju er det verd å merkja seg at opplæringa no har ein enklare struktur som gir større fleksibilitet for den enkelte elev, skole, lærling og bedrift. Samtidig vert det gitt muligheit til faglig fordjuping allereie frå det første året.

”Departementet vil stimulere til samarbeid mellom skolen og det lokale arbeidslivet. For å styrke kompetanse, holdninger og kultur for entreprenørskap i hele utdanningssystemet, legger departementet våren 2004 frem en strategi for entreprenørskap i utdanningen. Lokalt partnerskap mellom skole og arbeidsliv og samarbeid på IKT-området vurderes som positive bidrag til en god opplæring” (Kap. 11).

Eit viktig grunnlag for læring blir at elevar og lærlingar vert sett i situasjonar der dei får relevante utfordringar for å utvikla sin kompetanse (kap 4.1.1).

3.1.1 Mi oppsummering av st.meld. 30

St. meld 30 legg stor vekt på faguavhengige grunnleggjande ferdigheiter, også kalla basiskunnskapar. St.meld.30 har ein raud trå av tilpassing for den enkelte, for lokalt næringsliv og skule og for samfunnet. Intensjonen er å gjera opplæringa nyttig og relevant for den enkelte, slik at individet skal lukkast. Opplæringa skal ha ei lokal tilpassing med muligheiter også til utdanning i smale yrke utan at elevane må reise langt vekk. Dette skal skje ved at den generelle delen av opplæringa har eit minste felles multiplum og at den spesifikke yrkesutdanninga kan skje i nær tilknytning til næringslivet. St. meld 30 legg også stor vekt på entreprenørskap og samarbeid mellom partane i arbeidslivet.

3.2 St. melding 16 (2006-07) ” og ingen sto igjen ” om samarbeid mellom skule og bedrift

I kap 2.1.1 Kan ein lesa om at reform -94 retta opp mange av svakheitene ved den vidaregåande opplæringa og at gjennom reform -94 fekk all ungdom som avsluttar grunnskule eller liknande, rett til vidaregåande opplæring. Tilbudsstrukturen vart forbetra og opplæring i arbeidslivet og opplæringa i skule vart kopla tettare saman. Denne samordninga bygger blant anna på eit forpliktande samarbeid mellom offentleg og privat sektor og mellom skule og lærebedrift. (St. Meld. 16 (2006-07):16)

I første kapitel ”Et kunnskap samfunn for alle”, vert det vist til faktorar som fremmar læring. Fundamentet er god språkutvikling, gode leseferdigheiter og sosial utvikling. Dette er grunnlaget for meistring og motivasjon for å lære fag. Desse faktorane gir god fagleg utvikling i grunnskulen, som deretter gir eit godt grunnlag til å fullføre vidaregåande opplæring. På den måten er ein kvalifisert til å få læringsrike jobbar og vidare utdanning og vert aktive samfunnsdeltakarar. Er det brest i ein av desse faktorane, vil det hemme læring. Det står ingen ting spesifikt om korleis ein skal oppnå

desse faktorane, men kompetansemåla i kunnskapsreforma er tydeleg bygd opp om desse ideologiane.

St. Meld. 16 (2006-07) peikar på fylkeskommunen sitt arbeid med å dimensjonere dei yrkesførebuande utdanningsprogramma slik at dei tek omsyn både til ungdomane sitt ynskje om utdanning, arbeidslivet sitt behov for kompetanse, skulestruktur og busetting i distrikta. Når ungdomane ikkje får læreplass etter vg2, kan det bety at det er for lite samsvar mellom dimensjonering av tilbod og arbeidslivets etterspørsel etter lærlingar innan for fagområdet (s. 38) Vidare står det å lesa at "lærlingundersøkinga viser at lærlingane trivest i lærebedriftene og er langt meir motivert for læring på arbeidsplassen enn i skule". Dette er tydelege signal å ta også for tilbodet i skulen. Det viser behov for god dialog mellom skule og bedrifter, for at opplæringa i skule kan verta meir i trå med dagleglivet i bedrift. På den måten får opplæringa i skulen meir relevans og meining for eleven og for yrket som eleven skal ut i som lærling.

Som konsekvens av funna ein viser til i St. meld nr 30, om yrkesfaglærarar si lågare utdanning enn andre lærarar, har stortinget bestemt fylgjande, som også vil få betyding for samarbeid mellom skule og bedrifter:

"I tillegg skal blant annet yrkes- og utdanningsveiledningen proffesjonaliseres og styrkes. Departementet vil legge vekt på en god og omfattende dialog med alle involverte aktører i gjennomføringen av tiltakene i tillegg til å sørge for at sentrale nettsteder aktivt vil bli brukt for å spre nødvendig informasjon" (s. 15).

Departementet er også opptatt av å samarbeide med Samarbeidsrådet for yrkesopplæring om tiltak som kan auka antall unge som får lærekontrakt. Sidan det er funne samanhengar mellom manglande antall læreplassar og grad av gjennomføring for fagbrev, vil departementet fylgja opp arbeidet med å auka antall læreplassar i statleg sektor. Departementet vil også styrka kompetanseutviklinga for instruktørar og faglige leiarar i bedrift (s. 86). Dette vil i sin tur vera med å gjera kommunikasjonen mellom skule og bedrift enklare. Berre det at lærarar og instruktørar har same forståing for bruk av læreplanar og kompetansemål, kan vera eit eksempel på tema som vil ha betyding for ei slik oppgradering. Dette vil vera nyttige reiskapar når skulen sender elevar ut i prosjekt til fordjuping. Det vil også vera nyttig når arbeidsgjevarar gjev tilakemelding til skulen om tema som bør vektleggjast meir/ mindre i skulen for at elevane er meir oppdatert når dei går over i lærlingfunksjon. Får me til eit konstruktivt og funksjonelt samarbeid mellom skule og bedrift, kan det bidra til felles kompetanseheving for frisørfag.

3.3 St. meld. 31 ” Kvalitet i skulen” (2007-08) og samarbeid mellom skule og bedrift

I kap 2.2.2 peikar departementet på det store fråfallet i vidaregåande opplæring, særleg på yrkesførebuande løp. Berre 54% av elevane og lærlingane på yrkesførebuande program fullfører opplæringa i løpet av fem år.

I kap 3.3.2 kan ein sjå at lærarar som underviser i fellesfag på yrkesfaglige utdanningsprogram, har gjennomgåande lågare utdanning i undervisningsfaga enn lærarane som underviser på studieførebuande fag. På yrkesfaglige utdanningsprogram har ni prosent av lærarane ikkje godkjent formell pedagogisk kompetanse.

I kap 4.5.2 ser me at utdanningsdepartementet vil leggja til rette for tettare samarbeid om utdanningsstatistikk og arbeidsmarknadstiltak, her under utvikling av indikatorar på korleis det går med elevar og lærlingar frå fag- og yrkesopplæring på arbeidsmarknaden. Dette skal inngå som eit nytt element i nasjonalt kvalitetsvurderingssystem og publiserast regelmessing.

Så langt eg kan sjå, har St. meld. 31 ingen formelle pålegg om samarbeid mellom skule og bedrift. Likevel trur eg at om ein skal betra gjennomstrøyming av elevar og heva yrkesfaglærarane sin kompetanse med tanke på stabil og godt utdanna arbeidskraft i frisørfag, er ein prisgitt ein god dialog mellom bransjen og dei ulike opplæringsinstitusjonane, for å få opplæringa relevant og meningsfull for elevar, lærarar og for faget.

3.4 NOU 2008: 18 Fagopplæring for framtida, om samarbeid mellom skule og bedrift

Utvalet for fag- og yrkesopplæring, vart oppnemnt i Kongelig resolusjon i juni 2007. Utvalet er populært kalla Karlsenutvalet, etter leiaren. Utvalet, som er bredt samansett, har gjort eit betydeleg arbeid for yrkesfagleg utvikling og kvalitet med innstillinga si, slik eg ser det. Eg siterer kunnskapsminister Bård Vegard Solhjell då han mottok utvalet si innstilling: *”Jeg ser spesielt positivt på de forslagene som gjelder yrkesretting og som tar sikte på å gjøre opplæringen mer relevant og virkelighetsnær for elever og lærlinger”.*

Samarbeid mellom bedrifter og skule er ikkje regulert i opplæringslova eller i forskrifta. Kunnskapsløftet legg likevel opp til eit forpliktande samarbeid mellom skule og arbeidsliv på alle nivå i opplæringa. (kap 2)

Utvalet foreslår at fylkeskommunane og lærebedriftene må fylgja med i utviklinga i faga, slik at opplæringa heile tida er tilpassa produksjonsmetodane i arbeidslivet. Dette føreset eit tett samarbeid og gode kommunikasjonskanalar mellom skule og bedrifter i alle yrkesfag.

”Utvalget foreslår at fylkeskommunane og yrkesopplæringsnemndene etablerer forpliktende møtearenaer mellom skulane og bedriftene, både for felles kompetanseheving av lærere og instruktører og for å utforma eit heilskapeleg opplæringsløp for den enkelte elev/ lærling.” (kap 6.3)

”Økt konkurranse, rask utvikling, forventet mobilitet av arbeidstakere og ikke minst økte krav til dokumentasjon fra nasjonale og overnasjonale myndigheter fører til økt krav om kvalitet og relevans i opplæringen.” (kap 5.5)

”Arbeidet med kvalitetsutvikling i fag- og yrkesopplæringen involverer aktører både fra skolesiden og fra arbeidslivet, på nasjonalt nivå og regionalt nivå og i den enkelte virksomhet. Det er fylkeskommunen som har ansvaret for gjennomføringen av videregående opplæring, både den delen av opplæringen som foregår i skole, og den delen som skjer i bedrift. I dette inngår også arbeidet med kvalitetssikring og kvalitetsutvikling, noe som blant annet skjer i samarbeidet i de fylkeskommunale yrkesopplæringsnemndene.” Vidare heiter det: ” Arbeidet med kvalitet i fag- og yrkesopplæringen er også et av de viktigste områdene man arbeider med, både nasjonalt og internasjonalt.” (NOU 2008:18)

Utvalet meiner at det derfor er viktig at norske utdanningsmyndigheiter ferdigstiller arbeidet med eit nasjonalt system for kvalitet i fag- og yrkesopplæringa. Dette bør vurderast knytt til det europeiske rammeverket for kvalitet i fag- og yrkesopplæringa, slik det er omtalt i avsnitt 3.5 og til Utdanningsdirektoratets forslag til «Nasjonale føringer for kvalitet i fag- og yrkesopplæringen».

NHO har gitt høyringssvar til Karlsenutvalet si innstilling. NHO understrekar kor viktig det er med yrkesretting av fellesfag og kor viktig det er med ein tett dialog mellom skule og yrke, jamfør prosjektet i Sunnhordland for å samarbeida kring frisørfag. NHO går inn for hospiteringsordningar for yrkesfaglærarar som underviser både i programfag og fellesfag, slik at opplæringa skal verta enno meir relevant og få med meir eksempel frå yrkeslivet som kan nyttast i undervisinga. NHO uttaler at det må utarbeidast forpliktande rettleiing for yrkesretting (NHO 2009).

NOU 2008:18 er etterfølgt av ein OECD rapport, som seier noko av det same med tanke på å styrka fagopplæringa og korleis hindra fråfall i opplæringslauget.

3.5 FAFO sin første delrapport om prosjekt til fordypning på vg1 og vg2

“Prosjekt til fordypning er obligatorisk for alle elever på Vg1 og Vg2 i yrkesfaglige utdanningsprogram”, heiter det i rapporten (Dæhlen, Hagen og Hertzberg 2008). Vidare: “ Hovedintensjonen med faget er at elevene skal få erfaring med innhold, oppgaver og arbeidsmåter som karakteriserer de ulike yrkene innen utdanningsprogrammet, noe som kan bidra til at det blir lettere å velge utdanningsløp” (ibid).

Fafo skal utarbeida ein rapport som evaluerer kunnskapsløftet, med vekt på prosjekt til fordypning. Rapporten skal vera ferdig i 2011. I innleiinga i prosjektbeskrivelsen heiter det at reforma sine strukturelle og innholdsmessige endringar er forventa å føra til betre opplæringspraksis i skular og lærebedrifter og til betre overgangar mellom fasane i utdanningslaupet, særleg mellom skule og læretid i bedrift. I sin tur er dette forventa å føra til betre læringsutbyte for elevar, lærlingar og lære kandidatlar. Det er også lagt vekt på at betre gjennomføring og auka kompetanseoppnåing vil vera viktige uttrykk for læringsutbyte (Dæhlen, Hagen og Hertzberg 2008).

Eg tolkar dette som at samarbeidsprosjektet vårt vil vera eit viktig bidrag lokalt i Sunnhordland, for å få til funksjonelle samarbeidsstrukturar som vil ha noko å sei for kvaliteten på frisør opplæringa og for å skapa betre overgangar og auka kommunikasjon mellom skule og bedrift i frisørfaget.

Den første delrapporten frå prosjektet vart publisert 10.02.09 og understrekar betydninga av arbeidet vårt: *“Gjennomføringen av prosjekt til fordypning krever et nært samarbeid mellom videregående skoler og det lokale arbeidslivet. Delrapporten viser at dette samarbeidet er preget av enkeltpersoners faglige kontakter og nettverk. Rektorene opplever at økt kontakt med arbeidslivet har ført til større behov for å formalisere nettverk og avtaler med bedrifter. Flere bedrifter gir uttrykk for at de i større grad ønsker å delta i planleggingen av elevenes praksisperiode. Rapporten peker på at bedriftene så langt ikke er godt nok kjent med innholdet i Kunnskapsløftet (ibid.).*

Hovedinntrykket fra intervjuene er at faget i hovedsak får karakter av yrkesorientering på Vg1, mens det legges større vekt på fordypning og praksisperioder i arbeidslivet på Vg2. Skolene opplever ikke at prosjekt til fordypning har medført store endringer når det gjelder samarbeid med arbeidslivet.” (ibid.)

3.5.1 Mine tankar kring FAFO- rapporten sett ut frå lokale forhold

Me kjenner igjen funna i rapporten frå våre lokale erfaringar i Sunnhordland. Me ser også enno ei utfordring rundt gjennomføring av prosjekt til fordjuping: I tillegg til samarbeid mellom skule og næringsliv, vil det vera behov for formalisert samarbeid mellom skular, i dei tilfelle der vg1 ikkje disponerer lærarar med frisørfagleg bakgrunn og nettverk. I motsett fall kan eg vanskeleg sjå at elevane får tilbod om anna enn observasjon i frisørfag i staden for opplæring i faget. Dette vil gjenspegla seg i oppgåvene elevane har med ut, når den som planlegg og skal evaluera arbeidet ikkje kjenner til frisørfag sin eigenart og ikkje har fagterminologi til å kommuniserer med fagmiljøet.

Når det gjeld forskjell i yrkespraksis på vg1 og vg2, kan det også ha samanheng med at det er store mengder elevar som skal ut i yrkespraksis, medrekna elevane frå ungdomsskulen, som er ute i prosjekt til val. Det kan i visse samanhengar føra til at ein må porsjonera ut plassane slik at næringslivet prioriterer elevane på vg2 for å få kabalen til å gå opp. Det er rett og slett ikkje mulig å ta imot så mange som ynskjer yrkeserfaring gjennom eit skuleår, at skulen og næringslivet må lage ei prioritering over kven som vert sendt ut til kva tid. Då kan det sjå ut som vg2 elevane vert prioritert. Det betyr ikkje automatisk at dei som er igjen på skulen ikkje skal få opplæring i yrket dei har valt, men bli avspist med yrkesorientering, slik undersøkinga kan tyde på.

Ikkje overraskande konkluderer rapporten med at det ikkje er endringar i samarbeid med næringslivet. Eit slikt samarbeid tek tid og krev ressursar i form av tid til møte og muligheit til praktisk gjennomføring, både fysisk og på nett. Det er eit uttalt dilemma frå næringslivet at det ikkje er sett av midlar til bedrifter som deltek i opplæring av skulen sine elevar. I motsett fall har læraren vanleg løn i dette arbeidet og enkelte bedriftseigarar meiner at dei som får betalinga også får ta jobben med opplæringa. For meg, ser det ut som intensjonen om samarbeid er god, men at det enno manglar ein del rammer rundt arbeidet for at det skal kunna gjennomførast etter intensjonen.

3.6 Opplæringslova om samarbeid mellom skule og bedrift

Opplæringslova (1998) er verktøyet som fortel om rettar og plikter innan opplæring i Norge. Den fortel i § 3 om vidaregåande opplæring, men stiller ikkje spesifikke krav til samarbeid mellom skule og bedrift. I § 12 derimot, finn me om organ knytte til fagopplæring i bedrift. Der står blant anna at yrkesopplæringsnemndene har eit ansvar for å vurdere korleis samhandlinga mellom skolar og lærebedrifter kan betrast (§12-4).

Vidare står det at yrkesopplæringsnemndene skal gi råd om korleis utvikling av fag- og yrkesopplæringa og samhandling mellom skolar og bedrifter kan medverke til regional utvikling, mellom anna utvikling av nye verksemder og arbeidsplassar. Etter mitt skjøn, betyr dette at det er behov for eit tett samarbeid og gode kommunikasjonskanalar mellom skule og bedrifter, slik me legg opp til i prosjektet om samarbeid mellom skule og frisørbedrifter i Sunnhordland.

Opplæringslova legg også til rette for samarbeid mellom skule og bedrift i læreplangruppa, som skal arbeide med nye læreplanar (§ 12-5).

3.7 Kva seier læreplanen om samarbeid mellom skule og bedrift?

I "Prinsipp for opplæringa i kunnskapsløftet", som gjeld heile utdanningslauget i grunnopplæringa, er verdien av samarbeid mellom skule og næringsliv tydeleg vektlagt: *"Tilrettelagt samarbeid med lokalt nærings- og arbeidsliv kan gi elevane innsyn i ulike arbeidsprosessar, praktisk arbeidserfaring og kunnskap om arbeidslivet, og det kan styrkje arbeidet med entreprenørskap i opplæringa. Innsyn i dei endringar som skjer i nærings- og arbeidslivet, kan synleggjere aktiv deltaking i nyskapande aktivitetar og entreprenørskap. Erfaringar frå lokalt nærings- og arbeidsliv kan gi elevane betre grunnlag for eit medvite val av utdanning og yrke. I tillegg kan samspelet medverke til at opplæringa blir oppdatert med utgangspunkt i behova i arbeidslivet. Kunnskap om organisasjonane i arbeidslivet kan vere med på å utvikle samfunnsengasjement og demokratisk deltaking."*(Utdanningsdirektoratet 2006).

Teksten brukar orda "tilrettelagt samarbeid", noko me har erfart i vårt prosjekt er nødvendig. Det er nødvendig å oppretta eit kontaktnett med tilgjengelege personar både på skulen og i næringslivet for å få til eit samarbeid. Ein må også oppretta møtepunkt, enten det er på nett eller i det fysiske rom, for å få til ein konstruktiv dialog og eit samarbeid, slik me har arbeid med i prosjektet vårt.

3.7.1 Den generelle delen av læreplanen om samarbeid mellom skule og bedrifter

I den generelle delen av læreplanen, kan ein lesa om opplæringa som må tuftast på og vise bidrag frå tidlegare tider, slik dei har nedfelt seg i menneska sine store tradisjonar for skapande arbeid, søking og oppleving. Den viser til tre tradisjonar, der den første og grunnleggjande tradisjonen er taus kunnskap overlevert frå handverkar til handverkar . Kunnskap som sit i hendene og vert formidla ved bruk. Slik kunnskap må lærast i ein

verkstad, eller i eit miljø der praktisk formidling kan nyttast i staden for verbal formidling.

Dette må få konsekvensar og skapa behov for andre læringsarenaer enn det tradisjonelle klasserommet . Det vil gje bruk for formidlarar og instruktørar med handverksbakgrunn og ikkje berre lærarar med akademisk bakgrunn. (Ei slik erkjenning vil også ha praktisk betydning for dokumentasjon og vurdering av faget.)

Det er i dialogen mellom skule og bedrift ein får utvikla faget og som det heiter i den generelle delen av læreplanen: "Undervisninga må derfor leggjast slik opp at elevar og lærlingar sjølve kan vere med og vidareutvikle praksis og hente inn ny kunnskap."

Den generelle læreplanen seier mykje som handlar om etiske verdiar, sosial kompetanse og nøkkelkvalifikasjonar (jf. Dei ulike "menneska"). Som eg er inne på i innleiinga, er dette også ei viktig side ved yrkeskompetansen. Verdiar, krav til samarbeid, ansvar, arbeidsinnsats osv. er viktig å læra noko om gjennom arbeidspraksis i yrket. Det kan vera eit viktig argument for nødvendigheita av samarbeid mellom skule og arbeidsliv, for å få muligheter for arbeidslivspraksis gjennom heile utdanninga.

3.7.2 Læreplanen for vg1, vg2 og vg3 om samarbeid mellom skule og lærebedrifter

Læreplanen for design og handverk vg1, legg vekt på tradisjonar og innovasjon, samt entreprenørskap og det å utvikle seg sjølv og yrket ein vil gå inn i. Elevane skal læra seg å bruka nasjonale og internasjonale ressursar. Dette føreset at det vert opna for kommunikasjon med ein marknad utover det ein tradisjonelt tenkjer på som skulen sitt område. Slik eg ser det, kan ikkje slike vyar oppfyllast utan i tett dialog og tilgang på samarbeid med næringslivet og nettverket det lokale og nasjonale fagmiljøet har tilgang på.

Læreplanen for frisør vg2 legg vekt på at elevane skal utvikle sosial kompetanse og verta i stand til å kommunisere med kundar og fagpersonar i ulike miljø. Så langt eg ser, må det skje i tett dialog med eit fagmiljø slik me har prøvd å få til i samarbeidsprosjektet i Sunnhordland, i tillegg til den opplæringa som vert gitt i skulen sine lokale.

Læreplanen for vg3 gjeld opplæringa lærlingen får i bedrift, som siste ledd i 2+2-modellen. Det er ikkje tenkt at lærlingen skal tilbake på skulen i denne fasen, men skal

no vera i stand til å setja kunnskapen frå vg1 og vg2 ut i praktisk virke. Slik eg ser det, bør både skulen og lærebedriftene sjå lærlingane på vg3 som ein ressurs både til å rekruttera nye elevar til faget, men også til å bidra i lokale samarbeids situasjonar med elevar på vg1 og vg2. Elvane og lærlingane er grunnsteinen i faget si framtid og sit med førstehandsinformasjon til bruk i evaluering av opplegg for både skule og bedrift. Slike erfaringar har størst verdi når dei vert delt i fagmiljøet, etter mitt skjønn. Dette kan kunn formidlast i eit samarbeidande fagmiljø.

3.8 Om tenesteveg og muligheita til å kommunisera med næringslivet

Som faglærer må ein fylgje tenesteveg når ein ynskjer å ytre meiningane sine oppover i systemet. Det betyr i praksis på min skule med vår organisasjonsstruktur, at faglærer skal henvenda seg til fagansvarleg, som henvender seg til seksjonsleiar, som henvender seg til rektor, som henvender seg til rett instans i fylkeskommunen. Det betyr i praksis at ei sak skal passera fire eller fem personar på veg til mottakar. Dette kan vera frustrerande i situasjonar når ein brenn for ei sak, eller har spesifikke meiningar om kor viktig ei sak er å formidla vidare. Saka har ikkje nødvendigvis same intensitet når ho når fram, som då ho vart levert. Dette er også ein av grunnane til at eg syns det er viktig å få bransjen på banen i skulepolitiske saker. Frisørbransjen kan formidle meiningane sine direkte til den som kan handsama saka i det offentlege byråkratiet, i staden for å gå gjennom så mange ledd at saka kan ha mista form på vegen.

3.9 Elev- og lærlingombod

Regjeringa går inn for at det vert oppretta ombod som kan ha noko å sei for at overgangen mellom skule og bedrift vert enklare for dei unge. *"Ombudet skal ivareta elevs/ lærlingers interesser, og bidra til at de blir mer aktive og bevisste i forhold til sin egen opplæringssituasjon. Samtidig er ombudet for at elevene/ lærlingene skal få større innflytelse på sin egen opplæring. Elev- og lærlingombud er fylkeskommunale ombud for elever og lærlinger i videregående opplæring"* (Kunnskapsdepartementet 2009) Fem fylkeskommunar har ikkje oppretta slikt ombud enno. Ein av desse er Hordaland. Dersom me får til eit fungerande samarbeid mellom skule og frisørbedrifter i Sunnhordland, vil det verta ei naturleg oppgåva for eit slikt fora å etterspør eit elev- og lærlingombod. Ei slik ordning kan vera medverkande faktor til at eleven/ lærlingen vil fullføra yrkesutdanninga si, også i Hordaland.

3.10 Oppsummering frå grunnlagsdokument om samarbeid mellom skule og næringsliv

Dette kapitelet har handla om offentlege dokument og mulige føringar for kva som skal skje mellom skule og bedrift. Desse planane har lagt som eit bakteppe for arbeidet som er gjort i vårt prosjekt om samarbeid mellom skule og frisørbedrifter i Sunnhordland.

Slik eg tolkar grunnlagsdokumenta, er det tydelege forventningar og føringar til at det skal føregå eit samarbeid mellom skule og ulike bedrifter. I nokre samanhengar er dette spesifisert, medan det i andre dokument ligg implisitt, som ein logisk link for å kunna gjennomføra opplæringa og å kunna la eleven utvikla seg fagleg.

Både i den generelle delen av læreplanen og i andre dokument som er referert til, finn eg uttrykt tydelege forventningar til læraren sine faglege kunnskapar. Dette er vektlagt på ein måte som må få betydning for læraren si etter- og vidareutdanning. Det er framlagt både som krav og forventningar at læraren skal vera i stand til å halda seg oppdatert innan fagleg fornying i yrket og vera oppdatert i bruk av nytt utstyr og kjenna til det som rører seg i faget. Det er også lagt vekt på demokratiske prosessar både i opplæringa og på arbeidsplassen. Slik eg ser det, forsterkar dette behovet for ein tett dialog mellom skule og næringsliv, ikkje berre for eleven si utvikling, men også for læraren sin kompetanse og moglegheit til å halda seg à jour i faget.

I neste kapitel vil eg sjå på yrkesdidaktisk teori som har relevans for samarbeid mellom skule og bedrift.

4 Yrkesdidaktiske teoriar som gir grunnlag for å etablere funksjonelle samarbeidsnettverk mellom skule og frisørbedrifter.

I dette kapitelet presenterer eg yrkesdidaktikk som grunnleggjend behovet for samarbeid mellom skule og bedrift og elevane sine muligheiter for å læra gjennom praktisk erfaring, alt på vg1.

Eg ser på omgrepet læring og kompetanse og kva det har å sei for læringsmiljøet som yrket skal overførast i. Eg vil også setja dette inn i ein samanheng som kan sei noko om korleis kompetansemåla kan handterast av dei ulike aktørane og kva det betyr for korleis faget vert formidla til eleven.

4.1 Yrkespedagogikk i skjæringspunktet mellom praktisk arbeid og teori om yrket

Det praktiske arbeidet er grunnlaget for yrkes-/ profesjonspedagogikk. Dei særlegne læringstradisjonane med utgangspunkt i praktisk virke og handa sitt arbeid er det unike i yrkespedagogikken (Mjelde 2008).

Knut Illeris ved Roskilde Universitetcenter, hevdar at det har vore ein dramatisk kursendring sidan ein på 1950- talet snakka om innlæring, til i våre dagar når ordet ofte er i bruk igjen, no med innhald som å læra å lære og livslang læring. Tidlegare bar ordet preg av "viten påfyll" og terping, i dag inkluderer ordet å vera fleksibel og omstillingsdyktig (Illeris 1999). Illeris seier at læring, personlig utvikling, kvalifisering og sosialisering blir omgrep som går i eit. Læreprosessar er ikkje berre å læra eit pensum, men motivasjon, haldningar, følelsar, kommunikasjon og sosial handling som inngår i ein heilskap under stadige forandringar mot nye horisontar.

Dette har praktisk meining også for den norske yrkesopplæringa. Det er, som før nemnt, slik at yrkesfagelevar går to år på skule, for deretter å bli lærling i ei verksemd. Dersom me skal ta Illeris sine teoriar på alvor, må me leggja tilrette for at læring kan få utvikle seg som ein sosialt betingd prosess, som føregår saman med andre. Det kan me kanskje få til i eit klasserom eller i skulen sin frisørsalong, men Illeris går vidare; Læringsssituasjonen og den samanheng læringa inngår i, har meining for læringa sin prosess og resultat. Han hevdar at læringa må skje i eit autentisk miljø, med erfarne handverkarar, som løyser arbeidet i trå med utfordringane etter kvart som dei dukkar opp (1999).

Skal ein få dette til også dei to første åra, går det ikkje an å separere skuledelen av opplæringa. Ein må ha ein funksjonell dialog med marknaden, slik at elevane på vg1 og vg2 får eit realistisk inntrykk av kva som møter dei i vg3 og i yrkeskvardagen. Også Illeris vil gje elevane tid til refleksjon og fordjuping i faget. Dette kan vera hensiktsmessig å gjera på skulen. Då får me ei vekselverking mellom det praktiske virke og den teoretiske refleksjonen.

4.2 Ulike former for kompetanse og nokre tankar om kvar ein kan tileigne seg slik kompetanse

Dette kapitelet inneheld ein del sitat og tankar, som beskriv korleis opplæringa av elevar er avhengig av oppleving av det praktiske yrke, for at ein kan overføra kunnskap.

"Kompetanse er evnen til å møte komplekse utfordringer. Det er oppgaven, eller kravene individet, virksomheten eller samfunnet står overfor, som er avgjørende for hvilken kompetanse som kreves. Kompetanse er forstått som hva man gjør og får til i møtet med utfordringene" (St.meld. 30 (2003-2004):31). Nilsen og Sund hevdar at det difor er kompetanse og ikkje lausrivne kunnskapar og enkeltstående ferdigheiter som er målet for opplæringa (Nilsen og Sund 2008).

Sidan næringslivet og dei ulike bransjane er i kontinuerlig forandring, priggitt ein marknad som er styrt av tilbod og etterspørsel, er det heilt nødvendig for skulen å vera i dialog med dei som kjenner marknaden best og veit kva som til ei kvar tid er gjeldande i bransjen, slik eg ser det. Så lenge lærarane har arbeidsplassen sin på skulen og ikkje arbeider i næringa, kan dei ikkje tileigna seg dialogen med marknaden utan å stå i nært samarbeid med bransjen. Difor er det viktig å få til ein god dialog mellom skulen og frisørbransjen både i Sunnhordland og i resten av landet der faget skal utøvast.

Ein skil mellom nøkkelkompetanse og yrkeskompetanse (Nilsen og Sund 2008: 9-11). Med nøkkelkompetanse meiner ein sosial kompetanse (bl.a. evne til samarbeid, kommunikasjon og leiing), personlig kompetanse (bl.a. kreativitet, nøyaktigheit og fleksibilitet) og kognitiv kompetanse (bl.a. evne til abstrakt tenking, planlegging, språklige og digitale ferdigheiter). Nilsen og Sund viser til at det tidlegare såg ut som nøkkelkompetanse låg som ein stilleiande føresetnad hos eleven og at det vart lite fokusert på denne ferdigheita. Dei hevdar at utviklinga av nøkkelkompetanse er nært knytt til eigne erfaringar, gjerne gjennom prøving og feiling. Dette skjer best innanfor eit sosialt samspel (Nilsen og Sund 2008)

Eg vil også tru at utvikling av nøkkelkompetanse skjer best i fagmiljøet der kompetansen skal nyttast. Difor må det vera av verdi at elevar på vg1 og vg2 får kontakt med eit relevant fagmiljø der ein har fagpersonar som kan spegla gjeldande nøkkelkompetanse i sitt fagmiljø gjennom t.d. faget prosjekt til fordjuping. " Organisasjonar og enkeltpersonar kan utvikle egen og andres nøkkelkompetanse gjennom bevisst opplæring." (Nilsen og Sund 2008:10). Dette føreset ein dialog mellom skule og bedrift, der begge partar kjenner innhaldet i slik nøkkelkompetanse og kan kommunisera dette ut til definerbare læringsmål for eleven.

Omgrepet "situert læring" (Lave & Wenger 1991) viser til at læring ikkje berre er noko som skjer hos den enkelte, men at læring har ein sosial karakter. Forskyvinga i læringsperspektivet frå individet til konteksten, inneber at læring vert betrakta som ein sosial prosess der den einskilde gradvis går frå å vera ein "legitim perifer deltakar" til å verta ein stadig meir integrert og fullverdig deltakar i eit praksisfellesskap. Ut frå denne læringsforståinga er det teke til orde for ei rehabilitering av meisterlæra, kan ein lesa i Fa0-rapporten som evaluerer prosjekt til fordjuping (Dæhlen, Hagen og Hertzbeberg 2008).

Yrkeskompetanse vert definert som ulik frå person til person, sjølv om den er like mykje verd. Yrkeskompetanse kan variera frå bygd til by og mellom verksemder (Nielsen og Sund 2008: 11). Yrkeskompetanse er summen av fagkompetanse og nøkkelkompetanse. Yrkeskompetanse vert ut frå dette vanskeleg å utvikla i eit isolert skulemiljø, dersom ein ikkje har eit samarbeid med bransjen der yrkeskunnskapen høyrer heime.

Omgrepet handlingskompetanse vert definert som summen av fagkompetanse, metodekompetanse, læringskompetanse og sosialkompetanse. Det er eit ynskje frå Blegen-utvalet, i fylgje Dæhlen, Hagen og Hertzberg (2008), om å koma fram til ei kunnskapsforståing som er i samsvar med endringar i behovet i eit moderne samfunns og arbeidsliv. Utvalet skal i fylgje Fafo- rapporten ha lagt vekt på at behovet for omstilling stiller krav til samarbeid på tvers av fag og bransjar for å koma fram til ei balansert utvikling av breidde- kompetanse og spisskompetanse. Det er vist til erfaringar frå eit omfattande tysk reformarbeid for å institusjonalisera ei ny tilnærming til fagarbeid og fagarbeidarkvalifisering med auka vekt på evna til sjølvstendig planlegging, gjennomføring og krontrull av eigne arbeidsoppgåver (Dæhlen, Hagen og Hertzberg 2008).

"Både ferdigheter og allmenndannelse er altså avgjørende elementer i både arbeids-, samfunns- og privatlivet. Å tro at arbeidslivet bare handler om at ferdigheter skal brukes til produksjon, innebærer å redusere menneskets skapertrang og behov for å være en del av fellesskapet. Å tro at dannelse bare er en del av privatlivet, er å nedvurdere arbeidslivet og det komplekse i å være menneske i forskjellige sosiale sammenhenger. Og det å tro at grunnleggende ferdigheter bare er til nytte i arbeidslivet, innebærer en nedvurdering av det sivile samfunn. Allmenndannelse er nødvendig i tilegnelse og bruk av ferdigheter, og ferdigheter er et nødvendig element i allmenndannelsen. Både allmenndannelse og ferdigheter er avgjørende elementer i arbeidsliv og privatliv, og for en demokratisk samfunnsutvikling." (St.meld. 30 (2003-2004), kap.4.2)

Dette viser kor viktig det er å få til eit funksjonelt samarbeid mellom skule og bedrift, for å kunna utvikla og formidla alle fasettane i yrkesfag til elevane.

I kunnskapsløftet har me fått definerte kompetansemål i læreplanen. Desse måla er bygd opp rundt faget sin relevante kunnskap og er delt inn i fleire nivå, for å kunna vurderast på ein skala frå 1 til 6. I desse dagar har ein hatt ein lokal gjennomgang av kompetansemål i dei ulike fylkeskommunane, med tanke på å få felles innhald i dei ulike nivåa. Dette er nødvendig for å kunna gje eleven ei rettferdig vurdering og ei vurdering der kompetansemåla vert tolka likt i dei ulike fylka. Det vil vera lite hensiktsmessig å ha ulik tolking av måloppnåing på skule og i bedrift. Kunn gjennom eit samarbeid, vil ein få ei samkjøring av kva som skal vera grad av måloppnåing i dei ulike faga.

4.3 Lev Vygotsky om læring gjennom samhandling

Også Lev Vygotsky er inne på det same: Lev Vygotsky sine arbeid byggjer på at menneske lærer frå det sosiale til det individuelle (Mjelde 2002). Han hevda at menneske har utvikla sitt språk, sin tanke og sitt medvit gjennom arbeid og samhandling (2002:55). Han meiner at barnet er eit sosialt vesen som utviklar seg gjennom samhandling og språk, gjennom internalisering av normer og tileigning av kunnskap som er sereigen for den tida barnet lever i og den staden der det lever (s.55).

Mjelde viser til at i skuletradisjon er læring skilt frå den verkelege livsforståinga og frå kvardagen. Ho hevdar at det ikkje er slik i yrkesutdanninga sine tradisjonar. Derimot har det utvikla seg ei uheldig oppsplitting mellom yrkesfag og fellesfag som ho meiner er utarmande for yrkesfag. Ho viser til at Vygotskij meinte at både oppsplittinga i skulefag og oppdelinga av undervisingsinnhaldet i det enkelte fag bidreg til at meininga med det enkelte faget vert borte. Kunnskap kan ikkje takast ut av si naturlege samanheng og overførast isolert; den kan berre gi meining og skapa motivasjon dersom den inngår som

del av ein heilskap (Mjelde 2002). Denne heilskapen vil vera vanskeleg å finna i eit skulemiljø som ikkje kommuniserer med det lokale næringslivet.

Vygotsky argumenterte for at den lærande sine stadige prestasjonar i samhandling med lærer og medelevar, er ein meir presis innlæringsindeks enn intelligensstestar som er basert på å måla allereie oppnådd kunnskap (Mjelde 2002: 57)

Vygotskij oppfatta all læring og undervising som overføring av kultur. Utfordringa ligg i å skapa meningsfulle læreføresetnader både ved å leggja til rette for undervising som matchar eleven sitt aktuelle og potensielle nivå og ved å tydeliggjere nytteverdien av det kulturelt gitte lærestoffet. God undervising skal også skape ny mening. Dette skjer gjennom etablering av varige og overførbare kognitive ferdigheiter som endrar det kognitive apparatet (Bråten og Thurmann-Moe 2005:130).

4.4. Yrkesdidaktikk og yrkesfaglig læringstradisjon

Ein skil mellom eit snevert og eit utvida didaktikk omgrep, der snevert didaktisk syn ser ut til å innehalda teoriformidling *for* praksis, der teori er overordna praksis og har større verdi enn praktisk kunnskap (Hiim og Hippe 2001). Motstykket er meister-/ lærling tradisjonen som legg vekt på kunnskap gjennom læring og verdset kunnskap som er nødvendig og relevant i forhold til yrkesutøvinga (Hiim og Hippe 2000, Kvale 1993 i Hiim og Hippe 2001). Det utvida kunnskapssynet vert betrakta som ein prosess som stadig utviklar seg i spenningsfeltet mellom praktiske utfordringar, refleksjon over gjennomføringa og utviding av forståinga. Dette inneber at det i liten grad blir skilje mellom handlingsaspektet, forståingsaspektet og følelsesaspektet (Hiim og Hippe 2001:29)

Utvikling av yrkeskunnskap vil ut frå dette vera knytt opp mot forståing, omgrep og teoriar som er basert på lang tids yrkeserfaring. Desse erfaringane er bygd på funksjons-, oppgåve- og prosjektorganisering snarare enn disiplin- og vitskapsorganisering (s.31). Hiim og Hippe viser til at ein må vera i stand til å sjå kva muligheiter som finns for å tileigna seg yrkeskompetanse på best mulig måte. Dei viser til samarbeid mellom skule og bedrift, rettleia yrkespraksis, praksisnære oppgåver og øvingar i den skulebaserte undervisinga (s.31).

Det finns eit klart skilje mellom yrkesdidaktikk og fagdidaktikk. Fagdidaktikk er per definisjon basert på inndeling av kunnskap i fag. I forhold til yrkes- og profesjonsutdanning er ei slik inndeling uheldig. Yrkeskunnskap kan ikkje betraktast som sum av skulefag eller av vitskapsdisiplinar (s.35). Eller som Lennart Nilsson sa det:

”Spør ein europear om kva han studerer, så svarer han eit fag. Spør ein japanar kva han studerer, så svarer han ein sykkel eller eit anna objekt.” (Nilsson 2009). Dette indikerer forskjellen mellom synet på fag for faget sin del eller fag for yrket sin del.

Når ein definerer yrkeskompetanse, må ein også ta med taus kunnskap og praktisk yrkeserfaring og erfaring med å bruka skjøn i arbeidsprosessar. Vesentleg profesjonell kunnskap er dessutan av non- verbal karakter og omfattar å tileigne seg ulike former for ferdigheiter og handlag (Hiim og Hippe2001:39). Slik kunnskap må formidlast i yrkesopplæringa gjennom praktisk arbeid i eit reelt arbeidsmiljø.

Dreyfus og Dreyfus har eit spanande syn på yrkesutdanning. Dei hevdar at nybegynnaren (novisa) må starta med reglar og element som gjer det mulig å kjenne igjen vesentlege element i oppgåva som skal lærast. Deira teori er at den lærande går gjennom fem fasar, der ein startar med reglar og normer, som etterkvart ein når eit høgare nivå, vert anvendt i forhold til situasjon og vurdert av den som til slutt vert ekspert. Ekspertkunnskap har karakter av heilskap, av å tolka nye situasjonar i lys av erfaring med tidlegare, liknande situasjonar og handlingsmønster (s.60). Dreyfus og Dreyfus hevdar at eksempel, case og problembeskrivingar i yrkesretta utdanning ofte består av kontekstfrie fakta, som alle har relevans for problemløysing og teoretiske grunngevingar. På den måten får ikkje eleven mulighet til å koma lengre enn til dei tre første nivåa på kompetanseskalaen (s.61). Dei hevdar at først i ”ekte” praksis møter ein verkelegheita sitt mangfald av samanvevde utfordringar. Difor er det nødvendig å gje elevane tilgang på praksissituasjonar som inkluderer alle sider ved frisørfaget. Det er for eksempel meir reelt å oppleve tempo, kundebehandling, krav til økonomisk vinning og kollegialt samarbeid på ein arbeidsplass, enn det ein oppnår i frisørsalongen på ein skule.

4.5 Kva som er spesielt for opplæring i skulen og kva som er spesielt for opplæring i bedrift

I fylgje Kvale og Nilsen, vil ein i framtida ha bruk for i større utstrekking å ta i bruk arbeidsplassen som opplæringsarena (Kvale og Nilsen 2003). Dette ser dei som eit resultat av det aktuelle samfunnskravet om livslang læring og at det rundt om på arbeidsplassar er rik tilgang på læringsressursar. Dei hevdar at det er motstridande interesser mellom det statlige utdanningssystemet og arbeidslivet sine organisasjonar. Striden har i generasjonar borte preg av kven som skal styra yrkesutdanninga sitt innhald og si form og kva instansar som skal vera økonomisk ansvarleg for yrkesutdanninga (2003:323). Denne striden har for øvrig fått ny aktualitet med prosjekt til fordjuping på vg1 og vg2, der elevar kan få store deler av opplæringa si i bedrift. Lærarane som

organiserer prosjekt til fordjuping får løn for arbeidet, medan det ikkje er sett av midlar til arbeidsgjevarar eller andre medarbeidarar som tek seg av skuleelevar som er ute i prosjekt til fordjuping, eller får annan yrkeserfaring i skulen sin regi.

Kvale og Nilsen peikar også på enkelte dilemma eleven møter i opplæring i bedrift. På grunn av auka krav om effektivitet, er det vanskeleg å la ein lærling bruka ubegrensa tid til å øva inn enkeltstående, grunnleggjande disiplinær. Derimot har ein god anledning til å få den type trening på skulen. Der er ein ikkje prisgitt tidspress og økonomisk vinning på same måten (2003).

Eit anna tema er frykt for akademisering av yrkesopplæringa, der fokus er teke bort frå yrkesutøvinga og over på teoretisk kunnskap innan for faget. Kvale og Nilsen stiller seg spørsmål rundt kvifor dette ser ut til å skje. Er det fordi mykje av opplæringa skjer utanfor verksemda? Dei hevdar at slik akademisering av yrkesopplæringa kan favorisere middelklassebarn til fordel for barn som er bokleg svake. Dei spør seg om det er eit generelt trekk at fagopplæring har bruk for meir teoretisk kunnskap, eller om dette skuldast eit forsøk frå fagorganisasjonane på å heva status og inntekt gjennom høgare utdanning. Kanskje kan ein sjå det aukane teoripresset som kompensasjon for auka tap av læringsressursar som fylgje av aukande rasjonalisering av produksjonsprosessar i arbeidslivet (s.324)? Nielsen og Kvale meiner det er viktig å få avklart om teoretiske og akademiske element skal inngå som verksame og dynamiske faktorar i framtida si yrkesutdanning (2003).

Ein så viktig dialog må skje i samhandling mellom skule og bedrift.

4.5.1 Elevane sitt ynskje om opplæring i bedrift framfor opplæring i skule

Det er gjort undersøkingar både i Norge og Danmark, som viser at unge føretrekkjer opplæring i bedrift framfor opplæring i skule (Mjelde 2002 og Nielsen 2004). Dette på tross av at arbeidsplassane ikkje primært driv med opplæring, men elevane får delta i felles arbeidsoperasjonar der medlæring er ei sideeffekt av arbeidet. Dei føretrekte læreplassane har fått kritikk for å utnytta billeg arbeidskraft til rutinearbeid utan læringsverdi, arbeidsmiljøet er tøffare enn det eleven er van med frå skulen, opplæringa skjer utan pedagogisk kompetanse. Likevel føretrekkjer elevane desse som lærermeister framfor profesjonelt utdanna lærarar på skulen (Kvale og Nielsen 2003).

Kvale og Nielsen brukar Søren Kirkegård som referanse på kvifor elevane velger slik: *“At man, naar det i Sandhed skal lykkes En at føre et Meneske hen til et bestemt Sted, først og fremst maa passe på at finde ham der, hvor han er, og begynde der. Dette er*

hemmeligheden i al Hjælpekunst” (Kirkegård i Nielsen og Kvale 2003:326). Ut frå dette snur Nielsen og Kvale opplæringsbehovet på hovudet og seier at elevane har bruk for å starta opplæringa i det miljøet dei skal virka og når dei kjenner faget, har dei bruk for teoretisk påfyll som kan utdjupa dei praktiske kunnskapane deira (s.326).

Dette vil i så fall bety at ein må snu 2+2 modellen og tilby elevane opplæring i skule etter at dei har vore to år i bedrift. Om ein ikkje går så grundig til verks, ser me i alle fall at opplæring vert mest verdifull når det er god dialog mellom skule og næringsliv og når det praktiske vert premissleverandør for det som skal lærast av teori.

Det vert også peika på fagleg autoritet som motivasjonsfaktor for elevane. Nielsen viser til undersøking som seier at elevar seier dei lærer best av lærarar som har vore i faget og ikkje berre snakkar generelt om forskjellige teknikkar (Hansen 2002 i Kvale og Nielsen 2003). Slike faglærarar er identifikasjonsmodellar og viktige kjelder for dei unge som er på veg inn i eit yrke.

Dette er eit vesentleg innspel bl.a. for frisørfag sin del, når me veit at fleire stader i landet vert faget design og handverk vg1, undervist av lærarar som ikkje er utdanna frisørar, men har ansvaret for det første året av frisørfagleg opplæring. (Det er liknande parallellar til andre fag, som rekrutterer breitt på vg1 til fleire ulike yrkesfag og der lærarkreftene underviser i fag dei ikkje har utdanning i.) Korleis er dette fagleg forsvarleg utan gjennom eit tett funksjonelt samarbeid med næringslivet og med andre skular som tilbyr frisørfag på vg2? Kanskje dette gjev grunn til å etterlysa tydelege rammer og føringar frå utdanningsdirektoratet om samarbeid mellom skular og om samarbeid mellom skular og ulike bransjar?

4.5.2 Meister lærling tradisjon

I handverksyrke brukar ein ofte omgrepet ”handboren kunnskap” om kunnskap som er vanskeleg å skilja frå sjølve utøvinga av yrket.

Yrkesopplæring byggjer på ein tradisjon der ein som kunne meir, som var ekspert, var læremeister for ein som var yngre og meir ukyndig. Denne tradisjonen er eindel av opplæringssystemet den dag i dag og er siste ledd i 2+2 modellen i bedrift. I tillegg til meisteren, vil det vera fleire på arbeidsstaden som har ansvar for lærlingen si opplæring. Det føregår i dagleg arbeid når ein som kan litt meir rettleiar og støttar opp om arbeidet til lærlingen. Dette kallar Kvale og Nielsen for sidemannslærling (Nielsen og Kvale 2003:190). Denne type læring skjer også i frisørsalongen på skulen, når elevar hjelper kvarandre med oppgåver den eine får til og som den andre ikkje har fått tak på enno.

Slik formidling mellom likesinna ,vert ofte omtalt som samarbeidslæring. Målet er i begge tilfelle at begge lærer, både den som får hjelp, men også den som rettleiar. Han får ny erfaring og nyttig kunnskap av å verbalisera og visa det han kan. Dette er også ein verdifull måte å koma vidare på.

Nielsen og Kvale legg også vekt på verdien av imitasjon av ein ekspert. Det er mykje læring som vert formidla gjennom kroppsspråk og handelag, som ikkje er verbalt tilgjengeleg. Dette får elevar/ lærlingar tileigna seg gjennom observasjon av ein som er kyndig, ein meister. Deretter kan dei gjennom gjentekne øvingar oppleve gleda av å meistra disiplinen sjølv, men no på sin eigen måte (s.192). Slike erfaringar legg skulen tilrette for når eleven får koma ut i bedrift. Der kan han få nye impulsar, som han tek med til skulen og øver inn disiplinen til den sit i fingrane.

Elevane kommenterer ofte forskjell i motivasjon mellom det å væra på skulen og det å vera i arbeid: "På skulen får det ingen verkeleg konsekvens om me er seine eller gjer feil, men på arbeid går det ut over einkvan og me må gjera vårt besta".

Eit kvart handverksfag har lange tradisjonar i meister- lærling- formidling der ein også i dag kan bruka desse tradisjonane i moderne opplæring i tillegg til opplæring på skule. Slike tradisjonsrike overføringar er lett for eleven å oppfatte som nyttige, når dei opplever praksisen i frisørsalongen dei er utplassert i.

4.6 Refleksjon i og over handling

Schön hevdar at karakteristisk kunnskap -i- handling for kompetente praktikarar på eit profesjonelt område ikkje er det same som den profesjonelle kunnskap som teoretikarane underviser i på skule og universitet (Schön i Illeris 2000:260). Vidare seier han at i eit kvart konkret tilfelle bør forholdet mellom dei to formene for kunnskap handsamast som eit ope spørsmål. Allminnelig kunnskap -i- handling kan vera bruk av forskingsbasert profesjonell kunnskap som skulen underviser i. Den kan vera overlappande, eller den treng ikkje ha noko med kunnskap -i- handling å gjera i det heile (s.269). Dette er eit viktig poeng i Schön si forskning. Eit anna poeng som han kjem med, er at kompetente profesjonelle praktikarar ofte har kapasitet til å utvikle ny kunnskap -i- handling, som finn stad i det han kallar den ubestemte sone i praksis. Kjeldene til kunnskap -i- handling inkluderer denne refleksjonen -i- praksis og er ikkje avgrensa til forskning som er produsert av universitetsbasert profesjonelle skular (s.269).

Kjernen i dette tilseier at elevar som skal læra eit handverksfag må ut i praksisfeltet og få impulsar frå profesjonelle yrkesutøvarar, for fullt ut å tileigna seg relevant kunnskap

som ikkje kan formidlast i ei tradisjonell klasseromsundervisning, der forelesing er den gjeldande forma.

4.7 Yrkesdidaktikken sin betydning for vårt prosjekt

Dette kapitlet har handla om kva det har å sei å lære med grunnlag i praktisk erfaring og av å knyta teori til praktisk erfaring. Dette er tankar og erfaringar som er vesentleg å ta med i dialogen i samarbeidet mellom skule og bedrift. For ein handverkar er dette ikkje noko nytt og uventa, men det er heller ikkje sikkert ein tenkjer over samanhengen mellom teori og praksis og kva praksis har å sei for å tileigna seg yrkeskompetanse. Først når ein vert bevisst eigen praksis og bevisst på korleis ein sjølv både lærer og formidlar, har ein eit grunnlag å diskutera korleis ein best kan overføra yrkeskunnskap til komande generasjonar handverkarar.

5. Teori om aksjonsforskning relatert til vårt prosjekt

Aksjonsforskning er ei kvalitativt orientert utviklingsforskning eller caseforskning, der hensikta er å gjera endringar (organisasjonsutvikling) samtidig med at ein dokumenterer endringsprosessen. Det er ikkje snakk om målingar og kontrollgrupper, men om kvalitative dokumentasjonar av ein utviklingsprosess som handlar om å møte eit problem. Poenget er her å dokumentera korleis eg saman med deltakarane i mitt prosjekt, har arbeid for å utvikla eit nettverk i vårt distrikt i Sunnhordland . Eg skal visa kva me har fått til i forhold til å utvikla eit nettverk for samarbeid mellom skule og frisørbedrifter og kva utfordringar og problem me har møtt og korleis me har takla dei. Aksjonsforskning er ei akseptert forskingstilnærming, som er annleis enn tradisjonell forskning med samanliknande målingar og kontrollgrupper (Hiim 2009).

Proffesjons- og yrkesbasert forskning handlar om å lære saman med og av andre, av kollegaer, elevar, kundar, klientar osv. (Hiim og Hippe 2001:291). Dette har vore kjernen i arbeidet for å få til eit funksjonelt samarbeid mellom skule og frisørbedrifter i Sunnhordland.

5.1 Aksjonsforskning med røter frå Kurt Lewin til vårt prosjekt

Aksjonsforskning er ei samarbeidande forskingsform, med røter til sosialpsykologen Kurt Lewin. Kurt Lewin sin aksjonsforskingsspiral inneber at forskinga vert gjennomført som systematisk planlegging, gjennomføring, vurdering, ny planlegging, gjennomføring, vurdering, osv.

Dette er kjernen i aksjonsforskning og måten prosjektet mitt er oppbygd på, med møte først i prosjektgruppa som planlegg og set agenda, deretter gjennomføring av samarbeidsmøte mellom frisørbedrifter og skulen. Dette møtet vert evaluert i prosjektgruppa, som deretter set opp ny agenda for nytt møte mellom frisørbedrifter og skule, på bakgrunn av evalueringa, osv. Til saman fire sekvensar.

Dette er ei forskingsform der ein forskar saman med folk og ikkje på folk. Det er mange ulike tilnærmingar til aksjonsforskning. Dei aller fleste har ei hensikt om demokratiutvikling og demokratisk medverking i forskingsprosessen (Hiim 2008). I min samanheng vert hovudfokuset pedagogisk aksjonsforskning med demokratisk samarbeid i utviklings- og aksjonsforskingssprossar. Denne forskinga har viktige fellestrekk med organisasjonsutvikling og praktikerforskning, men fokuserer på utdanning.

Målet med arbeidet er å utvikla tilstrekkelig relevant kunnskap, som er knytt til skulen og frisørbedrifter sitt profesjonelle arbeid i Sunnhordland. Den pedagogiske aksjonsforskninga slik den er brukt her, har derfor til hensikt å utvikla eksempel og prinsipp som andre lærarar og utdanningsmyndigheiter på ulike nivå kan læra av. Den har ikkje til hensikt å utvikla "faste oppskrifter".

5.2 To nyttige omgrep hos Habermas om aksjonsforskning med relevans for samarbeidsprosjektet mitt

Jürgen Habermas (f. 1929) er ein av vår tids mest kjente filosofar og sosiologar. Han hevdar at mennesket er styrt av system, dvs. faktiske strukturar og normer for organisering av sider ved vårt sosiale liv. Han brukar også omgrepet "livsverden" om det mennesket opplever som sosialt og personlege liv. Dette betyr at vårt sosiale liv er abstrakt og kan formast i sosiale system (Hiim 2009).

Det kan vera motsetningar og ubalanse mellom skulen som system og elevar og lærarar sin livsverden. Dette kan opplevast som eit demokratisk problem og kan vera medverkande årsak til at elevar sluttar i vidaregåande skule (ibid.). Problema kan ha utspring på ulike systemnivå, for eksempel på sentralt utdanningsnivå (læreplanar og formelle retningslinjer), fylkeskommunalt nivå (retningslinjer for eksempel for vurdering), skulenivå og avdelingsnivå (ibid.).

Ubalanse og motsetningar kan føra til mistriivsel og mistilpassing og mangel på effektivitet i systemet. For eksempel kan stort fråfall av elevar tolkast som ein ubalanse på sentralt nivå. (Det er ubalansen ein må ordna på, ikkje eleven) (ibid.).

Likeeins er utfordringa om å rekruttere elevar, som har interesse og aktuell kompetanse for å arbeida som frisør i dagens marknad. Det vil i så måte vera nødvendig med systemendring som veks fram nedanfrå. Det er viktig å skapa møteplassar, dialogar og samarbeidsstrukturar for alle dei som vert råka av problema/ ubalansane .

Ut frå desse argumenta, er det naturleg å velja aksjonsforskning som metode når eg skal forska på samarbeid mellom skule og frisørbedrifter i Sunnhordland.

Opplevd mangel på relevans , fråfall og manglande rekruttering til faget er eit teikn på ubalanse mellom utdanningssystemet og elevens livsverden. Gjennom å utvikle dokumentert profesjonell kompetanse kan samarbeidsprosjektet mellom skule og bedrift håpa å påverka avdelingar, skulen, fylkeskommunen og det sentrale systemet til konstruktiv utvikling for frisørutdanninga på ein demokratisk måte. Samarbeidet mellom

skule og bedrift er eit typisk systemendringsprosjekt ved at det er forankra på arbeidsplassen/ fylkeskommunen. Det vil også vera ein styrke for prosjektet at det er tilknytt ein større samanheng ved høgskulen i Akershus sitt KIP- prosjekt .

Dette kallast lærande organisasjon, der skulen som organisasjon i dette tilfelle lærer av elevane, lærlingane og næringslivet sine tilbakemeldingar til kvarandre og vise versa.

5.3 Aksjonsforskning og organisasjonsutvikling

Aksjonsforskning vert ofte leia av ein ekstern konsulent. Hiim og Hippe (2001) peikar då på faren for at forskingsprosessen og forskingsresultata kan bera preg av forskaren sitt vitskapelege utgangspunkt for emnet. Difor meiner dei det er ei føremon om forskinga vert leia av yrkesutøvaren sjølv. Dette fordi hensikta er å utvikle yrkesteori og –praksis som har meining for yrkesutøvaren sjølv, for hans arbeidsplass og for andre utøvarar av yrket eller profesjonen (s. 291). Fordelen med å bruka ekstern konsulent derimot, kan vera betre organisasjonsutvikling. At ein lærer betre å fungera saman som lærande organisasjon, i fylgje Hiim og Hippe.

Skal ein organisasjon utviklast, må forholda leggjast til rette for at ein kan læra av kvarandre og læra av ulike syn (Revans 1984 i Hiim og Hippe 2001). Nettopp ei slik tilrettelegging har eg prøvd å få til i samarbeidsprosjektet mellom skule og frisørbedrifter. Dette kallar Eikeland læring i organisasjonar eller læring på arbeidsplassen og betyr ein stad der ein lærer på forskjellige måtar (Eikeland 2009). I vårt tilfelle vil ein kunna sei at dei involverte i prosjektet lærer av dei andre sine erfaringar og dei andre sine kunnskapar med mål om felles å utvikle frisørfagopplæringa i Sunnhordland.

Hiim og Hippe viser til profesjonelle organisasjonar, der yrkesutøvinga er prega av høg fagkompetanse og raske endringar, og på arbeidsplassar der menneskelege forhold krev god utøving av skjønn og evne til å tilpasse yrkesutøvinga ut frå uforutsette forhold (s. 294). Dei hevdar at denne type profesjonelle organisasjonar må byggja på ei oppfatting av kunnskap som dynamisk, prosessprega og delvis kontekstavhengig. I tråd med dette må læreprosessen sjåast i lys av refleksjon, endring og medansvar. Arbeidsoppgåvene kan ikkje definerast på førehand, men må gje handlingsrom, muligheiter for samarbeid og læringsmuligheiter (s.295).

Både frisørfag og frisørlæreryrket representerer profesjonelle organisasjonar i tråd med denne definisjonen. Det er difor grunn til å satsa på organisasjons utvikling i ein

samarbeidande, kommunikatív kontekst, slik me prøver å få til i samarbeidsprosjektet mellom skule og frisørbedrifter i Sunnhordland.

5.3.1 Kvifor er organisasjonslæring viktig?

I fylgje Eikeland, har arbeidslivet gått frå ein hierarkisk- til ein flatare organisasjonsstruktur. Kunnskap sit ikkje lengre berre i toppen av organisasjonen, men finns også i førstelinjetenestefunksjonar. Kunnskap vert spreidd på heilt nye måtar. Større delar av folk (arbeidsstokken) tek del og det er meir variasjon i alder og erfaring hos arbeidstakarane (Eikeland 2009). For frisørfag betyr dette at alle involverte i opplæringa, både dei som lærer opp og dei som lærer, kan bidra med kunnskap, erfaringar og meiningar til fellesskapet. Det er på den måten me får læring i organisasjonen og det er på den måten me kan skapa innovasjon i faget.

Eikeland brukar ordet organisasjonslæring og kallar det kollektiv "gjørelæring" eller erfaringslæring (Eikeland 2009). Det vil sei at ein fokuserer på felles praksis. Korleis arbeider me i forhold til kvarandre og i forhold til oppgåveløysing? Dette vert eit sentralt spørsmål i samarbeidet.

5.3.2 Kjernen i aksjonsforskning

Korleis gjer me dette i praksis? Aksjonsforskning byggjer på prinsippa i den hermeneutiske læringsspiralen. Det betyr at ein let ulike syns koma fram og tek desse på alvor. Ein må forstå kvarandre sine synspunkt og opplevingar og kva dei inneber (Hiim og Hippe 2001). På den måten utviklar ein eit breiast mulig kunnskapsgrunnlag å arbeida ut frå. Hensikta er å sjå muligheiter for nye løysingar for å unngå at verksemda stivnar i bestemte oppfatningar og handlingsmønster (s. 300).

Den hermeneutiske læringsspiralen kan vera ei visualisering av dette. Ein planlegg, gjennomfører, evaluerer og går ein ny runde med ny, revidert plan, ny gjennomføring, ny evaluering osv. I mitt prosjekt finn ein desse sekvensane i form av møte, tilbakemelding frå deltakarane i form av referat og logg med påfylgjande nytt møte, ny evaluering og ny plan for neste møte, osv. På den måten skal alle deltakarane ha muligheit til å koma med innspel, som kan påverka prosessen som skjer i samarbeidet. I mitt prosjekt har eg løyst dette som fylgjer i resten av kapitel 5.3 sine underkapitel.

5.3.3 Organisering av arbeidet

Eg organiserer samarbeidet slik at arbeidsplassen min v/ rektor eig prosjektet. Dette er anbefalt av Sunnhordland næringsutvikling (SNU) v/ Jostein Sydnes og grunngeve med

at det er ein styrke å gje ei forankring tenesteveg, som kan vera nyttig når det gjeld korleis prosjektet vert ivareteke og behandla av leiinga på skulen. Vidare står eg som prosjektleiari med ansvar for å leggja rammer for prosjektgruppa og det praktiske med å gjennomføra møter.

5.3.4 Prosjektgruppa si rolle

Prosjektgruppa skal sikre den demokratiske prosessen i arbeidet. Gruppa er sett saman av fem personar med ulik bakgrunn frå skule og næringsliv. (sjå spesifikasjon i prosjektplanen kap 2.3.1) Deira hovudansvar er å koma med framlegg til sakliste for fellesmøta og å organisera innhaldet på fellesmøta slik at det tener målet om å auka kompetansen i frisør opplæringa best mogeleg. Dei skal også sikra at det vert ført referat frå møta og at sakene som skal opp på neste fellesmøte samsvarar med ynskjer og behov i forhold til det som er uttrykt i fellesmøta. Dette betyr at verken prosjektgruppa eller prosjektleiari kan forutsei kva retning arbeidet i felles møta kan ta. Det vert også prosjektgruppa saman med prosjektleiari som må fylgja opp saker som vert føreslege, slik at dei kan vidareførast og setjast i verk slik det vert vedteke i fellesmøte.

Til samanlikning kan ein sei at prosjektgruppa har styret si rolle i eit aksjeselskap, eller ein kan samanlikna med administrasjonen si rolle på ein skule.

5.3.5 Felles møta si rolle

Fellesmøte vert halde fire gonger i prosjektperioden og er siste del av ein sekvens/ bolck. Dette er eit fora der alle som har innverknad på opplæringstilbodet i skule eller bedrift har møte og uttalerett. Det kan vera frisørsalong eigarar, lærlingar, skuleelevar, lærarar, rådgjevarar frå ungdomsskular og vg1, folk frå fagopplæringskontoret, frå sveineprøvenemnda og andre interesserte frå bransjen. Det er eit mål å få flest mulig på banen, slik at prosjektet høyrer flest mulig stemmer.

Fellesmøtet kan ein samanlikne med generalforsamlinga i eit aksjeselskap, berre at prosjektet har fleire møter gjennom året. Til saman er det prosjektmøtet etterfølgd av fellesmøte som vert definert som ein sekvens eller ein bolck.

5.3.6 Referansegruppa si rolle

Som vist i prosjektplanen i kap 2.3.1, er det etablert ei referansegruppe med folk frå NFF, NHO-handverk og SNU. Desse har sagt seg villig til å uttale seg når prosjektleiari treng råd eller korrigering i forhold til å få vita kva som er bransjen sine behov og meiningar. Det er ein overordna tanke i arbeidet frå prosjektleiari si side, at bransjen er

premissleverandør for det som skjer i skulen. Målet med referansegruppa er at dei er med og påverkar innhaldet i samarbeidsprosessen på ein måte som fører oss nærare auka kvalitet og kompetanseløft i frisør opplæringa, i alle ledd i det offentlege utdanningslaupet.

Eg kjem til å senda rapportar til referansegruppa med ulike mellomrom, for å få tilbakemelding om me er på rett spor. Eg kjem til å leggje stor vekt på denne tilbakemeldinga, ettersom eg ser det som svært viktig at tida vert brukt på saker som bransjen syns er viktig. For å sikre den praktiske gjennomføringa av prosjektet, er det av betydning å få tilbakemelding frå SNU, slik at me arbeider innanfor den planen dei har anbefalt å bruka. Dette er ein plan som vil vera eit godt verktøy for dei som eventuelt vil fortsetja eller kopiera samarbeidsprosessen mellom skule og bedrift.

I mitt prosjekt har eg også brukt prosjektleiarprosessen PLP. Den vert forklart i fylgjande kapitel.

5.4 Prosjektleiarprosessen; PLP- metoden i mitt prosjekt

Prosjektleiarprosessen (PLP-metoden) er ein prosessmetode som er enkel å ta i bruk når ein skal gå i gang med å organisera eit stort prosjekt. Prosessen er ein arbeidsmetodikk med faseinndelt prosjektutvikling frå idè til lønsamt produkt/ teneste produkt. PLP prosjektleiarprosessen beskriv ein utviklingsmetodikk som vert brukt blant anna i alle regionale omstillingsprosjekt der Statens nærings- og distriktsutviklingsfond/ Innovasjon Norge, deltek og som blir brukt i utviklingsprosjekt på brei basis.

I mitt eksempel betyr det at eg har teke i bruk PLP-metoden sitt ferdige oppsett med overskrifter, slik prosjektplanen er inndelt i kapitel 2. Min jobb har vore å finna innhald som fungerer til mitt samarbeidsprosjekt mellom skule og bedrift i Sunnhordland og har lagt det inn i PLP- metoden sin struktur.

“Utviklingsorientering starter med enkeltmennesket. Det er hos enkelt individet at det må skapes en bevisst holdning som utløser det personlige driv i et forpliktende samspill med andre, for å realisere en gitt oppgave. Det er SNDs mål å bidra til en positiv utvikling i den enkelte organisasjon gjennom styrking av den enkeltes utviklings- og gjennomføringskompetanse” (Innovasjon Norge u.å.).

Statens Nærings- og Distriktsutviklingsfond (SND) sitt mål er å fremma ei lønsam bedrifts- og samfunnsøkonomisk næringsutvikling i heile landet. SND medverkar til utbygging, produktutvikling, modernisering og omstilling samt nyetableringar i norsk næringsliv. Dei fremmar tiltak som skal gje varig og lønsam sysselsetting i alle deler av

landet (Innovasjon Norge u.å.). På bakgrunn av dette har eg valt å bruka prosjektleiarprosessen PLP i eit prosjekt som inkluderer både skule og næringsliv.

5.5 Prosjektleiar si rolle

Prosjektleiar (eg) er den som koordinerer alt det praktiske arbeidet i samarbeidsprosjektet. Så lenge anna ikkje er avtalt, er det prosjektleiar som ordnar med lokale, har kontakt med presse og eksterne instansar. Prosjektleiar har ansvar for at framdrift og avgjersler skjer på demokratisk vis.

Prosjektleiar tek ansvar for all dokumentasjon av samarbeidet mellom skule og frisørbedrifter i Sunnhordland. Det vil bli laga sakliste og referat til alle prosjektmøta og fellesmøta. Eg skriv logg frå all kontakt eg har med personar som har noko å sei for prosjektet, både formelle møter og andre aktivitetar. Eg ber også prosjektgruppa om å skriva logg frå prosjektmøta og fellesmøta.

Data må sorterast og analyserast med tanke på å få til ei utvikling som i den hermeneutiske læringsspiralen, med planlegging, gjennomføring, evaluering, ny planlegging, gjennomføring, evaluering osv. Prosjektleiar har ansvar for at denne utviklinga kan sporast, slik at ein kan vise kva som er betre/ utvikla i neste runde. Prosjektleiar skal også systematisk vurdere mål, innhald, rammer, læreføresetnad og læreprosess i alle møta, for å sjå om det har relevans i forhold til å sikre kvaliteten i opplæringa.

5.5.1 Nokre tankar om korleis ein kan gå fram for å få til ein god dialog i samarbeidsprosjektet

Når ein skal leia eit prosjekt, er det viktig å vera audmjuk og open for andre sine synspunkt og løysingar. Ein kan vera ivrig og brenna for ei sak sjølv, men når dei andre si stemme vert høyrte, kan saka få ein annan dimensjon og verta løyst på nye måtar enn det ein ville valt åleine i utgangspunktet. Dette kan av enkelte oppfattast som ettergivenhet, men eg ser på den eigenskapen som ein styrke hos ein prosjektleiar.

Dette har parallellar til den gamle bruken av omgrepet sjef og til dagens bruk av omgrepet leiar. Det eg assosierer med ordet sjef, er ein som dirigerer medarbeidarar til oppgåver som sjefen allereie har bestemt. Ærefrykt for sjefen, kan sjå ut til å vera ein motivasjonsfaktor. Ein leiar derimot, er ein som støttar opp om medarbeidarane sine, lyttar, reflekterer og tek medarbeidarane med på råd og gjev dei mulighet og oppmuntring til eigen utvikling. Eller som Morten Emil Berg definerer leiing i boka si: "

Kjernen i leiing er å ta ansvar for å levere resultat. Å arbeida gjennom medarbeidarane. Å være coach og utvikle sine medarbeidarar (Berg 2001).

Folk må føla at dei vert teken på alvor når dei vel å delta i prosjektet om samarbeid mellom skule og frisørbedrifter i Sunnhordland. Men, som Marit Hartvigsen og Kjartan Kvernsøy seier i boka si, er dei ikkje sikker på om det er mulig å føla at ein blir tatt på alvor utan å oppleve motstand (Hartvigsen og Kvernsøy 2008). Folk skal bli høyrte og alle sine meiningar skal fram og bety like mykje, men det betyr ikkje at ein alltid skal vera einige. Ein må derimot vera tygge på kvarandre og oppleve tillit til kvarandre, for at ein kan koma med meiningar som ikkje alle deler.

Det er vesentleg at eg som prosjektleiar klarer å leggja tilrette samtalen i prosjektgruppa slik at den enkelte får koma til syne. Den enkelte har behov for anerkjenning og fellesskapet har behov for å bli samsnakka for å få til eit konstruktivt samarbeid (Hartvigsen og Kvernsøy 2008:47).

5.5.2 Kva leiingsstrategi er relevant å bruka i samarbeidsprosjektet mellom skule og frisørbedrifter i Sunnhordland?

Aksjonsforskningsprosjektet har me alt definert som eit organisasjonsutviklingsprosjekt. Å føra ein organisasjon framover, medfører endringar i forhold til det som er dagens situasjon. I fylgje Morten Emil Berg, er det vesentleg at endringsprosessar vert forankra i heile organisasjonen. Det betyr at medarbeidarane må føla eigarskap til endringsprosessane (Berg 2000:245). Denne filosofien kjem til syne i aksjonsforskningsprosjekt ved at alle som har noko å sei for frisørutdanninga vert invitert til å delta og at alle sine meiningar skal fram og verta høyrte.

Når ein skal vera leiar for eit arbeid der andre menneske er viktige medspelarar, er det nyttig å tenkja gjennom kva type leiing samarbeidet har behov for. Er det bruk for aktiv eller passiv leiing? Skal leiinga vera effektiv eller ineffektiv? Fritt oversatt betyr desse spørsmåla om prosjektet skal bli som det blir, eller skal me ha ein strategi for arbeidet og leia i forhold til strategiplanen? Å vurdere leiingsstrategi ut frå prosjektet sine gjeldande rammer og kriteriar vil sei å nytta situasjonsbestemt leiing.

Det ideelle ut frå dette er at eit aksjonsforskningsprosjekt blir leia etter transformasjonsleiings prinsippet. Det vil i fylgje Berg sei at leiar er rollemodell, han skal inspirera, gje rom for intellektuell stimulering og vera trenar (Berg 2000:91). Trenar vil i ein slik samanheng bety å coacha medarbeidarane i utviklinga som driv prosjektet

framover. Det vil sei større fridom til medarbeidarane og at medarbeidarane vert leia til å leia seg sjølv mot målet.

Dette kan ein også kalla ein ideologisk leiingsstil der leiaren i fylgje Berg er misjonær (Berg 2000:95) Det inneber at ein har respekt for individet, fridom under ansvar, open og ærleg kommunikasjon, konsekvent og rettferdig behandling av alle, gjensidig tillit, rom for mangfald i organisasjonen, beslutningslojalitet og stoltheit over resultat. I vårt prosjekt ynskjer eg å definera det slik at me har eit humanistisk menneskesyn og at målet som visjonen byggjer på, er å sikra kvaliteten i yrkesopplæringa for frisørar.

Det vart ikkje utvikla noko visjon for prosjektet. Me valte heller å arbeida etter prosjektleiarmetoden; PLP- modellen, som alt nemnt, med tydeleg målstyring og hovedaktivitetar.

5.5.3 Coachande tilnærming i samarbeidsprosjektet

Eg trur det kan vera hensiktsmessig å bruka ei coachande tilnærming når eg leiar samtalen i prosjektgruppa og på fellesmøta. Coaching bygger på eit optimistisk menneskesyn, ei humanistisk og eksistensialfilosofisk halding og eit muligheits- og løysingfokusert tankesett (Gjerde 2003).

I praksis er det fem fasar i coaching metoden, som vil vera nyttige verktøy her:

- 1) Utvikle tillit og leggja grunnlag for samarbeid. Dette vert definert som at det er samsvar mellom det ein person seier han skal gjera og det han faktisk gjer.
- 2) Diagnose, eller å tolka situasjonen. Det vil sei at ein må vidareutvikla det som er bra og lesa situasjonen for å forstå kva utfordringar ein står ovanfor.
- 3) Ein må definere ei målsetting for å ha ei klar oppfatting av kvar ein skal gå. Det er lov å prøva seg fram, slik at vegen vert til mens ein går.
- 4) Handling, der metoden inneber ein skrittvis læreprosess, både for coachen (her: prosjektleiaren) og for deltakarane for øvrig. Metoden byggjer i stor grad på læring gjennom handling.
- 5) Oppfølging: Evaluering, tilbakemelding og belønning. Resultata må vurderast mot målkriteria. Kva lukkast me med/ lukkast ikkje? Kvifor lukkast me/ lukkast me ikkje? Kva kan me læra av prosessen og kva bør me gjera betre neste gong? (Berg 2003). Fase 5 er samanfallande med sekvensinndelinga i den

hermeneutiske læringsspiralen. Eg synest dette er ei god tilnærming å bruka når ein skal inn i ein dialog i eit aksjonsforskningsprosjekt.

5.5.4 Kunnskap om EQ brukt i samarbeidet

Når ein arbeider tett med andre menneske og skal få til samhandling gjennom tillit og respekt, er det også godt å ha ei forståing av omgrepet emosjonell intelligens – EQ. "Følelsemessig intelligens, emosjonell intelligens, EQ er evna til å tolke og forstå våre egne følelsar og derav trekke adekvate konklusjonar. Av dette fylgjer evna til å forstå andre menneske sine følelsar og å trekka adekvate konklusjonar ut av dei " (Wenberg 2001).

Den følelsemessige intelligensen er betrakta ut frå eit kunnskapsperspektiv og vert blant anna definert som å ha kontakt med egne følelsar, for ikkje å vera i følelsane si vold. Ein må kunna handtera følelsane sine og kjenna dei igjen. Ein må kunna motivera seg sjølv, gjennom konsentrasjon og tålmod for å nå målet. Å oppfatta følelsar hos andre og ha evne til empati. Dette vert av Salovey reknar som den viktigaste sosiale begavelsen. Ein må kunna skapa og bevare relasjonar gjennom å handtera og forstå andre sine følelsar (2001:23).

Eg ser på EQ, som eit verktøy i kommunikasjon mellom menneske uansett situasjon. Spesielt viktig i relasjonar der ein skal oppnå noko saman, og der eg, som prosjektleiar er den som skal leia andre til eit mål og å få til eit funksjonelt samarbeid mellom skule og frisørbedrifter i Sunnhordland.

5.6 Grovplan for prosjektet basert på didaktisk relasjonstenking

I dette kapitelet vil eg beskriva strukturen i gjennomføringa med dei fire sekvensane som er brukt og korleis eg praktisk vil organisere dette. Eg vil også drøfta muligheter i forhold til datainnsamlinga mi og koma med ein kritisk analyse av det som er planlagt. Viktige spørsmål til det som blir sagt og gjort undervegs kan vera: "er det sant, effektivt, rettferdig og oppriktig?" Har dette mening for den som deltek og for faget, eller vert deltakarane i samarbeidet berre informantar for ei masteroppgåve som skal gjennomførast?

"I den yrkesfaglige læringstradisjonen er kunnskapen stort sett strukturert kring arbeidsoppgåver. Ulike typar og former for yrkesfunksjonar og arbeidsoppgåver må vera grunnlag for ei utdanning som både tek omsyn til deltakaren sine læreforutsettingar, rammefaktorar, mål, innhald, læreprosess og vurdering." (Hiim og Hippe 2001:32)

Dette har Hiim og Hippe sett i system og visualisert i det dei kallar den didaktiske relasjonsmodellen.

I min samanheng vert den didaktiske relasjonsmodellen kjernen i arbeidet og det som vert innhaldet i samarbeidet mellom skule og frisørbedrifter i Sunnhordland. Min aksjonsforskingsspiral vert å få til eit samarbeid og temaet i samarbeidet vil krinsa rundt den didaktiske relasjonsmodellen: Kva er mulig å få til av opplæring for elevar og lærlingar innanfor læreføresettingar, rammer, mål, innhald, læreprosess og vurdering?

Dei fylgjande underkapitela er formulert i tråd med den didaktiske relasjonsmodellen.

5.6.1 Rammer

Dette eit prosjekt der eg forskar i eigen praksis. For å få dette til, er eg avhengig av å få med andre innanfor feltet, for at me skal få til ei utvikling. For å få til prosessen, krevst det både deltakarar, tid og fysisk rom. Heldigvis har alle som blei spurt, sagt ja til å vera med. Ikkje sikkert eg har klart å formidla godt nok kva dette samarbeidet inneber og kva som er forventa av dei som deltek. Dette delvis fordi målet med samarbeidet er at resultatet skal vera uforutsigbart. Denne måten å tenka på, kan vera vanskeleg å formidla, til dei som ikkje har drive med aksjonsforsking før. Likevel, i etter kant kan eg berre sei at alle har gjort ein heiderleg innsats.

Eg har i kapitel 5.5 fortalt korleis eg som prosjektleiar vil leggja til rette for ein konstruktiv dialog med deltakarane.

Faktoren tid, trur eg kan bli ei utfordring. Det er mykje forlangt at folk skal gjera denne type arbeid på dugnad. Å få til eit samarbeid mellom skule og bedrift, kan visa seg vanskeleg så lenge det ikkje er gitt tydelege føringar frå det offentlege om økonomiske rammer og praktisk gjennomføring. Fysisk rom vert inga utfordring. Prosjektet brukar skulen sine lokale.

Sidan Hordaland fylkeskommune har samarbeid mellom skule og bedrifter som satsingsområde, var eg heldig og fekk økonomiske midlar til føremålet. Desse vert disponert til utvikling av rammer og rettleiing rundt det praktiske for prosjektet og nytta til reiser til og frå høgskulen i Akershus i samband med prosjektrapporten.

Fylkeskommunen har bedt om ein rapport etter prosjektet er avslutta. Dette er ei god forankring av prosjektet og ein positiv mulighet til å formidla resultatet og ein mulig vidareføring av eksempela til andre som kan ha nytte av erfaringane i prosjektet.

Utover dette er prosjektet som vist i kap 2, utan eigne midlar. Det betyr at alt arbeidet som vert gjort vil skje utanom ordinær arbeidstid. Det igjen, betyr at dersom me skal få med handverkarar, som står i produksjon, må møteaktiviteten skje på kveldstid/ fritid.

Eg har valt å bruka eit år som tidsperspektiv på gjennomføringa av prosjektet. Tidsperspektivet er gjennomtenkt ut frå at all utvikling treng ei viss tid. Eg avgrensar til eit år, for skulle dette bera galt av stad, vil det vera naturleg å avvikla utan å tvære arbeidet ut lengre enn nødvendig. Blir det vellukka, er det naturleg at samarbeidet vidare vert formalisert i permanente former og ikkje som eit prosjekt.

Eg har avgrensa prosjektet geografisk til å gjelda Sunnhordland. Dette med tanke på at me har tilstrekkeleg variasjon i yrkesfunksjonar i dette området til at det har relevans for eit samarbeidsprosjekt. Det er også naturleg å avgrensa til Sunnhordland, sidan dette var dei tidlegare grensene for det lokale lauget og avgrensing for dei frisørane som definerte seg som lokale samarbeidspartar. Eg vurderte å ta med Haugaland også, men fann ut at det kunne bli ein uhandterleg størrelse for å etablera eit varig samarbeid. I praksis betyr det at for mange ville fått for lang reiseveg for å møtast.

Sidan Stord vidaregåande skule står som eigar av prosjektet, får me heldigvis fri tilgang på skulen sine lokale i prosjektperioden. Det vert veldig praktisk, sidan skulen disponerer ulike rom med forskjellig størrelse, god lyssetting og har god tilgang på audiovisuelt utstyr.

Lokalbladet presenterte prosjektet i ein halvsiides reportasje like før oppstart i 08 ("Sunnhordland" 2008) (Vedlegg 2). Dette vart ei god forankring av ideen i frisørbransjen. Prosjektleiaren har fått mange positive tilbakemeldingar etter reportasjen, både frå frisørbransjen og andre som arbeider med yrkesfag og utdanning.

5.6.2 Mål med prosjektet

Hovudhensikta med prosjektet, er å få til ein modell for eit konstruktivt og funksjonelt samarbeid mellom skule og bedrift. Det er like viktig å få fram det praktiske rundt det å etablera eit samarbeid, som innhaldet i dialogen mellom skulen sine representantar og frisørbransjen sine representantar. Innhaldet i dialogen vil ha det overordna målet om å auka kvaliteten på frisør opplæringa etter at kompetansereforma vart innført i Norge.

Gjennom dei fire sekvensane prosjektet skal gjennom, er det viktig å halde fokus på hovudmålet og den overordna hensikta, slik eg har omtalt det her. I tillegg vil prosjektgruppa bli utfordra til å koma med eigne mål for samarbeidet. Desse delmåla vil vera med å styrka hovudmålet om å auka kvaliteten på frisør opplæringa i Norge. Klarer

ein dette, er ein med å gje frisørfag eit løft, noko som vil auka status for faget og tilgang på arbeidskraft i tida som kjem.

Skal ein nå målet om å auka kvaliteten på frisør opplæringa, er det av avgjerande betydning at resultatet av prosjektet vert formidla breidt. Forskingsrapporten vil på den måten kunna bidra i debatten om innhald og struktur i frisør opplæringa gjennom fylkeskommunen sine kanalar og gjennom frisørbransjen sine kanalar, som Norges frisørmeisterforbund (NFF), Det norske frisørlærerforbund (DNF) og gjennom NHO-handverk. Skal prosjektet vera eit eksempel for andre handverksfag, må me også formidla resultatet i aktuelle fagblad og gjennom andre handverksorganisasjonar.

5.6.3 Val av deltakarar i prosjektet

Sidan prosjektet er eit aksjonsforskningsprosjekt med karakter av organisasjonsutvikling, er det av betydning at deltakarane har breiast mulig bakgrunn og erfaring innan feltet. Slik vil føresetnadane til saman vera dei beste for at me kan læra av kvarandre. Summen av våre felles kunnskapar og erfaringar, skal bringa oss vidare i å utvikla eit funksjonelt samarbeid mellom skule og frisørbedrifter i Sunnhordland.

Elevane har eit ynskje om å bli frisør og har forventningar i forhold til faget. Lærlingane har erfaring gjennom eiga opplæring. Dei fagansvarlege ser kva som er behovet i marknaden gjennom sitt daglege arbeidet i kontakt med kundar. Arbeidsgjevarar ser kva som er krav og forventningar frå det offentlege og frå samarbeidande partar og organisasjonar. Skulen veit kva som er mål og innhald på vg1 og vg2. Dei har erfaring med å ha elevar utplassert i frisørsalong og kjenner måla i læreplanen og kan vurdere arbeidet ut frå desse. Lærarane er ofte i ein spesiell lojalitetssone som arbeidstakarar. Dei ser kva bransjen har behov for av arbeidskraft og kvalifikasjonar og dei fleste kan tolka dette for elevmassen på grunnlag av eigne erfaringar i bransjen. Dei er også lærarar og ser at elevgrunnlaget og skulen sine rammer ikkje alltid harmonerer med bransjen sine behov og forventningar.

Det er nyttig for prosjektet å få med folk frå fagopplæringskontoret, som har hand om strukturen i eleven sin overgang til arbeidslivet. Sist, men ikkje minst er det viktig å ha med folk frå sveineprøvenemnda. Dei er i stand til å vurdere det tekniske nivået på sveinebrev som er resultat av opplæringa i skule og bedrift. Dei vil vera dei første som kan sei noko generelt om det faglege nivået, dersom det viser seg ei endring etter innføringa av kunnskapsløftet. I tillegg har prosjektet referansegruppa i ryggen. Dei består av eit nettverk som har direkte påverkningsmuligheit i ein overordna utdanningspolitisk samanheng. Eg tolkar det slik at alle desse deltakarane er likeverdige

faktor for at gjennomføringa av samarbeidet skal verta konstruktivt og funksjonelt for frisørfagleg utvikling.

5.6.4 Innhald og prosess

Eg vel å definere prosess som den praktiske delen av å etablere eit samarbeids fora, medan innhald betyr den faglege diskusjonen som skal føregå i samarbeidet.

Innhaldet skal så langt det er mulig styrast av deltakarane sjølv, i fire sekvensar/ bolkar. Prosjektleder må riktig nok vere den som legg føringar for innhaldet i første prosjektmøtet, slik at me har eit utgangspunkt for å få i gong ein dialog. Det som skjer frå og med første fellesmøte, der alle involverte vert invitert, er heilt opp til fellesskapet. Framdrifta vil koma til uttrykk etterkvart som diskusjonstema kjem opp og prosjektgruppa kan sortere emne og prioritere dagsorden i dei fire møte- sekvensane.

Prosjektet er meint å enten bli avvikla i mars 09, eller fortsetja i ei anna form. Eg håpar sjølv sagt at me finn grunnlag til å utvikla samarbeidet mellom skule og frisørbedrifter i Sunnhordland, etter som eg har vist til svært mange argument for å få dette til, gjennom heile oppgåva. Likevel er ingenting sjølv sagt på dette tidspunktet. Skulle me mislukkast, vil det derimot vere behov for ein grundig analyse av kva som kan gjerast betre, for å prøve på nytt å opprette eit fora for god dialog mellom skule og frisørbedrifter i Sunnhordland.

5.6.5 Vurdering

5.6.5.1 Vurdering undervegs

Vurderinga av prosjektet vil naturleg nok bli firedeelt. Sluttvurderinga vert eit resultat av framdrifta i dei fire sekvensane. Sidan det er deltakarane i prosjektet saman med prosjektleder som bestemmer innhald og framdrift, går det ikkje an å førespegla kva som skal vurderast i dei ulike sekvensane og til slutt. Det eg derimot kan sei no, er at eg vil prøve å halda fokus på ei todeling i framdrifta, der både sjølve det å byggja eit samarbeidsnettverk skal vurderast undervegs og innhaldet i den faglege diskusjonen skal vurderast.

Eg trur kanskje det er naturleg å rekna med at eg som prosjektleder kan ha meir å bety for det praktiske rundt å organisere samarbeidet enn dei andre vil ha. Det trur eg, fordi dette er mitt initiativ og det er eg som disponerer tilgang på gratis lokale gjennom min

arbeidsplass. Litt av grunnen til dette, er at prosjektet er utan midlar og det vil vera den som sit med ressursane (her: gratis lokale og tilgang på avisannonser og ikt- utstyr), som inviterer og legg føringar for det fysiske rundt samarbeidet. Om dette betyr noko for framdrift og gjennomføring, veit eg ikkje på noverande tidspunkt. Eg vil likevel prøva å vera vaken for at dette ikkje skal føra til ubalanse i den demokratiske tanken.

Når det gjeld det faglege innhaldet, stiller alle deltakarane likt. Det betyr at alle skal ha same muligheiter til å uttala seg. Om alle kjem til å bruka muligheitene sine, kan vera vanskeleg å måla. Det vil blant anna vera avhengig av faktorar som eg har nemnt i kapitel 5.5, om prosjektleiar klarer å leggja tilrette for eit inkluderande miljø, som gir ein god dialog mellom deltakarane. Som prosjektleiar, kjem eg til å ha stort fokus på dette, men i kva grad eg lukkast, er vanskeleg å sei noko om, før etterpå.

5.6.5.2 Sluttvurdering

Målet er at deltakarane sjølv skal vera med å gjera sluttvurdering av prosjektet. Som organisator av det heile, vil eg ha den didaktiske relasjonsmodellen som "anker" for arbeidet. Det er ikkje naturleg å vurdere bruken av den didaktiske relasjonsmodellen som del av samarbeidet. Denne ligg som eit verktøy for meg, som prosjektleiar, når eg set saman prosjektrapporten etterpå.

All dokumentasjon av prosess og resultat er som kjent produsert i fellesskapet i form av loggar, møteinnkallingar, referat osv. Det er prosjektgruppa som saman med prosjektleiar står med hovudansvaret for all dokumentasjon, vurdering og prioritering undervegs. Dette vert sikra i fellesmøta gjennom godkjenning av referat og innkallingar. På den måten kan alle påverke og alt arbeid vert gjennomsiiktig og mulig å spora og etterprøva.

Det endelege resultatet kan ha fleire utfall. Ut frå det faktum, er det vanskeleg å forutsei kva som skal til av endelig vurdering.

5.6.5.3 Veggen vidare

Til slutt vert det gjort greie for kva som er oppnådd i samarbeidet mellom skule og bedrift og om dette har vore eit samarbeidsfora som har bidrege til å gje frisørfagopplæringa i Sunnhordland eit kompetanseløft. Det skal reflekterast over kva som skal skje vidare med samarbeidet mellom skule og bedrift, når prosessperioden er over. Det vert opp til prosjektgruppa saman med prosjektleiar å koma med forslag til struktur for det vidare arbeidet, dersom det vert vedteke i fellesmøta å fortsetja. Ein må i så fall få med resurspersonar som er villige til å ta på seg arbeidet og kan dra lasset

vidare med samarbeidet for å gje faget vårt eit kunnskapsløft i Sunnhordlandsregionen.
Dette må skje i samsvar med fylkeskommunalt aksept for slikt arbeid.

6 Kjenneteikn på kvalitativ metode brukt i dette prosjektet

Hovudpoenget med metodevalet, er å få til ei læring eller organisasjonsutvikling som ein kommuniserande, frigjerande verksamd. Å tilrettelegje læring handlar om kritisk, kommunikativ rasjonalitet (Stålhane 2006).

Kvalitativt orientert forskingstilnærming vert nytta for å få data som kan karakterisere eit fenomen, i Fylgje Dalland. Det er dette eg har bruk for, når eg vil laga ein modell for å etablere eit samarbeid mellom skule og frisørbedrifter i Sunnhordland.

Kvalitativ metode baserer seg på følsemd. Dvs. metoden får fram best mulig gjengjeving av den kvalitative variasjonen. Det vil sei at eg har behov for å samla best mulig dokumentasjon frå samarbeidet mellom skule og frisørbedrifter og får samarbeidsprosessen godt dokumentert gjennom aksjonsforskinga.

Metoden går i djupna. Den skal gje mange opplysingar om få undersøkingseiningar. Dette gjer eg ved å samle ulike typar av data om same møtebolk, som t.d. referat, logg, e-post.

Kvalitativ metode skal få fram det som er spesielt, eventuelt avvikande. Dette legg eg til rette for i prosjektet ved at det er fokus på eit akseptierende miljø, der alle skal føla seg likeverdige og ha muligheit til å ytra meiningane sine.

Metoden er fleksibel utan faste mønster for korleis ein får fram data. Møtebolkanane våre er i utgangspunktet ustrukturerte før dei vert tilført innhald og form av deltakarane.

Datainnsamlinga skjer i direkte kontakt med feltet. Data som vert innsamla, har som mål å få fram samanheng og heilskap i det å få til eit samarbeid mellom skule og frisørbedrifter i Sunnhordland. Det vil me i dette prosjektet oppnå ved at møtebolkanane byggjer på kvarandre og at det er ei naturleg utvikling både i tema som kjem opp på møta og den praktiske forma som vil utvikla seg i samarbeidet.

Eit anna kjenneteikn på kvalitativ metode, er at forskaren ser fenomenet innanfrå. Forskaren erkjenner påverking og deltaking i feltet. Mellom forskar og undersøkingsperson er det eit eg- du – forhold. (ibid.). Dette oppnår me ved at forskaren her er ein av samarbeidspartane og er ein naturleg del av det faglege miljøet.

6.1 Ethiske dilemma ved val av metode i prosjektet (eiga rolle i prosjektet)

Når eg vel å bruka aksjonsforskning der eg som forskar ser feltet innanfrå samtidig som eg deltek i prosessen, er det viktig å vera merksam på forhold som kan ha påverking på resultatet.

Frisørbransjen i Sunnhordland er forholdsvis liten og dei fleste kjenner kvarandre frå før. Det vil sei at eg har vore tidlegare kollega med fleire av deltakarane og har hatt enkelte som arbeidsgjevar på eit tidlegare tidspunkt. Andre deltakarar har eg undervist på skulen, medan eg har delteke i opplæring av atter andre, som frisørsvein i salong. I desse arbeidssituasjonane har me ulike roller og "status", som me kanskje ber med oss vidare ved neste korsveg, slik som no når me treffest i samarbeid mellom skule og bedrift. *" Gjensidig respekt og likeverd må være basert på trygghet og en felles forståelse av at alle aktører i fellesskapet har styrker som er verdifulle for å utvile læringsmiljøet. Usunne maktforhold kan dominere og hemme fremveksten av et godt læringsmiljø"* (Nilsen og Sund 2008).

På lærarsida er enkelte av deltakarane i fellesmøte også kollegaer i fylkeskommunen. Det kan bety at me er påverka av roller og tidlegare meningsutvekslingar, som me har med frå arbeidsplassen.

Eg har i fleire år arbeid med politiske saker for frisørfag gjennom Det Norske Frisørlærarforbund. Det har gitt meg ei rolle i form av å vera den som frontar til dels vanskelege saker innimellom, og som blir høyrte i ulike samanhengar. Denne rolla ynskjer eg ikkje å ha i dette samarbeidet, der me alle skal vera likemenn og der alle skal ha same mogelegheit til å bli høyrte. Det blir ei oppgåve for prosjektleiar å vera bevisst på møtedeltakarane si fagleg- etablerte rolle overfor kvarandre. Eg må formidla at alle sin funksjon er like viktig, for å få til eit fellesskap og eit godt arbeidsklima for samarbeidet.

I ein praksissituasjon der ein sjølv spelar ei sentral rolle, er det ei utfordring å vera objektiv i handsaming av data. Like fullt er det eit mål at resultatane som kjem fram skal vera upåverka av den som utfører analysen (Dalland 2004).

6.2 Innsamling av data

Eit prosjekt vil i fylgje Eivind Børke ha like mange sanningar som deltakarar i prosjektet. Endring krev openheit og vilje til å sjå andre meiningar. Han siterer Winter (1989), som hevdar at eit utviklingsprosjekt er risikofyllt dersom det er seriøst. Eit slikt prosjekt som

dette, kan ikkje forventast å gå fram som ein serie vellukka hendingar. Dersom det skjer, vil det antakelig bety at prosjektet ikkje er risikofyllt nok (Børke 2001).

I min situasjon betyr dette at eg må framskaffa data, som kan dokumentera framdrifta i prosjektet og få fram "dei andre" si stemme. Dette kan sei noko om kvifor det gjekk som det gjorde, uansett om resultatet vert positivt eller negativt for frisørfagleg samarbeid og muligheter til å gje frisørfaget ei kvalitetsheving i Sunnhordland.

6.2.1 Val av informantar/ deltakarar til prosjektet

I kapitel 2 viser eg korleis eg har gjort eit strategisk utval av deltakarar til prosjektgruppa og til referansegruppa, ved å velja personar eg trur har noko å bidra med i samarbeidet mellom skule og frisørbedrifter, slik eg er ute etter. Til fellesmøtet har eg invitert breidt, men det er for så vidt også eit strategisk val, for å få med absolutt alle som kan ha innverking på opplæring av frisørelevar.

Som hovudprinsipp for datainnsamlinga i dette prosjektet vil eg basera meg på følgjande:

6.2.2 Planar for kvar enkelt sekvens

Kvar sekvens eller bolk i aksjonsforskinga vil vera planlagt gjennom saklista i møteinnkallinga. Desse saklistene vil vera bygd på innspel frå deltakarane og dokumentert i referat og loggar frå føregåande møte. Sakene vil eventuelt ha prioritet etter korleis dei er debattert i førige møte og etter omtale i logg. Det vil alltid vera ei sak som heiter eventuelt. Det opnar for at diskusjonen i møtet/ sekvensen kan ta ei uventa retning.

Når me planlegg ein sekvens, tek me utgangspunkt i både samarbeidsform og -innhald. Det er like viktig for meg å få fram gode døme på kva som skal til for å danna eit samarbeidsfora, som kva som er viktige saker å diskutera i samarbeidet mellom skule og bedrift, for å få til auka kvalitet i frisør opplæringa i Sunnhordland.

Eg håpar å finna dokumentasjon som gjev oss grunnlag for refleksjon i- og over handling. Dette vil kunna innehalda breidde i syn og meiningar, som kan verta grunnlag for nye måtar å samarbeida på.

6.2.3 Møteinnkallingar og referat

Møte innkallingar vil verta ført i penn av meg, sidan det er eg som har påteke meg å distribuera dei til alle involverte gjennom min e-post og i avisannonsar. Eg må vera

bevisst korleis eg set opp sakene i prioritert rekkefylgje, slik at det samsvarer med dei andre sine prioriteringar også.

Referata derimot, er også skreve av andre møtedeltakarar og vil vera prega av deira prioriteringar. Det vert rullert på kven som skriv i dei ulike møta. Dette for å sikre mangfaldet i uttrykksform og vinklingar. Det er ynskjeleg at referata er nyansert og tek med alle synspunkt som vert diskutert, ikkje berre det som vert vedtak. Eller som det står i prosjektplanen: " Referata har med status i forhold til planlagde aktivitetar og framdrift. Skal identifisere avvik og vera ei vurdering av kritiske suksessfaktorar. Referata skal ha med forslag og korrigerande tiltak og visa forventna måloppnåing. (Måloppnåing er i vårt tilfelle å spora ei utvikling, ikkje å nå eit konkret mål)

6.2.4 Bruk av loggar som dokumentasjon i prosessen

Prosjektet skal dokumenterast gjennom referat frå møter i prosjektgruppa og fellesmøte. Sidan det ikkje er naturleg å skriva referat frå all kontakt med folk, som har innspel til samarbeidet mellom skule og frisørbedrifter i Sunnhordland, vil eg i størst mulig grad skriva logg frå all kontakt med ulike personar. Eg vil også be dei andre i prosjektgruppa om å skriva logg, der det måtte vera naturleg i tillegg til i møta våre. Eg kan ikkje påleggje nokon dette, men ser at det kan ha stor verdi for å få fram mest mulig nyansar i arbeidet.

Ein logg kan fange opp sider av samarbeidet som ikkje vert kommentert i eit referat. Logg kan vera eit personleg notat og kan fanga opp også mellommenneskelege relasjonar som betyr noko for utviklinga i samarbeidet.

6.2.5 Sms, e-postar og anna kommunikasjon

Eg ser også på sms, e-post, telefonsamtalar og beskjedar til og frå som relevante rådata for prosjektet. I den tida me lever i, er informasjon ofte komprimert i ein sms eller e-post, men den kan vera av stor meining for det som skjer i samarbeidet likevel.

Når ein organiserer møte mellom menneske, veit me at me skal slost om tid. Folk har det travelt og det som kan overførast i korte beskjedar eller meldingar vert organisert enklast råd. Slik reknar eg med dette samarbeidet vil bli også. Kamp om tid og organisering, der overlevering av korte beskjedar er eindel av biletet for å få kabalen til å gå opp.

Me må også ta i betraktning at dette er eit frivillig arbeid, der dei som påtek seg oppgåver gjer dette utan betaling. Det betyr at me må halda møtenivået på eit minimum og bruka andre kanalar til kommunikasjon, for å få alle praktiske detaljar på plass.

6.3 Validitet og reliabilitet

I fylgje Olav Dalland høyrer omgrepet reliabilitet inn under naturvitskapeleg forskning. Kunnskapen skal vera mulig å prøva empirisk og vurderingar og bedømmingar er erstatta av målingar (Dalland 2004).

Pålitelegheit og gyldigheit er viktig i all forskning. Men omgrepa har ulik tyding i ulike forskingstilnærmingar. Validitet – eller gyldigheit – er svært viktig i aksjonsforskninga også. Det er også pålitelegheit, men her har omgrepa eit litt anna innhald enn i tradisjonell forskning. Det handlar blant anna om spørsmål som: belyser resultatata den problemstillinga som er i fokus? Blir resultatata sjekka ut med deltakarane undervegs? Kjem dei ulike deltakarane sine synspunkt til uttrykk på ein klar og god måte? Kjem bakgrunn og grunngjeving for endringar som vert gjort klart fram? Har deltakarane hatt muligheit til å sei kva dei meiner undervegs i prosessen? Korleis er det blitt lagt til rette for det? Kva kan tenkjast å ha hindra at dei har kome med synspunkta sine? (Hiim 2009).

Ein skjønar raskt at å bruka reliabilitet i betydninga pålitelige målingar i naturvetenskapeleg forstand, ikkje er eit eigna verktøy i aksjonsforskning, der målet er å ivareta flest moglege perspektiv og få fram breidde i syn og tilnærming. Det viktigaste fokuset i organiseringa er difor å leggja tilrette for at flest mulig slepp til med sine erfaringar og at ein opnar for debatt i eit trygt og inkluderande miljø. Det vil altså ikkje vera "rett og gale" i resultat, men ein må dokumentera ei framdrift som har ført til endring, forhåpentlegvis til utvikling av eit samarbeid mellom frisørbedrifter og skular i Sunnhordland.

Dalland viser også til at resultatata i ei undersøking må kunna generaliserast. Ei svært viktig hensikt er å dokumentere eksempel på korleis sentrale profesjonelle utfordringar i utdanning kan møtast (Hiim 2009). Slike rapportar vil vera av verdi for kollegaer og andre som vil kjenna igjen strukturar og organisasjonar, som dei også ynskjer å gjera noko med på sin arbeidsplass (s.66). For mitt prosjekt betyr det at målet er å få til ein forskingsrapport, som kan ha relevans for andre som prøver å få til samarbeid mellom skule og bedrifter, enten i frisørfag eller i andre fag rundt om i Norge. Det kan også vera meiningsfullt for andre som arbeider med denne type forskning i andre samanhengar.

Denne overføringsverdien er like aktuell, uansett kva retning prosjektet måtte ta, så lenge det er dokumentert på ein god måte.

6.4 Presentasjon av data

Eg vil presentera synspunkta og handlingane til deltakarane og koma med eigne refleksjonar og drøftingar av det som skjer, etterkvart som det vert presentert i fire bolkar. Eg kjem til å bruka referansegruppa aktivt dersom eg er usikker på kva som bør prioriterast eller om det oppstår utfordringar som eg har bruk for hjelp til å finne ut av.

I neste kapittel, skriv eg om gjennomføringa av samarbeidet mellom skule og frisørbedrifter i Sunnhordland. Eg startar med å sei litt om prosjektgruppa og fellesmøta i kap 7.1 og 7.2. Resultata vert presentert kronologisk i kap 7.3, strukturert i fire hovudbolkar. Eg skildrar møteprosessane og kva som er komen ut av dei. Først møte i prosjektgruppa for å planleggja innhaldet i fellesmøta. Deretter kva som vart gjennomført, evaluering og planlegging av nytt møte, gjennomføring, evaluering osv. På denne måten viser eg den hermeneutiske læringsspiralen i arbeidet.

Den type data, som vert brukt i dette prosjektet med møteinnkalling, referat, loggar, sms, e-post osv. vert rekna som kvalitative data. Det er i fylgje Hiim data som fortel om deltakarane sin livsverden, om opplevingar, handlingar og hendingar (Hiim 2009). Data er bearbeid og tolka av meg og vil difor bera preg av mi oppfatting og mitt grunnlag for å forstå det som skjer.

Kvale deler kvalitative data inn i tre nivå. Dette er i fylgje Hiim til viktig hjelp både i aksjonsforskning og i andre former for kvalitative undersøkingar. Dei ulike nivåa er kort fortalt, som fylgjer og viser gjennomføringa av korleis eg presenterer dataa mine i kapitel 7:

- 1) Presentasjon av dei faktiske forhold fortalt gjennom referat, logg, e-post, sms og eventuelt telefonsamtalar. Data er sortert, slik at det er dei som fortel noko om problemstillinga " korleis skapa eit konstruktivt og funksjonelt samarbeid mellom skule og frisørbedrifter i Sunnhordland", som er teken med.
- 2) Deretter kjem forskaren si vurdering av hendingane med utgangspunkt i "sunn fornuft" og profesjonell erfaring rundt problemstillinga.
- 3) Til slutt vert det gjort ei vurdering knytt opp mot relevant litteratur og teori.

Kvale har vore kritisert for at punkt 2 og 3 kan gå over i kvarandre. Dataa vert altså først presentert utan "forstyrning" frå forskaren sine synspunkt eller teoretiske vinklingar. Dette er for at deltakarane si stemme skal koma til syne så usensurert som mulig. Deretter blir dataa vurdert i et didaktisk og teoretisk perspektiv. På den måten sikrar ein samanhengen mellom empiri, problemstilling, profesjonell førforståing og teori. Presentasjonen vert på den måten ryddigare å få oversikt over for lesaren (Hiim2009).

6.5 Kritikk til metoden

Det kan vera på sin plass å påpeika nokre forhold rundt innsamling av data.

Eg meiner sjølv at eg kan ha eit noko tynt grunnlag å utale meg på om det å etablera samarbeid mellom skule og bedrift, kanskje spesielt om innhaldet i dialogen. Det seier eg fordi det blei vanskeleg å få inn tilstrekkeleg synspunkt gjennom logg, utanom mine egne. Eg vil også påpeika det lave frammøte, som ein usikker faktor for meningsutveksling og for framdrift. Kunne samarbeidet teke andre vendingar dersom talet frammøtte var vesentleg høgare? Dialogen slik me opplevde den, vart utan stor usemje og utan nemneverdig dissens når me konkluderte i saker. Eg velgjer å tru at resultatet ikkje nødvendigvis ville vore særleg annleis. Det trur eg på bakgrunn av at frisørar og frisørfaglærarar er godt orientert gjennom kvar sine organ og at det ut frå informasjon og tidlegare dialogar, er kome fram ei slags felles forståing for saker som gjeld opplæring i dei to "leirane". Det betyr at eg ikkje oppfatta særlege kontroversielle innslag om opplæringa, men heller eit godt knippe av gode forslag til forbetring, som var handterlege å gjennomføra både i skule og i bedrift.

Når det gjeld tidsperspektivet, er eit år for kort tid til å utala seg om prosjektet kan bidra til varige betringar for kvaliteten på frisøropplæringa i Sunnhordland. Me kan derimot visa til gode innspel og eksempel som er konstruktive for utdanninga, men effekten kan ikkje målast før elevane som er involvert, har teke sveineprøva.

7 Kva blei gjort for å få til eit samarbeid mellom skule og bedrifter i Sunnhordland?

Her dokumenterer eg arbeidet som er gjort i prosjektet for å etablera eit konstruktivt samarbeid mellom skule og bedrift i Sunnhordland. Resultata mine byggjer på handlingar, opplevingar og sentrale hendingar, slik det er gjengitt i referat og loggar frå lærarar, elevar, lærlingar, frisørar og andre deltakarar i prosessen. Kommunikasjonen mellom møta har foregått via avisannonser, sms, e-post og telefonkontakt. Alt dette reknar eg som rådata for det som vert presentert i dette kapitlet.

Som nemnt i kapitel 2 og 6, har eg med ei prosjektgruppe som har ansvar for innhaldet i fellesmøta.

Kvart av dei fire møtepara vert sett på som ein sekvens eller bolk og vert etterfølgt av ei kort vurdering av det som skjedde.

Det er eit viktig mål å dokumentere sjølve etableringa av samarbeidsforaet mellom skule og bedrift i Sunnhordland. Parallelt har eg fokus på innhaldet i møta, for det er utfordringane som vert teke opp, som er grunnen til at det faktisk er behov for å etablera eit funksjonelt samarbeid mellom skule og frisørbedrifter i Sunnhordland. Eg vil synleggjera desse utfordringane, for det er slike problemstillingar som kan vera forskjell på eit kunnskapsløft og ei reversering av kvaliteten på opplæringa etter kunnskapsreforma. Difor må desse utfordringane fram i lyset og bli diskutert i eit samarbeidande organ, som har felles mål og muligheit til å utvikla frisør opplæringa i positiv retning.

7.1 Presentasjon av prosjektgruppa og mål for gruppa sitt arbeid.

Prosjektgruppa er sett saman av tre frisørar, ein lærling og ein elev frå vg2, som vart lærling før prosjektperioden tok slutt. Dei tre frisørane er sjølvstendig næringsdrivande frå ulike salongar i Sunnhordland. Den eine frisøren er i tillegg medlem i sveineprøvenemnda for frisørfag. Skulen er representert gjennom min funksjon, som lærar og prosjektleiar.

Eg har plukka ut desse med tanke på at prosjektgruppa skulle ha breidde i samansetting. Eg har valt unge personar under førti år, som ikkje har vore med så lenge i bransjen, i håp om at dei har initiativ og er motivert for å gjera eit løft for fellesskapet. Det kunne vore ynskjeleg å ha med menn i gruppa, men i frisørbransjen er det mest uråd å finna i

Sunnhordland. Eg har også valt desse personane med tanke på at dei kan vera resurspersonar for samarbeidet vidare, etter prosjektet er avslutta.

I fylgje Stein O Levorsen, bør eit styre (her: prosjektgruppe) ikkje vera sett saman av like mennesketypar, som tenker likt i altfor mange situasjonar. " En bred samensetting derimot, vil gi en riktig basis for gode diskusjoner og konklusjoner." (Levorsen 1995) I mitt tilfelle har eg valgt fem personar frå ulike frisørsalongar/ skule, med ulik alder og ulik rolle på arbeidsplassen. Dette skal vera med å sikre mangfaldet i gruppa og sikre breidde i diskusjon og synspunkt i enkeltsaker når me samarbeider om frisør opplæring i skule og bedrift.

Prosjektgruppa er det styrande organet i samarbeidsprosjektet. Dei har sett opp eigne mål for samarbeidet og er det foraet som set dagsorden til fellesmøta. Prosjektgruppa har hatt møte i god tid før fellesmøta for å gå gjennom aktuelle saker som skal opp på fellesmøte. Dei har førebudd sakene og promotert fellesmøta saman med prosjektleiar, både gjennom avisannonser, presseomtale og ved personleg frammøte og kontakt med frisørsalongar og aktuelle samarbeidspartar.

For å sikre den demokratiske prosessen, er det eit poeng at prosjektleiar ikkje er eindel av prosjektgruppa, men arbeider med prosjektgruppa, som to likeverdige partar. I loggen frå 3.mars 2008, har eg notert fylgjande: "Dei (prosjektgruppa) tok del i mine utspel og var aktivt med og laga møteinnkalling til første fellesmøte. Dei kom også med eigne forslag til vinklingar og saker." Dette vart eit viktig prinsipp gjennom heile forkinga.

Prosjektgruppa vart utfordra til å setja opp eigne mål for samarbeidet mellom skule og frisørbedrifter. Måla til prosjektgruppa har vore:

- Me skal vera ein god vegvisar for kvarandre.
- Vil oppnå høgare nivå for faget
- Betre samarbeid kan gje gode kvalitetar både for lærebedrifter, elevar og lærlingar.
- Dela erfaringar/ kunnskapar.
- Sosialt
- Auka konkurransegiv mellom dei lokale frisørsalongane på ein positiv måte

7.2 Potensielle deltakarar til fellesmøte

Til fellesmøta har me invitert alle som på ulike måtar har innverknad på frisørutdanninga i Sunnhordland. Dette er lærarar på vg1 og vg2 på ulike vidaregåande skular i regionen. Det er folk frå administrasjonen på eigarskulen Stord vidaregåande skule. Det er alle i sveineprøvenemnda, fagopplæringskontoret og alle tilsette ved frisørsalongane i Sunnhordland. Avhengig av sakene som skal opp, vert det vurdert å invitera rådgjevarane ved ungdomsskulane i Sunnhordland.

Det har vore viktig for oss å få med alle, nett for å sikra den demokratiske prosessen i arbeidet. Alle ledd i frisørutdanninga er like viktige og alle si stemma må bli høyrte for at me skal få til ei best mulig frisørutdanning i Sunnhordland. Det er også strategisk viktig å ha med representantar for ulike instansar som har ansvar i frisør opplæring. Brei deltaking er nødvendig for å forankre prosjektet.

7.3 Presentasjon av møta som vart halde

I dette kapitlet beskriv eg møteverksemda i kronologisk rekkefylgje. Eg tek med både sakene som er teke opp og det praktiske rundt organiseringa av møter.

7.3.1 Den første møtebolken i samarbeidet

Dette er første sekvens i samarbeidet og me startar med stor entusiasme og pågangsmot. På dette stadiet veit ingen kva retning samarbeidet vil ta.

7.3.1.1 Første prosjektgruppemøte – plan for oppstart

Som tidlegare sakt, vert prosjektmøtet halde som eit førebuande møte der me planlegg og organiserer det som skal opp i fellesmøtet, der alle involverte i frisørfag vert invitert i neste runde. Prosjektgruppa består av ein elev, ein lærling, tre frisørar/ salong eigarar og ein lærar/ prosjektleiar. Me presenterte oss for kvarandre og prosjektleiar fortalte grundigare kva samarbeidsprosjektet går ut på.

Prosjektleiar hadde i førekant gjort ferdig prosjektplanen med hjelp av Sunnhordland næringsutvikling (SNU), etter modell av prosjektleiarplanen PLP. Med bakgrunn i prosjektplanen er alt det praktiske på noverande tidspunkt avklart i forhold til Stord vidaregåande skule og fylkeskommunen. Det som gjenstår å ta tak i, er innhald og form.

Etter ein grundig presentasjon, laga me sakliste til første fellesmøte og gjekk gjennom det praktiske rundt gjennomføringa av første fellesmøte. Saklista var kort, sidan dette var oppstart. Hovudsakene var å presentera prosjektet og motivera folk til å ta del.

Den einaste ordentlege saka i tillegg til eventuelt, var faget prosjekt til fordjuping på vg1 (PTF). Prosjektgruppa ville at innhaldet i desse timane skulle diskuterast på første fellesmøte. Dette faget meinte dei, er noko som opptek folk og er eit viktig fag med tanke på kva frisørfaglege kunnskapar elevane skal ha med seg til vg2. Prosjektgruppa såg dette som det næraste naturlege knutepunktet mellom skule og bedrift å starta med.

Prosjektgruppa saman med prosjektleiar, definerte kven som skulle inviterast og sette opp e-postadresser til bruk for innkalling. Det var eit nitidig arbeid å finna alle frisørsalongane i distriktet. Ikkje alle er like godt profilert og ikkje alle hadde e-postadresse knytt opp mot frisørsalongen. Sidan prosjektgruppemedlemmene er frå ulike kantar av distriktet, reknar me med at me har funne alle, med berre få unntak. Det praktiske arbeidet vart fordelt mellom prosjektleiar og prosjektgruppemedlemmene (møtereferat 03.03.08). For å gjera møtet mest mulig inkluderande, uformelt og hyggeleg, bestemte me å servera frukt og brus til deltakarane.

Me avslutta med å verta einige om datoar for komande møte i prosjektgruppa.

7.3.1.2 Innhaldet i det første fellesmøtet – Aktuelle saker for samarbeidet

Møtet var godt planlagt og annonsert i lokalpressa torsdag og mandag i forkant. Prosjektet hadde også fått omtale og bilete på ei heil side i lokalbladet fredagen før første fellesmøte. Likevel var det berre sju personar tilstades på første fellesmøte mellom skule og frisørbedrifter i Sunnhordland, som vart halde i Stord vidaregåande skule sine lokal. Tre av desse var lærarar på vg1 og vg2, ein representant frå fagopplæringskontoret og tre var frå frisørbransjen. På tross av lavt frammøte, var engasjementet stort hos dei frammøtte. Samarbeidsideen vart godt motteken og det vart uttrykt eit klart behov for eit slikt fora, både frå skulen og frisørbedrifter si side.

Møtet hadde ei formell form, med godkjenning av innkalling og sakliste. Etter at prosjektet og dei ansvarlege var presentert, gjekk diskusjonen ivrig om prosjekt til fordjuping. Me hadde kalla temaet utplassering i salong, for på den måten å gjera temaet meir relevant og kjent for dei frammøtte.

I vår samanheng er det også eit ynskje å få til eit samarbeid mellom vg2-frisør og vg1 design og handverk, som er på to andre skular i distriktet, der dei tilsette ikkje har frisørfagleg bakgrunn. Dette har vist seg vanskeleg. Alle ser behovet og at dette er lagt til rette for i kunnskapsløftet (St. meld 31 (2003-04), men når det kjem til stykke, vert samarbeidet avslått av administrasjonen på skulen som må kjøpa teneste hos den andre. Grunngeving er økonomi og lønnsmidlar, som heller vert brukt internt på eigen skule.

Dei frammøtte var frustrert over denne situasjonen, på faget sine vegne. Det vart diskutert korleis me som fagpersonar kan påverke i saka. For lærarane må innspel gå teneste vei, noko som gjer det vanskeleg å halda intensiteten oppe over tid. Det er ei utfordring å formidle meiningar gjennom fleire ledd i staden for å uttrykke saker direkte til den som kan påverke.

For frisørane og arbeidsgjevarane er det mulig å henvenda seg direkte til fylkeskommunen. Dei kan gå saman om å formulera eit skriv som fortel om stoda og sei noko om kva som er mest tenleg for best mulig frisørfagleg opplæring. Norges frisørmeister forbund (NFF) er også informert om slike saker og har uttalt seg om denne og liknande situasjonar andre stader i landet. Dei har også muligheit til å påverke myndigheiter til å påleggje fylkeskommunane eit slikt samarbeid for å unngå at det økonomiske argumentet, eller andre argument, som t.d. distriktpolitikk skal stå i vegen for fagleg kvalitet i opplæringa. Som det vart sakt på møtet, er dette prosessar som tek tid. Det vart antyda at det antakeleg går år og at eit manglande samarbeid mellom skular som har vg1 og vg2 først etter ei evaluering av reforma vil bli avdekka som ein soleklar svakheit.

Det vart også uttrykt ynskje om å få foreldre på banen. Fleire elevar må vekependla til dei skulane som tilbyr vg1. Dette er betenkeleg i ein alder av 16 år, når ein veit at dei kunne dagpendla til Stord vidaregåande skule, dersom skulen hadde fått tilbydt vg1 design og handverk. Det vart stilt spørsmål til om dette i det heile er distriktpolitikk, eller om det er andre grunnar til å oppretta eit tilbod, når dei fleste må transporterast ut i distriktet for å delta.

Det vart også diskutert kva som er innhaldet i opplæringa på vg1 og vg2 no i forhold til frisør opplæring før kunnskapsreforma. Lærarane på vg1 informerte om korleis dei deler inn året i programfag, for at elevane skal få muligheit til å bli kjent med fleire fag og ulike materiale. Alle elevane fylgjer same opplegget gjennom året. Det vart stilt spørsmål til kva dette har å sei for dei som har bestemt seg for eit yrke og om desse elevane klarer å halda motivasjonen oppe når dei må arbeida med ting dei føler ikkje har relevans og meining for deira val.

Det vart også stilt spørsmål til innhaldet i tilbodet til elevane som er på salong. Bruker me framleis ordet utplassering og at elevane for det meste observerer, eller bruker me ordet yrkespraksis og let elevane ta del i det praktiske arbeidet på frisørsalongane dei kjem til? Dette høyrdest ut til å vera litt ulikt, noko som stemmer med elevane sine forteljingar når dei kjem tilbake på skulen etter ei veke i arbeidslivet. Diskusjonen kunne

bera preg av at dei ulike arbeidsgjevarane tolka eleven si rolle i salongen ulikt. Enkelte såg på eleven som ein som skulle gjera forefallande arbeid, medan andre såg på eleven som ein som har med seg eit konkret opplæringsbehov, som skal imøtekomast. Det ser ut å bety at arbeidsgjevaren si tolking av elevrolla kan vera avgjerande for kva erfaring eleven får med seg frå arbeidslivet.

Fellesmøtet fortsette med å koma med forslag til saker som skal opp i mai:

Prosjekt til fordjuping

Deltakarane yngste å fortsetja diskusjonen om yrkespraksis i bedrift/ PTF. Det vart ytra ynskje om retningslinjer eller punkt for korleis yrkespraksisen skal eller kan gjennomførast. Dette vart diskutert og fleire gode forslag til løysing kom fram.

Prosjektgruppa diskuterte etter møtet at me kan arbeida meir med dette og kanskje få ein konsulent til å snakka om temaet på eit seinare møte.

40 timarskurs i bransjekunnskap

Det kom ynskje frå arbeidsgjevarane om å få ein gjennomgang av framgangsmåte for å opprette førti timarskurs i bransjekunnskap. Den delen av opplæringa er det arbeidsgjevarane som har ansvar for og fleire var usikre på dette.

Arbeidskurs/ workshop

Det vart foreslått å diskutera muligheiter for å arrangera sosiale "arbeidskurs" / workshops, der elevar frå vg2-frisørlina, lærarar, lærlingar og frisørar kan verta betre kjent. Det vart kommentert at frisørane i dag ikkje kjenner kvarandre slik dei gjorde for nokre år tilbake. Det kan ein sjå ved at frisørar ikkje så lett går over til nabosalongen og låner verktøy eller spør om råd, slik det var vanleg å gjera tidlegare. Dei lokale frisørane ytra behov for eit tettare kollegialt fellesskap.

Samarbeid mellom lærlingar

Det var fleire av lærebedriftene som ynskte å samarbeide om oppstart av opplæringsring for elevar og lærlingar. Det vart føreslege å sjå på beste måten å gjennomføre dette på, neste gong.

Initiativ frå fagopplæringskontoret

Fagopplæringskontoret sin representant gav informasjon om eit prosjekt dei har, der fire skular i dag er med i eit prosjekt der elevar rullerer mellom 3mnd. skulegang , 3mnd. i bedrift osv. Ho ynskjer synspunkt på neste fellesmøte, om dette kan vera noko for frisørfaget.

Open dag på frisørinja

Det kom forslag om rekruttering til frisørfaget i form av "headhunting" av lærlingar til bedriftene. Det var ynskje om "Open Dag" på Frisørinja, der lærebedriftene kan komma på besøk, og eventuelt fortelje om kva bedriftene forventar av elevane / lærlingane. Ein ynskjer også å involvere rådgjevarane på ungdomsskuletrinnet for å sikre godt inntak og rekruttering til frisørfaget.

Prosjektgruppa sitt oppdrag er å bruka desse ideane til ny sakliste for fellesmøtet i mai.

7.3.1.3 Mine tankar om den første møtebolken.

For meg som prosjektleiar, var det tilfredstillande å sjå kor godt initiativet til samarbeid vart motteke. Eg oppfatta dei frammøtte som positive og interessert i å gjera ein innsats for frisørfaget, både for Sunnhordlandsregionen, men også var dei oppteken av frisørfaget sine kår på landsbasis. Eg vart også snart bevisst på forskjellen mellom handverkarar sitt behov for å få saker sett i verk umiddelbart i forhold til oss som arbeider i det offentlege, der saker vert diskutert og utreia i møtesamanheng i stor utstrekning, før dei vert omgjort til praktisk handling.

Det var praktisk og enkelt å ha prosjektplanen å støtta seg til når prosjektet vart lagt fram, både for prosjektgruppa første gong og for fellesmøtet. Prosjektplanen låg også til grunn når prosjektet vart forankra i fylkeskommunen. Ei slik forankring var eit godt grunnlag til å invitera til fellesmøte og til å få prosjektet promotert i lokalpressa og for referansegruppa.

Sjølv om motivasjonen og viljen var god hos dei frammøtte, hadde eg problem med å tolka kvifor frammøte vart så lavt. Alle eg hadde vore i kontakt med, både dei som kom og dei som ikkje kom, var samde om at samarbeid mellom skule og frisørbedrifter i Sunnhordland er viktig, men likevel var det svært mange fråverande.

Det praktiske såg også ut til å fungera i samarbeidet. Annonsane var store nok til å bli sett i lokalpressa. Dei var sett inn med passeleg mellomrom. Dei som hadde e-post adresse hadde fått melding, men få svarte. (Det ba me heller ikkje om.) Lokalet fungerte godt, men var litt stort til dei få som kom. Me hadde møblert med tanke på eit ukjent antal frammøte. Nokre bord var stilt opp bak i rommet og dekkja med frukt, saltstenger og brus. Desse kunne fort ommøblerast etter behov. Det var positive kommentarar til bevertninga. Folk sette pris på maten og me såg at dette gjorde samtalen lettare og stemninga meir uformell. Me fekk også tilbakemelding om at

tidspunktet, klokka 20.00 på kvelden var ynskjeleg. Folk hadde stort sett hatt tid til å gå heimom etter arbeid, men det var poengtert at det ikkje måtte bli alt for seint.

Første bolk har innfridd forventningane om å få til eit samarbeidande organ i den grad at alle aktuelle partar er informert og invitert. Første møtet er gjennomført og det er opparbeid erfaringar med det praktiske rundt det å møtast og erfaringar rundt promotering og forankring av eigarskap til samarbeidsforaet. Det er også gjort erfaringar rundt kva som er aktuelle tema å ta opp i eit slikt samarbeid og kva dei frammøtte gav uttrykk for var viktig, for å utvikla kvaliteten på frisør opplæringa vidare. Prosjektgruppa må ta høgde for det lave talet på frammøtte og må gjera seg opp ei meining om dei innkomne forslaga er representative for det frisørbransjen i Sunnhordland meiner, når dei formulerer sakliste til neste møte.

I etterkant ser eg at det kunne vore gjort meir for å utfordra deltakarane i fellesmøtet til å ta initiativ og ansvar for oppfølging av enkeltsaker. Dette kunne vore meir forpliktande og auka kontinuiteten i samarbeidet om konkrete saker i fortsettinga. Så tidleg som i første møtebolc vart dette aldri diskutert som tiltak og vart dermed eigentleg oversett som mulighet for å få opp deltakartalet og engasjementet.

Referansegruppa er informert om kva me held på med i samarbeidet og har gitt positive tilbakemeldingar om arbeidet.

7.3.1.4 Vurdering av første møtebolc i forhold til teori om aksjonsforskning

Dei viktigaste sakene som vart arbeid med i dette møtet, var prosjekt til fordjuping, samarbeid mellom vg1 og vg2, avklaring om innhaldet i dei to første opplærings åra no i forhold til før og kva oppgåver eleven skal ha i sin yrkespraksis. Det kom opp mange gode forslag til saker som skal vurderast og prioriterast av prosjektgruppa og som ligg til grunn for den andre møtebolken i samarbeidet.

Organisasjonsmessig, var det av stor betydning at det var gjort eit grundig forarbeid med prosjektplanen og at rammer og avtalar var klare, slik at møtedeltakarane slapp å bli involvert i det praktiske rundt samarbeidet, men kunne gå direkte i dialog om det som var meningsfullt og konstruktivt for fagleg utvikling. Slik utvikla det seg eit naturleg behov for ein ny møtesekvens, på grunnlag av diskusjonen i den første møtebolken.

Sidan det var få frammøtte både på prosjektmøtet og fellesmøtet, var det relativt enkelt å få oversikt over dei frammøtte og å vera merksam på den enkelte. At prosjektgruppa hadde enkel servering, gjorde også sitt til at stemninga vart meir uformell og at det vart

enklare å ta ordet for den einskilde. Som sakt i kapittel 5.6 er dette viktig for at alle si stemme skal bli høyrte. Eit inkluderande og trygt samarbeidsmiljø er ein føresetnad for å få til ei organisasjonsutvikling i aksjonsforskninga. På den måten får kvar sekvens eit innhald, og med innhaldet får prosjektgruppa eit utval av meiningar og problemstillingar å arbeida vidare med. Dette er grunnlaget for å førebu neste sekvens i prosjektet, som skulle vera omlag to månader seinare.

Det som eg ikkje er i stand til å finna ut av, er motsetninga mellom ynskje om eit samarbeidsfora og det faktum at så få ville koma.

7.3.1.5 Vurdering av første sekvens i forhold til teori om yrkesdidaktikk

Samarbeid mellom skule og frisørbedrifter er forankra i grunnlagsdokument og læreplanar, slik det er vist i kapitel 3. Dei framfmøtte var innforstått med dette og hadde forståing for at det er nødvendig og hadde vilje og motivasjon til å vera med å gjera ein innsats. Dette gjorde dei ikkje fordi dei er pålagt, men såg nytte av det i eige arbeid og syntest difor det var meiningsfullt å delta.

Det understrekar det som er komen fram i FAFO sin første delrapport om evalueringa av kunnskapsløftet, at gjennomføringa av prosjekt til fordjuping krev eit nært samarbeid mellom vidaregåande skular og det lokale arbeidslivet (Dæhlen, Hagen og Hertzberg 2008).

Delrapporten viser at dette samarbeidet er prega av enkeltpersonar sine faglege kontaktar og nettverk. Rapporten viser til at auka kontakt med arbeidslivet har gitt større behov for å formalisera nettverk og avtalar med bedrifter, nettopp slik me erfarer med den positive responsen på prosjektet. Rapporten viser også at fleire bedrifter gir uttrykk for at dei i større grad ynskjer å delta i planlegging av elevane sin praksisperiode. Me erfarte i møtet at dei framfmøtte hadde gode innspel til innhald i yrkespraksisen til elevane. Rapporten peikar i midler tid på at bedriftene så langt ikkje er kjent med innhaldet i kunnskapsløftet. Då kan det vera hensiktsmessig, slik det vart føreslege i møtet, å leiga inn ein konsulent til eit samarbeidsmøte, som kan snakka om korleis t.d. prosjekt til fordjuping kan gjennomførast.

Fafo- rapporten, som er kommentert i kap 3.5, viser til at prosjekt til fordjuping skal føra til betre gjennomføring og at auka kompetanseoppnåing vil vera viktige uttrykk for læringsutbyte. Drøftingane rundt prosjekt til fordjuping i fellesmøtet, tyder på at dette er ein kritisk faktor hos oss. Me har tydeleg utfordringar rundt gjennomføring av prosjekt til fordjuping på vg1, der det vert heilt og fullt arbeidsgjevarane som får ansvar for det

frisørfaglege innhaldet i yrkespraksisen. Dette er vanskeleg, når rapporten også seier at bedriftene ynskjer å delta i opplæringa av elevar og lærlingar, men ikkje er kjent med innhaldet i kunnskapsløftet. Det er også eit viktig spørsmål kven som skal vurderer innhaldet i yrkespraksisen. Er det meningsfullt for eleven at ein lærar, som ikkje kjenner faget, vurderer arbeidet og gjev fagleg tilbakemelding, eller skal han bli vurdert av ein fagperson i arbeidslivet, som ikkje kjenner til vurderingskriterier og nivå for kva grad eleven har nådd kompetansemåla i læreplanen? Fagansvarlege i frisørsalong har heller ikkje økonomiske ordningar som dekkar tapt arbeidsforteneste når ein brukar tid til ikkje –produktivt arbeid saman med eleven.

Ein kan gjerne spørje seg kva relevans karakteren som kjem ut av dette har å sei for eleven sine ferdigheiter og kunnskarar i faget. Kan det vera på sin plass å vurderer prosjekt til fordjuping etter andre kriterium som delteke eller ikkje delteke? Kan nokon i heile taket måla på ein skala frå ein til seks kva eleven har fått ut av erfaringane i yrkespraksis? I fylgje Nielsen og Kvale (2003) er mykje av erfaringane elevar får med i yrkespraksis av nonverbal karakter og vert betrakta som taus kunnskap. Er det realistisk at ein kan måla denne type kunnskarar på ein karakterskala og gje eleven ein poengsum som skal vera retningsgivande for seinare karrieremuligheiter? Kanskje denne vurderinga bør skje i tett dialog mellom skule og frisørbedrift nettopp for å sikra nyansane i grad av måloppnåing og heller gje ei skriftleg/ munnleg tilbakemelding til eleven, utan å gradere han med ein poengsum? I vårt tilfelle gjenspeglar dette eit behov for samarbeid skule-skule- arbeidsliv, for å gje eleven relevant og meningsfull opplæring og tilbakemelding.

Deltakarane var engasjerte og initiativrike og svært positive til å koma med forslag til saker som var aktuelle for det nyetablerte samarbeidsforaet. Frisørfag er eit fag som har vore i hurtig omskiifting gjennom generasjonar. Det ligg i faget sin natur å vera først med det siste. Dette har gjort at frisørar og medarbeidarane har tileigna seg, som del av si yrkesutøving, å vera interessert i det nye som rører seg og har eit ynskje om å påverka og vera ein del av den faglege utviklinga. Det kan verka som det genuint interesserte ligg implisitt i frisøren sin natur, for å overleva i marknaden. Eg vil jamføra dette med Kvale og Nielsen sine kunnskarar om handlag og yrkesutøvelse og som del av den tause yrkeskunnskapen (2003) .

Vurdering av diskusjonen rundt prosjekt til fordjuping

I kapitel tre viser eg korleis grunnlagsdokumenta legg vekt på at prosjekt til fordjuping skal vera meningsfullt og relevant for den enkelte og for samfunnet/ yrket og at eleven skal ha muligheit til å ha medverking på innhaldet i faget. Det understrekar dei

samarbeidande sitt initiativ og ynskje om å bruka prosjekt til fordjuping på ein hensiktsmessig måte både for arbeidsgjevaren og for elevane. Dei frammøtte frisørane var også oppteken av det frisørfaglege innhaldet på vg1 og ville forvissa seg om at opplæringa var meningsfull og dekkja fagområdet på ein slik måte at elevane var sikra å læra frisørfag allereie på vg1. Dette var nyttige innspel for dei som har ansvar for opplæringa på skulen og heilt i trå med det som ligg til grunn for yrkesopplæring både i stortingsmeldingar, læreplanar og opplæringslova.

40t bransjekunnskap og vurdering av behov for retningslinjer

At denne saka kom opp, er eit tydeleg uttrykk for behovet for ein glidande overgang og samarbeid mellom skule og bedrift i 2+2 modellen. Tradisjonelt har skulen tilbydd meir teoriundervising enn det som er vanleg i bedrift, med unntak av 40 timars kurset i bransjekunnskap. Det inneheld teoriundervising som skal skje på arbeidsgjevar sitt initiativ. Ofte vert slike kurs kjøpt av arbeidsgjevarane hos fylkeskommunen, som brukar frisørlærarar til denne opplæringa. Når eit slikt spørsmål kjem opp, viser det at bransjen har tillit til at skulen kjenner innhaldet i tilbodet/ behovet og at det er ei praktisk løysing å overlate dette til skulen, slik at arbeidsgjevarane på den måten får kjøpt seg fri til produktivt arbeid. Ut frå diskusjonen, kan det også tolkast dit hen at arbeidsgjevarane meiner skulen er betre på å tolka innhald i læreplanar og forskrifter, jamfør funn i FAFO-rapporten (Dæhlen, Hagen og Hertzbeberg 2008).

Vurdering av diskusjonen om Arbeidskurs/ workshop

I kapitel 4.1 viser eg til Illeris, som seier at læring, personlig utvikling, kvalifisering og sosialisering blir omgrep som går i eit. Læreprosessar er ikkje berre å læra eit pensum, men motivasjon, haldningar, følelsar, kommunikasjon og sosial handling som inngår i ein heilskap under stadige forandringar mot nye horisontar (Illeris 1999). Eg viser også til Lave og Wenger (1991) i kap 4.2, som seier læring ikkje berre skjer hos den enkelte, men har ein sosial karakter.

Ved å leggja til rette for arbeidskurs og workshop, vil me samtidig få ein arena der ein naturleg trener på nøkkkelkvalifikasjonar i tillegg til yrkeskompetanse, slik eg viser til i kapitel 4.2.

Å fremma samarbeid, vil difor kunna bidra til å skapa tryggare og meir inkluderande arbeidsmiljø, som på si side vil vera med å styrkja sjølvkjensla til den enkelte. Dette vil i neste runde føra til auka innsikt og initiativ og større vilje til å bidra i fellesskapet, noko

som på sikt er viktige faktorar i organisasjonsutvikling og i lærande organisasjonar, som vil styrkja frisørfaget si utvikling.

Vurdering av samarbeid mellom lærlingar i forhold til yrkesdidaktisk teori

Når lærlingane skal samarbeida, vil det sei at ei gruppe ungdomar, som er flink på kvar sine områder, møtest og utfordrar kvarandre. Dei vil alle ha ferdigheiter å bidra med, men ingen er utlært, slik at dei møtest og er motivert for å føra kvarandre sine kunnskar vidare. Dette er heilt i trå med meister – lærling tradisjonen og med samarbeidslæring, slik eg viser i kapitel 4.5.2. Dette kallar Kvale og Nielsen for sidemannslærling (2003:190).

Vurderinga av initiativ frå fagopplæringskontoret

Representanten frå fagopplæringskontoret kom med ei utfordring om eit prosjekt som kan inkludere frisøropplæringa dersom det er vilje til det. Prosjektet fekk ikkje gjennomslag i denne omgang, men det er svært gledeleg at me har fått til eit samarbeid der alle instansar når kvarandre og kan koma med innspel til endringar og sjå saker som kan koma fellesskapet til gode, for å styrkja frisøropplæringa i Sunnhordland.

Fagopplæringskontoret har eit viktig mandat i opplæringa og er ein viktig medspelar, slik det er nedfelt i opplæringslova og gjennom grunnlagsdokument (St.meld. 16 (2007-07)), slik det står gjengitt i kapitel 3.

Vurdering av forslag om open dag på frisørlinja

Å gjennomføre ein open dag der formålet er "headhunting" slik arbeidsgjevarane føreslo, kan vera vanskeleg å gjennomføra i forhold til intensjonen i opplæringslova, med like rettar til opplæring for alle. Det er ein kjent sak at skulen sitt karaktersystem ikkje representerer dei kriteria arbeidsgjevarane vil sortera potensielle lærlingar etter. I kapitel 1.3 gjengir eg direktør i NFF si beskriving av den ideelle lærling. Dette gjenspeglar krav til nøkkelkompetanse slik det er omtalt i kapitel 4.2 og viser til kvalitetar hos den einskilde, som ikkje alltid er synlege i karakterboka (Nilsen og Sund 2008). Eg forstår difor at arbeidsgjevarane har bruk for å danna seg eit visuelt bilete utover det som står på kompetansebeviset frå vg1 og vg2.

I den grad dette let seg gjennomføre innan etiske retningslinjer og i trå med opplæringslova, må føremålet med besøket vera at arbeidsgjevarane kjem med informasjon til elevane om kva som ventar dei som lærlingar. Dette kan vera nyttig for elevane og ha ein annan effekt enn om same budskapet kom frå ein lærar. Dette jamfør

Nielsen og Kvale, som er gjengitt i kapitel 4.5.1, når dei peikar på fagleg autoritet som motivasjonsfaktor for elevane (Hansen 2002 i Kvale og Nielsen 2003).

Når det gjeld å rekruttere elevar og sikre godt inntak på frisørfag, er det vesentleg å involvere rådgjevarane på ungdomsskulen. I kunnskapsreforma er rådgjevartenesta no delt i yrkesrådgiving og sosialrådgiving, slik det står i opplæringslova. Dette understrekar betydninga av behovet for yrkesrådgiving alt på ungdomsskulen, for å hindre fråfall og sikre gjennomstrøyming av elevar i alle fag.

7.3.2 Den andre møtebolken i samarbeidet – Konkrete saker og forslag til tiltak begynner å ta form

Samarbeidet er enno ferskt og det har ikkje utpeika seg noko spesiell retning for saker eller omfang. Prosjektgruppa arbeider breidt med ulike tema i trå med deltakarane i fellesmøtet sine ynskjer.

7.3.2.1 Det andre prosjektgruppemøtet – Sortering og prioritering av aktuelle saker som skal diskuterast

På det andre prosjektmøtet 7.mai -08, kunne me evaluere fellesmøtet og gruppa trekte ut det som dei syns var viktig å arbeida vidare med. "Me tek med om utplassering i bedrift, om bransjeteori for lærlingane, om rekruttering til frisørfaget og "workshop". Dei andre forslaga tek me vare på til seinare møte eventuelt i oktober." (Sitat frå referat sak 08/08) Saklista vart enkel å utarbeida, sidan fellesmøtet hadde gitt så tydelege føringar og ynskje om saker, som dei var oppteken av.

Det som vart ei større utfordring, var kva ein skulle gjera for å få opp frammøtetalet til neste fellesmøte. Det var komen tydelege signal frå bransjen om at arbeidet er viktig, men så langt hadde me ikkje klart å motivera nok folk til å delta på fellesmøtet. I referatet sak 10/ 08 står det korleis me vart einige om å gå fram. Dei to i prosjektgruppa, som var tilstades frå næringslivet, skulle informera om møtet blant sine kollegaer og kjente i frisørbransjen. Prosjektleiari skulle ta med møteinnkalling og gå innom så mange salongar som råd, for å informera om møtet. I tillegg skulle ho ringja Fitjar- og Etne vidaregåande skular for å invitara aktuelle lærarar. Frisøreleven skulle informera og motivera sine medelevar og kjente på vg1 til å koma. I tillegg vart me einige om å ha annonse i bladet Sunnhordland torsdag og mandag før fellesmøtet den 28. Mai.

Sjølv i prosjektgruppa, var det fråfall denne dagen. Det er tydeleg at folk har det travelt, både på arbeid og privat med familie og små barn. Dette ser ut til å vera ei utfordring for frivillig arbeid.

Det var på dette møtet prosjektgruppa utarbeidde måla for arbeidet sitt, slik dei er omtalt i kap 7.1.

7.3.2.2 Det andre fellesmøtet – Dei som kom er engasjert

28. mai 2008 var det 12 frammøtte på fellesmøtet.

Altså ei viss auke, men likevel få frammøtte. Dei fleste var frisørar frå Stord, lærarar frå vg1 og vg2 og ein representant frå fagopplæringskontoret.

Innkalling via e-post og avisannonse var godt motteke, men møtedeltakarane oppfordra til personleg kontakt og telefonpåminning før kvart møte, for å sikre enno betre frammøte (referatsak 07/08).

Denne gong hadde prosjektgruppa valt å ikkje ha servering på fellesmøtet, av organisatoriske grunnar.

Samarbeidsprosjektet vart også denne gong presentert, sidan det var nye frammøtte.

Deretter fortsette me å diskutera elevar som har yrkespraksis i frisørbedrifter.

Denne gong var diskusjonen konkret om kva som skulle skje ute. Det kom fram at elevane ynskjer å ha ein fast kontaktperson når dei kjem i frisørsalongen. Dette opplever dei som trygt og på denne måten blir dei teken på alvor når dei kjem ut. Det vart også sakt at det er ein tryggleiksfaktor å få samarbeida med lærlingen i salongen for ein skuleelv. (referat sak 10/08)

Arbeidsgjevarane ville gjerne at elevane har med ei oppgåve frå skulen når dei kjem ut. På den måten er det enklare å få dei raskt inn i eit arbeid, utan at det krev for mykje tid og planlegging for arbeidsgjevaren. Det vart sakt at elevane føretrekk ei oppgåve, for då veit dei kva dei skal gjera og føler seg ikkje så fort til overs eller i vegen.

Arbeidsgjevarane fekk også ei betre forståing av at det er forskjell på første og andre gongen i vg2, når eleven kjem ut. Første gong har eleven bruk for eit styrt opplegg, sidan dei er så ferske, medan andre gong dei kjem, er dei meir rutinert med arbeidet som føregår i ein salong og kan i større grad setjast til oppgåver som er basert på

grunnleggjande ferdigheiter. (t.d. vaska eit hår, setja inn ein farge, skylja ein permanent osv.)

Fleire etterlyser tettare kommunikasjon med skulen, både på vg1- og vg2 -nivå. Skulen vart også utfordra på å førebu elevane betre på rutinar i salongen. Skulen kan leggja vekt på antrekk og haldningar hos elevane. Det vert blant anna ikkje akseptert fleece og joggekler i frisørsalongar. Heller ikkje bar mage og utringingar i toppar. Det kan skulen også innføre på arbeid i skulen sin frisørsalong. Det vart vidare sakt at elevane må bli flinkare til å gje beskjed i forkant, dersom dei ikkje kan koma ein dag. Dette syns arbeidsgjevarane me skal handtera tydelegare på skulen.

Me gjekk også vidare med utfordringa om å rekruttera elevar

Arbeidsgjevarane var positive til å besøkja frisørinja. Me vart einige om eit slikt besøk i mars 2009. Me skal då vera tidleg ute med innbydingar til dei ulike salongane. Dette vil frisørane bruka som ein fin muligheit til å informera elevane om kva forventningar bedriftene har til både fråver, kler og haldningar (sak 10/08).

Likeins vart det diskutert korleis me kan gå fram for å få rekruttert fleire gutar til frisørfag gjennom offentleg utdanning. Det vart ikkje trekt konklusjonar, men registrert at dette er ei utfordring, for frisørbransjen har verkeleg bruk for gutar og menn. Som det vart sakt, er det av betydning både for status og lønn i eit kvinnedominert yrke.

Yrkesretting av fellesfag, vart nemnt som faktor for å gjera undervisinga meir interessant og meningsfull for elevane. Dette opptok tydeleg dei frammøtte, då fleire av frisørane viste til eksempel frå eigen skulegong, der yrkesretting ikkje var gjort og der erfaringane deira med fellesfag var negativt.

Forslaget om workshop

Forslaget vart teke opp slik: Elevar og lærlingar ynskjer å ha eit fellesfora der dei kan samarbeida. Dette vart avgrensa til å gjelda lærlingar, som kan treffast innimellom til trening og felles oppmuntring/ motivasjon. Det vart diskutert ein del praktiske løysingar om tid og stad. Alternativa er å leiga skulen sin frisørsalong eller å treffast på ein salong. Lærlingane ynskjer å ha med ein utlært, som har ansvar for lokala og som dei kan spørja til råds. To lærlingar og eleven frå prosjektgruppa ville vera dei som skal arbeida vidare med dette (forts. Sak 10/ 08).

40-timars kurs i bransjelære

Fagopplæringskontoret sin representant informerte om korleis ein kan gjennomføra 40-timars kurs i bransjeteori for frisørlærlingar. Dei som treng hjelp kan henvenda seg til fagopplæringskontoret, så set dei i gong tiltak om ynskjeleg.

Forslag til saker for neste fellesmøte

Møtet vart avrunda med å få opp forslag til saker for neste fellesmøte. Deltakarane ynskjer å diskutera samarbeid mellom frisørbedrifter. Det kom fram behov for nytt laug. Frisørar ynskjer å sjå på læreplanen for vg3, for å tolka måla på ein felles måte. Det vart etterlyst tiltak for å rekruttera fleire gutar til faget. Det kom forslag om å invitera rådgjevarar til neste møte. Nokre ville også diskutera å starta opplæringskontor for frisørar. Prosjektgruppa fekk mandat til å setja opp ny sakliste ut frå desse innspela.

Referansegruppa er framleis informert om arbeidet. Eg tek kontakt med dei sporadisk, etterkvart som det melder seg spørsmål om praktiske ting rundt samarbeidet. Dei har stilt spørsmål rundt aksjonsforsking som metode. Dette var nyttig for meg å avklara, slik at dei som representerer frisørbransjen nasjonalt, har forståing for at prosjektet også er eit organisasjonsutviklingsprosjekt på frisørfaget sine vegne. Dette gav meg også nye vinklingar til prosjektrapporten.

Det har vore av stor betydning at referansegruppa har gitt aksept for at me samarbeider om interessante og aktuelle saker på vegne av bransjen. Prosjektgruppa har ikkje tilpassa seg referansegruppa sine meiningar, men synet på kva som er relevant og meningsfullt, har vore samanfallande mellom dei to gruppene.

7.3.2.3 Mine tankar om andre møtebolk

Det var ingen nye utfordringar rundt den praktiske sida av samarbeidet, sidan sist. Ein må berre halda konsentrasjonen oppe rundt det å profilera eigen nytteverdi i samarbeidet for den einskilde som deltek. Framleis leggja tilrette for best mulig føresetnad for den einskilde til å koma med sine meiningar og synspunkt, jamfør kapitel 5.6 om coachande tilnærming.

Så langt held me progresjonen i prosjektplanen, slik den er omtalt i kapitel 2, med innspel til skuleåret 2008/ 09.

7.3.2.4 Vurdering av andre møtebolk i forhold til teori om aksjonsforskning og organisasjonsutvikling

Prosjektet si utfordring er framleis: "Korleis få til ein modell for eit konstruktivt og funksjonelt samarbeid mellom skule og bedrift?" Målsetjinga med prosjektet er å bidra til å auka kvaliteten på frisør opplæringa etter at kompetansereforma vart innført.

Hiim og Hippe viser til profesjonelle organisasjonar, der yrkesutøvinga er prega av høg fagkompetanse og raske endringar, og på arbeidsplassar der menneskelege forhold krev god utøving av skjønn og evne til å tilpasse yrkesutøvinga ut frå uforutsette forhold (Hiim og Hippe 2001: 294). Dei hevdar at denne type profesjonelle organisasjonar må byggja på ei oppfatting av kunnskap som dynamisk, prosessprega og delvis kontekstavhengig. I tråd med dette må læreprosessen sjåast i lys av refleksjon, endring og medansvar. Arbeidsoppgåvene kan ikkje definerast på førehand, men må gje handlingsrom, muligheter for samarbeid og læringsmuligheter, seier dei (s.295).

Eg ser to sider av dette i samarbeidet mellom skule og frisørbedrifter i Sunnhordland. På den eine sida er måla til prosjektgruppa, som gjer at prosjektgruppa er med å gjere frisøryrket lokalt til ein definert, lærande organisasjon med vilje og mulighet til å utvikla kunnskapane sine i dynamiske prosessar i ein samarbeidskontekst med rom for refleksjon og endring. I tillegg er heile samarbeidsforaet ein lærande organisasjon, der også skulen og læringsmiljøet til elevane i alle ledd er definert inn. I samarbeidsforaet prøver me å leggja vekt på at deltakarane reflekterer saman over sine erfaringar og er med på å ta ansvarlige avgjerder om vidare saker og kva som skal gjerast. Ei gruppe som er spesielt interessert i denne saka, får ansvar for å arbeide meir konkret med å utvikle workshop for elever og lærlingar, representanten for fagopplæringskontoret tar eksplisitt ansvar for å ta imot ynskjer om bransjekurs, deltakarane er med å bestemma kva som skal behandlast vidare av saker.

Det lave fram møte

Tidsklemma ser ut til å gjera seg gjeldande og dei som stiller frå prosjektgruppa, vel å prioritera ut frå at det ser ut som me er færre som skal dela på oppgåvene, enn planlagt.

Skal ein lukkast med organisasjonsutvikling som målsetting, er det avgjerande at me får på plass faste former for å møtast og gode rammer og prosedyrar for innkalling. Det er også viktig at medlemmene finn sin plass og vert teken på alvor i samarbeidet. Det trur eg me er i ferd med å oppnå. Det som eg ikkje ser løysing på enno, er korleis

samarbeidet kan forankrast hos den einaskilde, slik at det vert oppfatta som forplikande og så meiningfullt at det vert viktig å delta. Kjernen i dette kan vera å forplikta den einaskilde i forhold til konkrete oppgåver som ho er interessert i, saman med andre i fellesskapet. Dette kunne vore brukt meir t.d. med å ta ansvar for å utvikla workshops.

Sjølv om prosjektgruppa mangla to deltakarar, var dei frammøtte flinke til å finna strukturen i referatet frå første fellesmøtet. På bakgrunn av referat, loggar og eigne oppfatningar av diskusjonen som var, sette dei opp ny sakliste til fellesmøtet i den andre møte sekvensen. Det var spesielt flott å observera dialogen då dei definerte endelege mål for prosjektgruppa, slik dei ville leggja det fram for dei andre deltakarane på fellesmøtet. Dette arbeidet deira er med og synleggjer behovet for eit tett samarbeid mellom skule og bedrift. I tillegg, uttrykte medlemmene frå frisørbransjen behov for tettare samarbeid mellom frisørsalongane. Dette er ei positiv sideeffekt som ikkje er tydeleg definert som mål i prosjektplanen, men som er ein styrke når instansar utanfrå, som t.d. skulen, vil ha ein funksjonell dialog med frisørbransjen.

I andre møtebolck vart det stor merksemd på frammøte og prosedyrar rundt innkalling for å få etablert eit konstruktivt og funksjonelt samarbeid mellom skule og frisørbedrifter. Det vart ikkje konkludert med noko, men dei frammøtte var svært motivert for eit samarbeid og kom med konstruktive forslag til tiltak, for å auka deltakartalet.

Når det gjeld frammøte til fellesmøtet, kan me berre konkludera med at me har ei kjempeutfordring. Møtet var så godt gjort kjent på førehand, som berre mulig. Det er nesten i overkant med arbeid å venda seg personleg til kvar enkelt frisørsalong, skule og instans for å invitera til møte, i tillegg til e-post og annonser i avisa. Likevel vart dette gjort, men utan nemneverdig forskjell i frammøte. Eg ser dette vart gjort litt annleis i forkinga til Børke. Hans prosjektgruppa hadde personlige samtalar med ei rekke sentrale potensielle deltakarar i et nettverk mellom skule og bedrift, for å kartlegge interessa og kva saker det var interesse for. Det vart så følgt opp på en oppstartkonferanse for eit nettverk, der det blei etablert arbeidsutval med nokre relativt få, engasjerte personar som skulle arbeide med konkrete saker. Dette såg ut til å verka positivt inn på deltakinga. Det var arbeidskrevjande, men ganske effektivt (Børke 2001).

7.3.2.5 Andre møtebolck vurdert i forhold til teori om yrkesdidaktikk

Også det andre fellesmøtet hadde ein fin dialog rundt innhald. Folk vart fort engasjert i sakene som kom opp, og har erfaringar og tankar rundt samtlege tema som var oppe. Det var flott å observera korleis både frisørar og elevar deltok med idear og forventningar til kvarandre om korleis ein kan gjera yrkespraksisen betre. Så konkrete

tilbakemeldingar rundt innhald, var veldig nyttig for arbeidet på skulen også. Lærarane diskuterte dette i etterkant og har innført både antrekk og endra prosedyre rundt fråver, som resultat av dette møtet. Dette er eit godt døme på kor konkrete resultat ein får ut av ein konstruktiv dialog mellom skule og bedrift. Enkelt og raskt å gjennomføre og noko som faktisk gjer ei kvalitetsendring av opplæringa. Trur også det er veldig nyttig for eleven som kjem ut, at bedrifta har faste prosedyrar for av kven og korleis dei skal takast imot. Dette hadde lærlingane tydelege tankar om, både sidan dei nyleg hadde vore elev sjølv og fordi dette er eit ansvar dei kan ta overfor eleven som kjem i salongen deira. Desse erfaringane samsvarar med teoriar hos Hiim og Hippe (2001), Lave og Wenger (1991) og Nielsen og Sund (2008), som alle viser til at yrkeskunnskap også er sosial kunnskap og difor meir enn berre rein fagkunnskap.

Rekruttering

Frisørbransjen har utfordringar i å profilera faget blant unge i distriktet. Det kom fram frustrasjonar rundt lav rekruttering av lærlingar, som er godt nok førebudd på kva som møter dei av krav og forventningar til tempo og effektivitet. Frisørbransjen har forventningar til personlege eigenskapar, som ikkje alltid samsvarar med det som er tilfelle hos dei som søker. Dette er noko frisørar sjølv må formidla til ungdomskuleelvar og elevvar i vg1. Eg trur ikkje dette let seg overførast gjennom informasjon frå rådgjevarar og andre som har sitt arbeid i skuleverket, utanfor bransjen. Slik vil det antakelig vera også for andre handverksyrke. Dei må bli presentert av personar som sit med erfaring om det genuine i faget sin identitet, jamfør Nielsen og Kvale, slik det er gjengitt i kapittel 4.5.1, når dei peikar på fagleg autoritet som motivasjonsfaktor for elevane (Hansen 2002 i Kvale og Nielsen 2003).

Likeins vart det diskutert korleis me kan gå fram for å få rekruttert fleire gutar til frisørfag gjennom offentleg utdanning. Det kan sjå ut som dette er ei utfordring som er så stor at det trengst handling på nasjonalt plan for å få til ei endring. Då tenkjer eg både at frisørbransjen sine eigne organ kan laga landsdekkjande kampanjar, samtidig som det offentlege kan leggja tilrette for kjønnskotert inntak, utover det som vert praktisert i dag.

Når fellesmøtet ynskjer å ta tak i rekrutteringsproblematikken for frisørfag lokalt, har det ringverkingar til rekruttering nasjonalt. Klarer me etterkvart å etablera gode rutinar for å rekruttera både gutar og jenter, som vil vera produktive medarbeidarar og gode representantar for faget lokalt, så vil det vera ein viktig modell for tilsvarende arbeid i

andre regionar i landet. Norges frisørmeesterforbund, NFF arbeider aktivt med rekrutterings spørsmål og har det med i satsingsområda sine i strategiplanen (Landsmøtet 2007/ 08). For NFF er utfordringa like alvorleg i begge endar, både rekruttering og å hindra fråfall av godt kvalifisert arbeidskraft.

Saka om rekruttering er viktig og overordna når det gjeld å oppretthalda fagleg kvalitet for frisørfag. Faget er avhengig av motiverte og kvalifiserte medarbeidarar, som har den kompetansen og dei personlege eigenskapane som marknaden til ei kvar tid etterspør. Alle ungdomar har rett på vidaregåande opplæring, men når den einskilde sine ynskje og behov avvik frå bransjen sine krav og forventningar, er det ekstra viktig at bransjen får informera ungdomane om kva som ventar dei i yrkeslivet. Først på eit slikt grunnlag har ungdomane mulighet til å ta eit reelt val. Det er denne type orientering møtedeltakarane gav uttrykk for er viktig når ein skal informera og gje ungdomskuleelevar og vg1 elevar yrkesorientering. Deltakarane hevda at frisørfag er eit spennande og godt yrke for fleire dyktige elevar enn dei som vel faget i dag. Ei slik brei rekruttering med elevar med veldig ulike føresetnader, vil på sikt gje betre føresetnad om å nå målsetjing om auka kvalitet på opplæringa.

I etterkant ser me at denne saka aldri vart følgt opp i samarbeidet. Noko av grunnen var at me følte avmakt i forhold til temaet og innsåg utan å setje ord på det, at dette å rekruttere gutar er ein type utfordring som må analyserast grundig, for deretter å kunna bestemma kva tiltak som skal setjast i verk. Dette er også eit eksempel på ei sak som kunne vore delegert til ei mindre gruppe medlemmer, som spesielt såg viktigheita av å løysa utfordringa, for å sikre betre rekruttering og dermed bidra til å heva kvaliteten på frisør opplæringa. Saka vart ikkje avslutta, men vart lagt på is og vil vera svært aktuell når samarbeidet eventuelt går vidare etter prosjektperioden.

Yrkesretting av fellesfag som rekrutteringsmiddel

Fellesmøtet var også inne på tema om meir yrkesretting av fellesfag som motivasjon for å rekruttera ungdomar til å velja frisørfag. Tidlegare elevar, vart veldig engasjert då me brukte engelsk som eksempel på fag som kan yrkesrettast i staden for å omhandla tema som er irrelevant og demotiverande for elevar som i utgangspunktet kanskje ikkje har lukkast i teorifag. Møtedeltakarane kom med fleire eksempel frå eiga skuleerfaring. Det vart ikkje konkludert med noko tiltak, men dette er eit emne som tydeleg rører ved folk og som difor ser ut til å vera ein faktor, for dei som skal velja å gå inn i eit handverksfag. Det er også tydeleg for møtedeltakarane at yrkesretting av fellesfag vil gje ein gevinst i form av auka kvalitet på opplæringa. Det vart ikkje diskutert korleis ei slik yrkesretting

skulle kvalitetsikrast, men deltakarane såg nytta av yrkesretting som einaste gjennomføring for at elevane skulle oppleve fellesfag som meningsfulle og relevante for deira yrkesval.

Eg trur denne saka bør løftast vidare i utdanningssystemet, for å yrkesretta fellesfag er ei pedagogisk utfordring og let seg vanskeleg løysa i eit samarbeidsfora som vårt. Derimot er det viktig at dette vert påpeikt i vårt samarbeidsfora, slik at dei som har ansvar for pedagogisk opplegg og metode, vert gjort merksam på behovet og i neste runde kan tileigna seg betre pedagogiske metodar for å imøtekoma denne utfordringa. Med det antyder eg at dette kan vera eit område der fellesfaglærarane meiner dei yrkesrettar, medan bransjen og elevane ikkje oppfattar det slik. Då har me ei utfordring som krev ein analyse, før ein kan vita om det skal setjast inn tiltak og kvar det skal setjast inn tiltak. Eg trur det er viktig å bruka Det norske frisørlærarforbund i diskusjonen om yrkesretting og eg trur Norges frisørmeisterforbund vil kunne bidra med synspunkt frå bransjen si side. Begge desse institusjonane har regelmessige møte og eit funksjonelt nettverk der utfordringa om å yrkesretta fellesfag vil kunna bli forsvarleg handsama.

Eg har vist til Vygotsky i kapitel 4.3, som hevdar det får negative konsekvensar å splitte opp kunnskap i skulefag (Mjelde 2002). Likeeins tek eg med Schön (1987) i kapitel 4.6, som snakkar om kunnskap -i- handling, på ein måte som gjer det uhensiktsmessig å undervise i fag for faget si eigen del, utan å relatere kunnskapen til handling der kunnskapen har meining. Å yrkesretta fellesfag er eit tema som ikkje kan vedtakast i eit samarbeidsmøte mellom skule og bedrift. Det er ei sanning som gjenspeglar seg i forskingsbasert litteratur om yrkesdidaktikk og er heller eit spørsmål om korleis ein kan gje fellesfaglærarar kunnskapar og metode til å gjennomføra ei undervising som er yrkesretta og har relevans og meining for den enkelte elev og for faget den har valt.

Elevar i yrkespraksis

Illeris seier at læring, personlig utvikling, kvalifisering og sosialisering blir omgrep som går i eit. Læreprosessar er ikkje berre å læra eit pensum, men motivasjon, haldningar, følelsar, kommunikasjon og sosial handling som inngår i ein heilskap under stadige forandringar mot nye horisontar (Illeris 1999). Dette er kjernen i dialogen på fellesmøtet, som var rundt innhaldet i elevane sin yrkespraksis. Kven møter dei, korleis vert dei møtt, kva er oppgåvene deira og korleis er verbal og nonverbal kommunikasjon mellom elev og fagpersonar i yrkespraksisen? Same rundt antrekk og prosedyrar ved fråver i skulen. Dette er ein del av læreprosessane som Illeris viser til, som går utover det å læra eit pensum. Dette er både motivasjon, haldningar, følelsar, kommunikasjon og

sosial handling, slik det er vanleg praksis i frisørfag. Dette får eleven erfara gjennom yrkesretta praksis under kyndig rettleiing frå dei som disponerer den gjeldande arenaen; frisørsalongen. Slik utviklar dei yrkeskunnskapen sin, som eit resultat av nøkkelkompetanse og fagkompetanse (Nielsen og Sund 2008).

Prosjekt til fordjuping er eit fag som vil vera vesentleg faktor for å nå målsetjinga om å auka kvaliteten på frisør opplæringa etter reforma vart innført. Den gode dialogen rundt innhald i faget både i skule og bedrift, er konstruktiv for utvikling av innhald og samkjøring av relevant og meiningsfullt innhald for bransjen. Dei konkrete forslaga som kom fram er handgripelige og konkrete å få på plass både på skule og i bedrift umiddelbart. Ei slik konkretisering er med å gjera samarbeidet meiningsfullt og nyttig for dei som deltek og vil vera viktig faktor i organisasjonsutviklingsprosessen. For at organisasjonen skal utviklast kontinuerleg, er det av betydning at det er sett av tid på saklista til å drøfta så daglegdagse forslag kvar gong dei møtest. Eg trur desse daglegdagse problemstillingane er meiningsfulle og gjev motivasjon til vidare samarbeid, når deltakarane ser at det skjer ei endring.

Ulike samarbeidsfora og workshop

Møtedeltakarane har både på første og andre møte diskutert ulike former for samarbeid seg i mellom, både mellom skule og bedrift og skule/ skule, bedrift/ bedrift. I alle variantar av samarbeid er det den faglege utviklinga som har vore mål for- og grunnlag for behovet. Felles for alle samarbeidsformene er at deltakarane i slike samarbeid vil knyta seg tettare til dei andre, både faglege og sosialt. Dei har uttrykt at saman kan me yta meir enn ein kan som enkeltperson og vil få fleire idear og argument til faglege fornying. Dette er i samsvar med prinsipp om aksjonsforskning og demokratiske samarbeidsprosessar. Med hjelp av ei coachande tilnærming, har prosjektleiar fått dialogen open og inkluderande for deltakarane. Dersom fleire hadde stilt på møta, ville antakeleg andre meiningar og synspunkt også kome fram og det ville sannsynlegvis også kome fleire saker til drøfting. Slik vart det ikkje.

Kurs i bransjekunnskap

Det er også uttrykt ynskje om felles gjennomføring av 40-timars kurset i bransjekunnskap, som lærlingane skal ha på vg3. Dette kurset kan bedriftene som ynskjer det, tilby sjølv i salongen. Eg oppfattar etterspørsel av felles gjennomgang som kvalitetsikring av frisørfaget, med mål om likt innhald og likeverdig tilbod til alle lærlingane. Ynskje om samordning bygger blant anna på eit forpliktande samarbeid

mellom offentlig og privat sektor og mellom skule og lærebedrift. (St. Meld. 16 (2006-07):16)

Førebuing til tredje møtebolck

Samarbeidet i andre møtesekvens har gitt rikeleg argument og problemstillingar til å fortsetja dialogen vidare. Prosjektgruppa går no vidare med evaluering av andre bolck, for deretter å setja ny kurs for tredje sekvens i utviklingsspiralen.

7.3.3 Den tredje møtebolcken i samarbeidet – sakene vert meir konkrete, men utfordringar trugar

Tredje møtet er midtvegs i prosjektet. Dei fleste som arbeider i frisørbransjen lokalt, er no kjent med at samarbeidet føregår og mange har kommentert samarbeidet positivt når eg har møtt dei på gata.

7.3.3.1 Tredje møtet i prosjektgruppa – Prioriterte saker tek form

Me er komen til oktober og hausten har innhenta oss. Folk har tydeleg eit høgt aktivitetsnivå og mange jern i elden. Dette prosjektgruppemøtet kunne ikkje gjennomførast som planlagt. Det var berre prosjektleiar som kom. Dei andre hadde heldigvis gjort ein del grunnleggjande arbeid til "sine" saker på førehand, slik at det som sto igjen, var å laga sakliste til fellesmøtet. Lærlingen hadde vore aktiv med å planleggja samarbeidet for lærlingar. Ho hadde teke kontakt med fleire salongar og fått respons på forslaget om samarbeid. Lærlingen i prosjektgruppa hadde fått med seg to andre, som hadde funne ut at dei vil laga liste og ta opp bindande påmelding til samarbeidet seg i mellom. Ho heldt kontakt med prosjektleiar på e-post og sms og ville ta på seg å leggja fram status for samarbeidet på fellesmøtet om fjorten dagar.

Ein av arbeidsgjevarane i prosjektgruppa hadde teke ansvar for å undersøkje kva som var gjort då lauket vart lagt ned for nokre år sidan. Ho tok kontakt med den som sist var oldermann og hadde fått greie på at det finnest både ei tidlegare medlemsliste og at lauket har litt pengar på ein konto. Det viste seg gjennom NFF sine arkiv, at lauket ikkje er lagt ned, slik at dei slepp ny prosedyre med etablering, men kan reorganisere seg i dei formalitetane som alt er etablert. Sidan eit frisørslag er ein arbeidsgjevar organisasjon, er det naturleg at initiativet til etablering ligg fullt og heilt hos arbeidsgjevarane i prosjektgruppa og at prosjektleiar berre går inn som motivator og støttespelar på sidelinja for å få lauket i drift igjen. Denne rollefordelinga har me diskutert gjennom i forkant, slik at det er einigheit i gruppa om kven som gjer kva og kva forventningar me kan ha til kvarandre. Sjølv om prosjektleiar ikkje tek del i etableringa av lauket, er det

heilt klart for alle partar at det er vesentleg for skulen og andre som vil kommunisera med frisørane i Sunnhordland som gruppe, at lauset vert eit aktivt fora igjen. Arbeidsgjevarane og frisørbransjen vil på den måten stå sterkare når dei vil uttala seg til dømes om utdanningspolitiske saker i regionen.

I tillegg til desse to store sakene, hadde prosjektgruppa diskutert å sjå på korleis bransjen kan rekruttera betre frå ungdomsskulen og om det er tiltak ein kan gjera for å rekruttera fleire gutar til frisørfag.

Sidan alt førearbeid var grundig gjort, fekk prosjektleiar mandat til å setja opp sakliste på bakgrunn av arbeid som var kommunisert på e-post.

7.3.3.2 Det tredje fellesmøtet i samarbeidsprosjektet – Frammøte ser ut til å vera ei utfordring

Også denne gong brukte me Stord vidaregåande skule sine lokale til fellesmøte for alle som på ein eller annan måte er involvert i frisør opplæringa i Sunnhordland. Heller ikkje denne gong vart framømte betre. Berre ni personar var tilstades. Desse ni var fordelt på lærarar, lærlingar, fagopplæringskontoret og frisørar. I referatet vart det skreve at innkallinga var godkjent, men burde komme litt tidlegare ut i salongane. Det må me ta til etterretning, sjølv om dei innkalla var informert både via e-post, to avisannonsar og delvis ved personleg invitasjon på arbeidsplassen.

Prosjektet var også denne gong kort presentert, sidan det var nye deltakarar tilstades. Som dei to føregåande møta, hadde me også denne gong sakliste og formell gjennomgang. Dette vil eg drøfta vidare i kap 8, for det er ikkje sjølvsgatt at ein slik formell møteprosedyre er det mest hensiktsmessige i alle fora. I alle fall opplevde me i dette fellesmøte at deltakarane ikkje var komfortable med å fylgja ein bestemt struktur, men yngste å diskutera sakene fritt uavhengig av saklista. Dette vart også delvis gjennomført, samtidig som alt på saklista kom med.

Oppfylgingssaker i det tredje fellesmøtet

Under oppfylgingssaker etter føregåande fellesmøte, var ynskje om å danna nytt laug (sak 16/ 08 oppfølging av sak 11/ 08).

Den ansvarlege i prosjektgruppa fortalde korleis ho har tatt kontakt med NFF om å danna laug. Ho fortalte at det framleis eigentleg er eit laug, men at dette ligg på is. Dette kan bli enkelt å få i gang. Me treng einkvan som vil ta initiativ til ny oppstart og at lauset vert aktivt og brukt, slik at initiativet skal ha noko for seg. Det vart informert om at NFF er

positive til vårt forslag og ynskje om å laga laug, og at dei stiller opp for å bidra, dersom medlemmene ynskjer det. Det vart bestemt at arbeidsgjevarane i prosjektet skulle ta initiativ til eit oppstartmøte så snart det let seg gjera. Gjerne før jul var ynskje. Det vart bestemt at dei ville ha forpliktande påmelding til møtet, med skrifteleg invitasjon i tillegg til møteinnkalling i lokalavisa. NFF hadde sakt seg villig til å stilla med ein representant på oppstartmøtet.

Ynskje frå lærlingane om å danna opplæringsring

Eleven i prosjektgruppa, som sidan sist fellesmøte er blitt lærling, informerte om kva som er gjort. Ho forklarte at dette ikkje skal vera ein formell opplæringsring, men ein samarbeidsring der lærlingane kan dela inspirasjon og ting dei har lært i salongen dei jobba i. Planen for å få dette til, er at lærlingane møtes ein gong i månaden og at dei har med seg ein som er ansvarlig for verktøy og inventar og som kan svara på faglege spørsmål i kvar samling. Dette var dei frammøtte lærlingane interesserte i og håpa at det vil fungere. Litt skepsis frå arbeidsgjevarane om at dette ikkje måtte bli eit fora for negativ tilbakemelding lærlingane i mellom, men at det må vera eit konstruktivt arbeid som skal skje. Eit forslag frå lærlingane var å invitere personar frå prøvenemnda, slik at dei kan informere lærlingane om kva som må til for å bestå ein fagprøve og svara på spørsmål lærlingane måtte komme med.

“Denne samarbeidsringen mellom lærlingane håpar me skal gjera lærlingane kjent med kvarandre og at det blir enklare å arbeida for eit betre miljø mellom salongane. Denne ringen må vera konstruktiv og at alle kjem positivt ut av det og der målet er eit felles løft for frisørfaget i Sunnhordland” (Henta frå referatet sak 16/ 08).

Skulen sine erfaringar med saker som er gjennomført som fylgje av samarbeidsprosjektet

Skulen sine lærarar informerte om endringar som er gjort sidan sist i samarbeidet mellom skule og bedrift i Sunnhordland. Det er innført arbeidsantrekk på skulen. Elevane har fått T-skjorter frå leverandørar og har kjøpt svart- eller dongeri bukse sjølv. Elevane må no ringe eller sende ein e-post tidleg på dagen dersom dei er sjuke eller ikkje kan komme på skulen ein dag. Det viser seg at dette tek tid å innarbeide hos elevane. Vg2 har også hatt ein praksisperiode i bedrift der dei hadde med seg ei oppgåve, slik at arbeidsgjivaren visste kva dei kunne sette eleven i gang med. Dette gav arbeidsgjevarane positiv tilbakemelding på og ynskjer å fortsetja samarbeidet om elevar slik.

Saker som kan diskuteras vidare

”Etterlyser gutar i bransjen. Mannlige frisørar burde inspirert og motvert gutar til å gå inn i frisøryrket. Mange gutar er redde for kva andre vil sei, eller reagere dersom dei vil bli frisør, pga alle mytane og kva ord dei får på seg om dei vert frisørar” (forts. Sak 16/ 08).

I sak 17/ 08 stilte me oss utfordringa om korleis frisørbransjen kan marknadsføra seg betre for ungdomsskulen. Dette er også eit kommunikativt spørsmål mellom skule og bedrift, sidan det ikkje har vore tradisjon for ungdomsskulane i distriktet å invitera frisørbransjen til å informera om faget sitt. Denne informasjonen vert gitt av ungdomsskulen sine rådgjevarar. Det vil også bli eit organisatorisk spørsmål, dersom frisørbransjen får ein slik invitasjon frå skulen. Kven skal skulen henvenda seg til, sidan me ikkje har eit laug og korleis skal dei som gjer jobben få kompensasjon for tapt arbeidsforteneste? Dette vart framstilt som ei utfordring, men møtet tok ikkje stilling til løysing.

Lærlingane etterlyste også muligheita for at folk frå frisørbransjen kunne koma på vg1 å informera og motivera både jenter og gutar til å velja frisør på vg2.

7.3.3.3 Mine tankar om tredje møtebolc

Det praktiske rundt samarbeidet har vist seg som ei stor utfordring i tredje møtebok. Folk må ta del, for at me kan nå målsetjinga med prosjektet om å bidra til å auka kvaliteten på frisørproplæringa etter at kompetansereforma vart innført. Får me ikkje fleire med enn me har klart no, vil det kunna gå ut over den demokratiske prosessen i samarbeidet. Me ynskjer at flest mulig si stemme skal bli høyrte, men for å få folk til å uttale seg, må dei delta i samarbeidet. Eg har full forståing for at folk har det travelt. Likevel må me gjennomføra det me har starta i samarbeidet mellom skule og frisørbedrifter i Sunnhordland. Heldigvis er me godt hjulpen av e-post i samarbeidet. Prosjektgruppa sine medlemmer har gode rutinar på å opna og svara på e-posten sin ofte, slik at denne kommunikasjonsforma fungerer godt. Gruppa har fordelt arbeidet mellom seg og alt er gjennomført slik det er avtalt og i trå med prosjektplanen og milepålar i kapitel 2.4.3.

7.3.3.4 Vurdering av tredje møtebolc i forhold til teori om aksjonsforskning og organisasjonsutvikling

”Korleis få til ein modell for eit konstruktivt og funksjonelt samarbeid mellom skule og bedrift?”

I det tredje fellesmøtet forsto eg at møta våre har ei formell form på lik linje med møter eg er van med i skulen sin regi. Eg som prosjektleiar har ikkje tenkt tilstrekkeleg gjennom om dette er ei møteform som er kjent i frisørbransjen og som bransjen er komfortabel med. Litt av grunnen til at eg fortset denne forma sjølv om eg stiller meg desse spørsmåla, er at den formelle måten med skrifteleg innkalling og møtereferat vil sikre dokumentasjonen av sakene me har oppe, slik at arbeidet er i samsvar med dokumentasjonskrav i aksjonsforskning. Elles kan det bli problematisk å få dokumentert innhaldet i diskusjonane. Eg trur det vil vera hensiktsmessig for vidare drift av eit samarbeid, å diskutera om ein heller skal velja ei oppnare møteform, der agendaen har punkt til diskusjon i staden for så faste rammer som dette prosjektet har sett seg i kvart møte. Dette kan vera vanskelegare å referera, men då treng kanskje referata berre innehalda konklusjon og ikkje referera diskusjon. Ein må ikkje miste fokus på målet, som er tettare samarbeid mellom skule og frisørbedrifter, slik det står omtalt i stortingsmelding 16 (2006-07).

Når det gjeld innhaldet i møta, kan eg visa til organisasjonsutvikling og styrearbeid. Behovet for organisasjonsutvikling må koma nedanfrå og forankrast oppover i organisasjonen for å få folk med. I motsett fall vil folk føla at dei får idear "tredd over hovudet" og vil fokusera negativt på tiltaka. Så også med nyoppretting av laug og etablering av samarbeid mellom lærlingar. Det er dei som har eigarskap til organisasjonen som må få sine behov stetta ved å gjennomføra ei endring. Det er difor ikkje hensiktsmessig at prosjektleiar vert styrande i desse etableringane. Målet for ein leiar er å oppnå resultat, men målet kan også nåast gjennom medarbeidarane sitt arbeid (Berg 2001), slik som her.

Lærlingane har arbeidd vidare med å organisera eit samarbeid seg i mellom. Dei har fått frie tøyler til å prøva å organisera dette på eiga hand. Eg vil fylgja arbeidet tett, men let dei foreløpig arbeida på eige initiativ. Det vil vera mest hensiktsmessig at dei klarer det sjølv, for dette er eit samarbeid, som skal vera deira ansvar når det vert sett i funksjon. Då er det viktig at dei har eigarskap til det frå starten av (Berg 2001).

Det var naturleg å koma med ei oppsummering av tiltak som er gjennomført i kjølvatnet av samarbeidet. Dette viser at me ikkje berre diskuterer, men faktisk også gjer det me seier at me skal gjera. Eg trur frisørane og dei andre deltakarane sette pris på denne tilbakemeldinga og at prosjektet på den måten framsto som relevant og meningsfullt i forhold til det arbeidet dei har lagt ned. For lærarane var det også positivt å høyra korleis oppgåvene elevane hadde med, var teken i mot ute i bedrift. Det er nyttig å ha en dialog på dette, slik at begge partar, både skule og bedrift, veit kva som er forventa når eleven

skal gjennomføra yrkespraksisen sin. Eg trur det var ein styrke for prosjektet å ta ei oppsummering av tiltak som er gjennomført av dei ideane som er drøfta i dei to første samarbeidsmøta. Læringsspiralen som teiknar seg på denne måten, er med og synleggjer den heilskaplege yrkeskompetansen slik Hiim og Hippe skisserer i boka si (2007). Dette er med å bekrefte at samarbeidet har livets rett og er nødvendig for å få til ei konstruktiv utvikling for frisør opplæringa. Det verka motiverande på deltakarane før siste møtebolk.

Referansegruppa har vore involvert i spørsmålet om å etablera laug på nytt. Dei er positive og hjelpsame i arbeidet.

7.3.3.5 Tredje møtebolk vurdert i forhold til teori om yrkesdidaktikk

I denne perioden er det arbeidet med nytt laug som har teke mest tid og som har vore mest arbeidskrevjande. Det har vore spanande å sjå om det let seg gjennomføra med nyetablering, for det ser ut til å vera ein avgjerande faktor for det vidare samarbeidet mellom skule og frisørbedrifter i Sunnhordland. Gjennom samarbeid vil ein ha betre tilgang på ein naturleg arena for læring gjennom samhandling, slik Mjelde beskriv som viktig for menneskeleg og fagleg utvikling og slik det kjem til uttrykk i yrkesfaglege tradisjonar (Mjelde 2002).

Tiltaka våre vil ha stor betydning for eit vidare samarbeid mellom skule og bedrift lokalt og vil føra til auka fokus på kvalitet i frisør opplæringa og i frisørfag generelt. Dette samsvarar med opplæringslova §12-4, der den legg føringar for betre samhandling mellom skular og bedrifter, for å oppnå regional utvikling (Kunnskapsdepartementet 1998).

Det er blitt heilt klart for meg som prosjektleiar, at samarbeid ikkje let seg gjennomføra utan formelle kanalar og institusjonelle avtalar i forhold til at begge partar, både skule og bransje, må vera forplikta utover det som går på frivillig, uformelt samarbeid. Dette samsvarar også med Fafo rapporten, som etterlyser auka koordinering og formalisering av samarbeid mellom skule og bedrifter i samband med prosjekt til fordjuping (Dæhlen, Hagen og Hertzberg 2008). Rapporten seier også at fylkeskommunen kan leggja til rette for samarbeid mellom skular og for å styrkja og utvikla samarbeidet mellom skule og bedrift. Begge deler er teke opp i våre møter og er vurdert som vesentlege faktorar for å utvikla kvaliteten på frisør opplæringa etter innføring av kunnskapsreforma.

7.4.4 Den fjerde møtebolken i samarbeidet – Kva har me oppnådd?

Då var me komen til det siste møtet i samarbeidsprosjektet mellom skule og frisørbedrifter i Sunnhordland. Dette møtet skal oppsummere det me har oppnådd og byggja bru til neste fase, der prosjektet er avslutta, men kor samarbeidet forhåpentlegvis kan få ei form som gjer at det fortset, men med ny organisering. Ut frå denne oppsummeringa, vil me også sjå om det er faktorar i vårt samarbeid, som har overføringsverdi til andre fylke og eventuelt til andre fagområde, som også kan læra av våre erfaringar med samarbeid mellom skule og bedrift.

7.4.4.1 Fjerde og siste møtet i prosjektgruppa – Arbeidet ser ut til å gje resultat

No set me att med klare meldingar frå tidlegare møter og ynskjer å gjera ein absolutt innsats for å få etablert laug et på nytt. Prosjektgruppa vurderer det slik, at skal samarbeidet mellom skule og bedrift ha noko samarbeidsform etter prosjektperioden, er det nødvendig med eit laug. Slik kan frisørane nåast gjennom ein felleskanal i staden for at ein ikkje veit kven ein skal henvenda seg til, når ein ynskjer å få frisørane som gruppe i tale.

Den eine lærlingen i prosjektgruppa har også lagt ned ein del arbeid rundt forslaget om å få til eit samarbeidsfora for lærlingane. Dette er også noko som bør etablerast før prosjektida er avslutta, for at det skal bli gjennomført.

Det siste prosjektgruppemøtet vart halde 18. februar -09 i lokala til frisørinja på Stord vidaregåande skule, som dei andre møta våre. Denne gong var det berre to av arbeidsgjevarane og prosjektleiar som stilte. Lærlingane var forhindra av jobbmessige årsaker. Det gjaldt også frisørbedriftseigaren, som berre har vore med på eit møte. Me har full forståing for at ho har det travelt og fristilte henne frå arbeidet vårt i siste runde.

Sjølv om me var få, kunne me behandle saka om å etablere nytt laug, sidan det var den eine av dei frammøtte som har vore pådrivar i det arbeidet. Ho informerte om kva som skal til vidare (referat sak 03/ 09) Me vart einige om å laga innkalling til fellesmøte 11. mars -09 kl 20.00. Dette møtet skal starta med å vera avslutting for prosjektet "Samarbeid mellom skule og frisørbedrifter i Sunnhordland". Prosjektleiar skal oppsummere kva som er komen ut av samarbeidsprosjektet og kva som vert vegen vidare. Deretter overtek arbeidsgjevarane og gjennomfører årsmøtet for det nye laug et. Prosjektgruppa vil invitera direktør i NFF, Olav Eikemo til å halda eit innlegg om medlemskap i NFF og kva det vil sei for bransjen, skulen og i politiske spørsmål å vera

medlem i eit laug. Me fann også ut at det var vesentleg å informera om kostnader for bedriftene før møtet, slik at dei fekk eit grunnlag å vurdere eit eventuelt medlemskap på.

Litt av utfordringa for å promotere det nye laugget, var å finna tak i e-post adresser til absolutt alle frisørsalongane i Sunnhordland. Me fordelte arbeidet mellom oss. Målet var at alle potensielle medlemsbedrifter skulle bli oppringt eller besøkt av ein frå prosjektgruppa, som skulle informera om nyetableringa av laugget og som skulle motivera eigarane til medlemskap. Dette vart stort sett gjennomført. I tillegg skulle alle få invitasjon på e-post med påminning om møtet i lokalavisa torsdagen og mandagen før møtet. Me prøvde også å få spalteplass i lokalavisa til ein reportasje om utviklinga i samarbeidsprosjektet, slik prosjektet fekk omtale før første fellesmøtet, då me starta samarbeidet. Det fekk me ikkje.

Sidan det var lavt fram møte på dei tidlegare møta prosjektet har halde, fann me det hensiktsmessig å alliere oss med tre salongar, i tillegg til dei som er representert i prosjektgruppa. NFF hadde alt orientert om at det skal vera minimum fem frisørsalongar for å etablere eit frisørlaug. På den måten er talet sikra og kandidatar til styret er spurt på førehand. Dei som henvendte seg personleg til frisørbedriftene, rapporterte om stor interesse for nyetablering av frisørlauget. Initiativet vart godt motteke.

11.mars skal me møtast i konsertsalen på Stord vidaregåande skule. Den er stor til føremålet, men prosjektgruppa bestemte at konsertsalen er meir representativ for anledninga enn eit klasserom med grelt lys. Det skal serverast frukt, kjeks, kaffi og Farris, slik at folk kan "mingle" etter det offisielle programmet. Prosjektgruppa hadde saman med prosjektlear sett opp tydelige og detaljerte oppgåver, som planla det siste fellesmøtet.

I forlenging til prosjektgruppe møtet, hadde prosjektlear og lærlingen, som har påteke seg ansvar for å etablere samarbeid mellom lærlingane, eit ekstra møte. Der oppsummerte me kva som er gjort så langt, for å få til eit samarbeid mellom lærlingane. Deretter fann me oversikt over dei åtte salongane som til saman har tolv lærlingar på Stord. Me vart einige om å starta på Stord og sjå om det er naturleg å utvida samarbeidet med resten av Sunnhordland. Ein bør sjå om Bømlo og Kvinnherad heller skal etablere slikt samarbeid lokalt, med tanke på reisetider og at dei ikkje skal bli for mange og vanskeleg å organisera.

Me vart einige om å definere målet med samarbeidet slik:

- Betre samarbeid mellom lærlingane

- Kvalitetssikring/ meir lik opplæring
- Lik tolking av læreplanen på vg3
- Arbeidet er på lærlingane sine premisser og er deling, ikkje opplæring

Arbeidsmøta skal bestå av å dela idear, erfaringar og kunnskapar for å bli tryggare til sveinebrevet.

Det kan vera passeleg at lærlingane trefest med seks til åtte vekers mellomrom. Me sette opp 30. mars og 25. mai frå kl 19.00 – 21.00. Møta bør rullera mellom salongane, eller vera på skulen, dersom det er behov for det.

Me sette opp ei skisse over innhaldet i oppstartmøtet, slik at lærlingane kjem i gong. Det kan vera lurt at dei vert einige om korleis møta skal rapporterast til arbeidsgjevarane og om dei vil ha ei rapportering i det heile.

Me sette opp ei oversikt som lærlingen og prosjektleiar presenterer på fellesmøtet 11. mars i tillegg til at det vert sendt som ein invitasjon til dei aktuelle lærlingane (Vedlegg 3).

7.4.4.2 Det fjerde fellesmøtet - prosjektavslutting og vegen vidare

Å møtast i konsertsalen var eit godt val og i fylgje Eikemo var det beskrivande for ambisjonsnivået for prosjektet. Konsertsalen tilbyr eit avansert AV-utstyr, som kom vel med til presentasjon av data. Det er også greitt å bruka eit lokale der ein kan variera lysnivået, for å få ein god atmosfære. Dette var greitt ved slutten av møtet, då me hadde sett fram litt å bita i. Dagens agenda var oppstilt på storskjerm då møtedeltakarane kom. Dette var for at alle skulle få ein oversikt over kva som skulle skje og vera komfortabel med framdrifta i møtet.

Det var 15 frammøtte. Denne gong var arbeidsgjevarane i fleirtal. Det var lite frammøtte frå skulen og berre ein lærling. Dei frammøtte var svært motivert for å få gjennomført årsmøtet og å få etablert eit nytt laug. Dei tok også godt imot innhaldet i oppsummeringa av samarbeidsprosjektet. Møtet var todelt, sidan me ville markera tydeleg at det var eit avsluttingsmøte for prosjektet og at det skulle haldast årsmøte for nytt laug. Eg gjengir difor i to deler under, slik det også er gjort etter referatet i møtet.

Del 1) Avslutning av samarbeidsprosjektet mellom skule og frisørbedrift i Sunnhordland

Prosjektleder var møteleder og starta med å ynskja velkommen og presenterte direktør i NFF, Olav Eikemo, som kom direkte frå Oslo for å vera med på møtet. Deretter vart det lagt fram ei oppsummering av det årelange samarbeidet mellom skule og frisørbedrifter i Sunnhordland. Første power point bilde viste målet med prosjektet, slik det er definert i prosjektplanen. Neste bilde viste delmåla for prosjektet med denne ordlyden:

- Prosjektet skal etablera ein arena for samarbeid mellom skule og frisørbedrifter i Sunnhordland.
- Bransjen må få bli tydeleg premissleverandør for det som skjer av frisør opplæring på vg1 og vg2, særleg i faget prosjekt til fordjuping.
- Skulen må tilføra bedriftene arbeidskraft som er relevant for yrket.
- Allmennfag må ha relevans og mening for den enkelte elev, for yrkesvalet eleven har gjort og for samfunnet yrket skal utførast i (dvs. yrkesretting av allmennfag).

Vidare vart det gjort greie for kva prosjektet har gjort, med oversikt i to rubrikkar. Ein for kva som er gjort av etablering og ein for innhaldet i diskusjonane:

Etablere kontakt	Saker som har vore oppe:
<ul style="list-style-type: none">• Prosjekt gruppe, som har vore ansvarleg for opplegg, innkalling og lokale• Finne tak i alle som var aktuelle for samarbeidet• Annonser og kalla inn til møte	<ul style="list-style-type: none">• Idemyldring på første samling• Utplassering i bedrift• Rekruttering til frisørbedrifter• Forslag om workshop• Nytt laug?• Samarbeid mellom lærlingar• Samarbeid mellom vg1 og vg2• Div. Spørsmål til fagopplæringskontoret• Korleis marknadsføra frisørfag i ungdomsskulen

Deretter vart prosjektgruppa si oppsummering av kva prosjektet hadde oppnådd på dåverande tidspunkt, lagt fram:

- Har fått aktuelle partar på bane
- Har motivert til auka samarbeid
- Skulen har blitt lettare å ta kontakt med for frisørane
- Samarbeidet har gitt skulen føringar for kva bedriftene vil ha av opplæring
- Idébank til vidare samarbeidstiltak

- Innført arbeidsantrekk på skulen
- Tydelegare retningslinjer for elevane å melda om fråver
- Felles forståing for at elevane har med oppgåve ut på vg1 og før jul på vg2
- Felles forståing om kva elevane kan gjera i bedrift etter jul vg2

Det vart oppsummert kva me kan gjera vidare i samarbeidet mellom skule og frisørbedrifter i Sunnhordland. Det viste seg å vera viktige saker innan rekruttering, oppfylging av innhaldet av opplæringa på alle nivå og gjera overgangane mindre mellom skule og frisør opplæring i bedrift, ved at dialogen mellom skule og bedrifter vert praktisk og funksjonell.

Til slutt vart vegen vidare presentert. Det viktigaste er at me har fått på plass eit nytt laug, der me kan fortsetja dialogen mellom skule og frisørbedrifter i Sunnhordland. Då har me to likestilte organ, eit frå arbeidsgjevar sida og eit frå fylkeskommunen/ lærar sida, saman med yrkesopplæringsnemnda, som saman har etablert grunnlaget for vidare samarbeid. Det er også svært nyttig og eit løft for opplæringa at lærlingane kan få til eit samarbeid på eigne premissar. Dette er med å sikre kvaliteten i opplæringa i siste ledd og kan vera medverkande faktor til å oppretthalda det norske sveinebrevet på nivå med EU-sertifikatet.

Etter oppsummeringa hadde Olav Eikemo, direktør i Norges frisørmeisterforbund eit innlegg om fordelane ved medlemskap i lauset. Olav Eikemo informerte om NFF og grunnlaget for å danna laug. Han viste til NFF sitt arbeidsområde med næringspolitikk, kompetansepolitikk, organisasjonsutvikling og medlemstenester. Han konkretiserte kvifor ein må arbeida lokalt med laugsarbeid for å verta dei lokale frisørane sitt talerør i viktige saker. Spesielt innan lokalpolitiske spørsmål og i lokal opplæring, vil frisørlauset ha ei nøkkelrolle. Han oppfordra også det nye lauset til å arbeida med rekruttering og presiserte at tilgang og fråfall av arbeidskraft er like viktige utfordringar for frisørfag. Her kom han med døme på tiltak ein kan gjera for å halda på eksisterande arbeidskraft, for å gje dei nye utfordringar og ny giv i arbeidet. Eikemo avslutta med å ynskja det nye lauset velkommen og var svært positiv til å yta sørvis frå den sentrale leiinga i oppstartfasen. Han inviterte til oppstartmøte for nye tillitsvalde i Oslo i slutten av april.

Del 2) Årsmøte for gjenoppretting av frisørlauget i Sunnhordland

Hanne Salomonsen Strand gjennomførte årsmøtet på vegne av prosjektgruppa og arbeidsgjevarane i Sunnhordland. Ho takka dei som hadde stilt seg til disposisjon som kandidatar. Det var ingen benkeforslag til dei faste styrefunksjonane, men to sa seg villige til å stilla som vara medlemmer etter førespurnad. Desse poengterte at dei ville stilla på grunnlag av at dei hadde erfaringar frå arbeidet i den førige laugsperioden og såg nytten av at tidlegare erfaring kan vera verdifull for det nye laugsstyret.

Valet vart gjennomført effektivt med oldermann frå Stord/ Husnes, sekretær frå Stord, Kasserer frå Husnes, styremedlem frå Stord, to vara medlemmer frå Bømlo og to revisorar frå Bømlo.

Eikemo avslutta med å gratulera dei valde og yngste det nye laugget velkommen i NFF og yngste lukka til med arbeidet.

Etter den formelle årsmøtedelen, var det vel motteke med "mingling" og uformell samtale. Praten gjekk laust og både kjente og ukjente fann tonen seg imellom.

7.4.4.3 Mine tankar om fjerde og siste møtebolc

Ved at laugget no eksisterer, vil me vera i stand til å oppretthalda eit konstruktivt og funksjonelt samarbeid mellom skule og frisørbedrifter i Sunnhordland. Om det vert regelmessige møter, slik me har hatt i prosjektsamanheng, eller om samarbeidsmøta vert meir sporadiske, har det vore gjort erfaringar, som det kan byggjast vidare på. Det vil vera enklare å kalla saman involverte til møte, fordi me no har namn og adresser. Me har gjort erfaringar med møteform og ikkje minst innkalling. Me har også erfaringar rundt kva som må til for å få folk til å stilla for å ta eit kollektiv tak for frisørfaget. Det er ikkje viljen og engasjementet som manglar, men økonomiske rammer som gjev rom for å samarbeida i den definerte arbeidstida og ikkje som frivillig dugnad.

7.4.4.4 Vurdering av fjerde møtebolc i forhold til teori om aksjonsforskning og organisasjonsutvikling

Eg trur siste møtebolc vart eit bidrag til å auka kvaliteten på frisør opplæringa etter at kompetansereforma vart innført. Prosjektet har bidrege til å gjera reforma kjend og til å peika på endel utfordringar som må løysast saman, skule og frisørbedrifter. Me har vist korleis eit slikt samarbeid kan sjå ut og fått fram endel utfordringar, som er relevante og meningsfulle å ta tak i for dei som skal fortsetja arbeidet.

Kva har eit nytt laug å bety for samarbeidet mellom skule og bedrift?

Eg føler prosjektet har lukkast i aksjonsforskinga, som organisasjonsutviklar i denne fjerde runden. Prosjektet har gitt rom for mange røyster og me har avrunda med tre viktige element som resultat: Nytt laug, elevsamarbeid og konkrete tiltak som er gjennomført i skule og i salongar. Dette er forankra nedover i dei ulike organisasjonane innanfor skule og bedrift og deltakarane har fått eigarforhold til forandringane gjennom aktiv deltaking i prosessen, slik Berg påpeikar som vesentleg for å lukkast med endringsprosessar og organisasjonsutvikling (Berg 2001).

Eg trur lauget er ein grunnpilar for å få til eit funksjonelt samarbeid mellom skule og frisørbedrifter i distriktet for framtida. Utan eit laug, ville samarbeidet blitt prega av tilfeldige, private nettverk mellom skule og bedrift, og det ville vore tilfeldig om ein hadde fått ei demokratisk tilnærming til den lokale bransjen sine meiningar om opplæringa i skulen, slik Fafo rapporten viser (Dæhlen, Hagen og Hertzberg 2008).

Eg trur at med tilgang på eit laug, slik me no har, vert tilgang på frisørkunnskapar enklare for dei som arbeider på vg1, utan å vera del av eit frisørnettverk. No veit dei kven dei skal ta kontakt med i bransjen når dei vil arbeida med yrkespraksis. Det vert også enklare for bransjen å samla seg om emne dei ynskjer å ta opp med skulen både på vg1- og vg2 nivå. Dette kan medføre heving av kvaliteten på opplæringa i alle ledd, berre ein brukar samarbeidsmuligheita funksjonelt framover. Ved å bruka nettverket, vil ein tilfredstillast kravet i grunnlagsdokumenta om samarbeid mellom skule og bedrift, slik eg har vist i kapitel 3 (St. meld 30 (2003-04)).

Alternative løysingar for å få til eit samarbeid mellom skule og bedrift

I frisørfagleg samanheng, står lauget sterkt som organisasjonsfaktor. Eg har difor ikkje vektlagt andre løysingar til samarbeid, men det er klart at samanliknar ein organisering av samarbeid mellom skule og bedrift, kunne eg også skissert ei løysing lik den Børke konkluderer med i oppgåva si, der han etablerte eit arbeidsutval med representantar frå begge partar. I mitt prosjekt har derimot skulen vore svakare representert heile vegen enn det Børke erfarte. Det kan sjølvstundt vera ein svakheit når ein prøver å utvikla alternative løysingar for samarbeid, der målet er fagleg utvikling.

Svak deltaking og skeivfordeling av deltaking mellom dei ulike instansane vil kunna påverka utviklingsprosessen i prosjektet. Det vil bl.a. kunna gjenspegla seg i type saker som er blitt behandla. Det vil kunna påverka prioriteringa av saker og i verste fall vill det kunna trenera saker. Slik ubalanse i aksjonsforskinga vil vera ei utfordring for den demokratiske prosessen, som er vesentleg for denne måten å arbeida på.

Ved å vera tydeleg prosjektleiar, som beherskar coachande tilnærming i dei mellommenneskelege prosessane, vil ein redusere denne faren (Gjerde 2003). Dette føreset også at ein tek i bruk kunnskapar om emosjonell intelligens for å sikre at dei som er tilstades faktisk arbeider hensiktsmessig saman (Wenberg 2001). Eg har ikkje brukt noko måleverktøy for å stadfeste at så er gjort, men har heller ingen definerbare faktorar som seier det motsette.

Alle saka angår, har hatt muligheit til å delta. Dette bekreftar ikkje at alle synspunkt er komen fram, sidan frammøte vart lavt. Derimot har me hatt stort medvit rundt at alle dei frammøtte si stemme skulle bli høyrte. Når det gjeld prosjektgruppa, har den heile tida vore så velorganisert, at synspunkt er komen med gjennom alternative kommunikasjonskanalar/ IKT, sjølv om ikkje alle til ei kvar tid har vore fysisk til stades.

I konkrete saker, som vist i oppsummeringa, er det gjort endringar og ei utvikling som styrkjer det faglege aspektet (eks. antrekk, rutinar ved tilakemelding og innhald i PTF). Når det gjeld utfordring om rekruttering, felles vurderingskriterier og felles tolking av kompetansemål skule/ bedrift, har dette berre vore diskutert, med den oppfatting at dette er eksempel på tema som bør løftast på nasjonalt plan. Same gjeld saka om å yrkesretta fellesfag. Me ser heilt klart behovet, men har ikkje mandat til å påleggje nokon noko.

7.4.4.5 Fjerde og siste møtebolck vurdert i forhold til teori om yrkesdidaktikk

Ved å la eleven få delta i yrkeslivet, får han ein genuin muligheit til å reflektere i- og over handling, slik Schön beskriv forskjellen mellom kunnskap om praksis og kunnskap i praksis (Schön i Illeris 2000). Dette gir eleven muligheit til å utvikle seg som kompetent profesjonell praktisk med kapasitet til å utvikle ny kunnskap –i- handling (ibid.).

Som vist i kap 4.5.1, føretrekker elevane opplæring i bedrift framfor opplæring på skulen (Kvale og Nielsen 2003). Forfattarane meiner dette er eit resultat av at fagleg autoritet vert motivasjonsfaktor for dei unge som er på veg inn i eit yrke. Dette er viktige faktorar i vårt distrikt, der elevane ikkje møter frisørfagleg personell i skulesamanheng på vg1.

Eg er også samd i Kvale og Nielsen sine tankar om at auka effektivitet og krav til inntening gjer det verdifullt for eleven å trekkja seg tilbake på skulen å trenna inn det dei har lært i bedrifta (Kvale og Nielsen 2003).

Eg konkluderer med at me har nådd målet om å etablere ein arena for samarbeid mellom skule og frisørbedrifter i Sunnhordland, slik det står i prosjektmålet i kapittel 2.1.2. Ein slik arena vil vera eit grunnlag der bransjen på sikt kan bli premissleverandør for

frisør opplæringa på vg1 og vg2. Berre slik vil skulen kunna tilføra arbeidskraft som er relevant for yrket. Eg trur også ein så god dialog med bransjen, vil gjera opplæringa meir gjennomsiiktig og realistisk og vera medverkande til å hindre det stor fråfallet som pregar yrkesopplæringa i dag.

Korleis kan lauket påverke samarbeidet mellom vg1 og vg2?

Lauget kan også leggja føringar for korleis ein skal få til eit funksjonelt samarbeid mellom skulane på vg1 og vg2. Dersom dei ynskjer, kan dei henvenda seg direkte til fylkeskommunen med innspel til kva som bør gjerast i fagopplæringa lokalt. Dei kan også bruka NFF om dei ynskjer å få synspunkta sine løfta på eit nasjonalt nivå. Det kan bli nødvendig dersom dei t.d. ynskjer å få klassar med vg1 design og handverk på sentrale skular, slik at elevane som skal gå første året i vidaregåande skule slepp å bu på hybel i distrikta, men kan dagpendla til skulen.

Lærlingane sin mulighet til kvalitetsløft gjennom samarbeid

Utviklinga i lærlingsamarbeidet har ikkje teke form enno, men er i ferd med å teikna seg, som når ein som kan litt meir, rettleiar og støttar opp om arbeidet til lærlingen. Dette kallar Kvale og Nielsen for sidemannslærling (Nielsen og Kvale 2003:190). Nielsen og Kvale legg også vekt på verdien av imitasjon av ein ekspert. Det er mykje læring som vert formidla gjennom kroppsspråk og handelag, som ikkje er verbalt tilgjengeleg. Dette får elevar/ lærlingar tileigna seg gjennom observasjon av ein som er kyndig, ein meister. Deretter kan dei gjennom gjentekne øvingar oppleve gleda av å beherska disiplinen sjølv, men no på sin eigen måte (Nilsen og Kvale 2003:192), slik eg skriv i kapitel 4.5.2. Lærlingane sitt samarbeid vil vera viktig for innøvinga av handelag og disiplinær dei har fått sett og lært på arbeidsplassen. Dei vil i tillegg til øving få tilgang på andre lærlingar som dei kan snakka med og saman kan dei reflektere over kunnskapen, samtidig som dei står med det faktiske eksempelet i handa.

Det var svært positivt at lærlingane har klart å få til eit samarbeid seg i mellom. Dersom dei velgjer å leiga skulen sine lokale innimellom, vil frisørlærarane ha mulighet til å få til dialog mellom elevar og lærlingar. Dette kan vera svært nyttig for elevane som skal ut i lære og gjera overgangen mindre dramatisk for dei. På denne måten kan dei få innsikt i kva det betyr å vera lærling og få første hands informasjon om kva arbeidslivet forventar av lærlingen i forhold til dei forventningane dei kjenner til frå skulekvardagen sin. Dei vil også sjå kva lærlingane arbeider med og få ei oppfatting av kvar dei sjølv står i forhold til dette. Uansett vil lærlingane få ei kvalitetssikring av arbeidet sitt gjennom samarbeidet og ein faktor som gjer dei enno meir kompetent på vegen mot sveinebrevet.

Personleg har eg hatt nytte av samarbeidet i form av at eg også underviser på vg2 – frisør. Det var nyttig å vera ein del av diskusjonen som har gitt oss konkrete tiltak å arbeida med, både på skulen og i bedrift. Av og til er det godt å få arbeidet sitt kommentert utanfrå, for å få distanse og kan sjå ting i "fugleperspektiv". Det har me fått til i dialogen mellom skule og frisørbedrifter, for alle partar. Slike konstruktive tilbakemeldingar er nyttige for at ein kan utvikla seg og gjera ting på nye måtar og få nye impulsar og syn på egne rutinar og erfaringar.

8 Erfaringar som vart gjort rundt å oppretta eit samarbeid mellom skule og frisørbedrifter

Prosjektet si utfordring var: "Korleis få til ein modell for eit konstruktivt og funksjonelt samarbeid mellom skule og bedrift?" Målsetjinga med prosjektet var å bidra til å auka kvaliteten på frisør opplæringa etter at kompetansereforma vart innført. Her oppsummerer eg erfaringane frå prosjektet og vurderer dei opp mot teoriar frå aksjonsforskning, organisasjonsutvikling og ut frå didaktiske perspektiv, for å sjå om me har nådd målet.

Eg brukar ei tredelt framstilling der eg først presenterer ei oppsummering av kva som er gjort. Deretter vurderer eg om organisasjonsutviklinga og aksjonsforskninga i prosjektet har ført oss nærare målet. Dette handlar om det praktiske rundt det å få etablert eit samarbeid og få på plass kommunikasjonsbiten mellom prosjektleiar og prosjektgruppa og mellom prosjektgruppa og deltakarane i fellesmøta. Deretter ser eg på om hovudtrekka frå yrkesdidaktiske diskusjonar og perspektiv i samarbeidet har ført oss nærmare målet om å bidra til å auka kvaliteten på frisør opplæringa. Det organisatoriske og yrkesdidaktiske aspektet er to like viktige utfordringar som vert dokumentert i prosjektarbeidet om samarbeid mellom skule og frisørbedrifter i Sunnhordland.

8.1.Oppsummering av dei viktigaste erfaringane i prosjektet

I trå med aksjonsforskninga si vekt på muligheit for å endra måla undervegs, har prosjektet delvis nådd eit litt anna mål enn planlagt, ved at me har fått etablert eit laug og eit samarbeidsfora for lærlingar. Dette skjedde gjennom ein prosess der dei involverte var mest interessert i dette og hadde størst behov for ei slik etablering i ein startfase i samarbeidet mellom skule og frisørbedrifter i Sunnhordland. Dei som deltok i dialogen var lærarar frå vg1 og vg2, frisørar/ bedriftseigarar, lærlingar, elevar, folk frå fagopplæringskontoret og frå sveineprøvenemnda. No vert det desse deltakarane som får den vidare utfordringa med å vidareføra arbeidet med å danna eit konstruktivt og funksjonelt nettverk mellom skule og frisørbedrifter, slik målet først var nedfelt.

I tillegg til å etablere laug og samarbeidsring for lærlingar, har prosjektet også utvikla ein del faste former rundt prosjekt til fordjuping på vg1 og vg2 i bedrift. På skulen har me innført nye retningslinjer for antrekk ved praktisk arbeid i salongen og nye prosedyrar når elevane er borte frå skulen. Begge desse forandringane er etter dialog med bransjen, for at overgangen frå skule til bedrift skal bli lettare for eleven. Forut for prosjektstart vart det utvikla ein prosjektplan, som vart eit godt verktøy for profileringa av prosjektet og for sjølve gjennomføringa av samarbeidsprosjektet.

Prosjektet hadde også oppe ein del saker som berre vart diskutert utan at me oppnådde endeleg resultat. Ein del av desse sakene var av ein slik karakter at samarbeidsforaet meinte dei skulle løftast høgare for at ein kunne oppnå endring. Dette var blant anna tema som korleis frisørbransjen skal få rekruttert fleire gutar/ menn til faget. Me hadde også oppe dilemma rundt planlegging og vurdering av prosjekt til fordjuping, når faglærarane på skulen ikkje har frisørfag i fagkretsen sin og difor ikkje kan yrkesretta oppgåver og vurderingskriterier i det som vert levert ut i bedrift med eleven. Dette vert ei utfordring sidan opplæringsansvarleg i bedrift ikkje har kunnskapar om å tolka måla i læreplanen. Dette meinte prosjektdeltakarane var eksempel på sak som må hevast til dei som kan påleggja samarbeid mellom skular og mellom skule og frisørbedrifter. Vårt lokale fora har ikkje utøvande myndigheit her, men kan berre påpeika ei utfordring. Det same gjaldt utfordringar rundt yrkesretting av fellesfag. Me registrerte manglande yrkesretting, men har ikkje mandat til å påleggja nokon å yrkesretta i si undervisning. Dette må løftast til dei som kan påleggja slike direktiv.

8.2 Dei viktigaste erfaringane i prosjektet vurdert i forhold til teoriar om aksjonsforskning/ organisasjonsutvikling

8.2.1 Om læreføresetnadane

Sidan prosjektet er eit aksjonsforskningsprosjekt med karakter av organisasjonsutvikling, har det vore av betydning at deltakarane har breiast mulig bakgrunn og erfaring innan feltet. Slik vil føresetnadane til saman vera dei beste for at me kan læra av kvarandre. Summen av våre felles kunnskapar og erfaringar skal bringa oss vidare i å utvikla eit funksjonelt samarbeid mellom skule og frisørbedrifter i Sunnhordland, slik det er skissert i kapittel 5.1.3.

I etterkant ser eg at prosjektgruppa gjerne skulle hatt med ein person frå vg1 design og handverk, for å sikre at deira synspunkt og interesse kom godt fram i dialogen. Då me starta, vurderte me det slik at gruppa var stor nok og oversåg dette.

Heldigvis har det vore godt frammøte frå den eine skulen med vg1 på alle fellesmøte med unntak av det siste. Dessverre har det ikkje vore deltakarar frå den andre skulen i regionen, på grunn av lang reise på kveldstid.

Me tok aldri initiativ til å invitera rådgjevarar frå ungdomsskulen på fellesmøtet vårt. Dette er høgst relevant når det gjeld å diskutera rekruttering. Her skulle me fått ein dialog mellom rådgjevarane, bransjen og frisørfag på vg2. Dei som vurderer frisørfag i ungdomsskulen sitt valfag, bør få tilgang på opplæringa som skjer på vg2 frisør i staden for på vg1 design og handverk, sidan dei ikkje har frisørfag i fagkretsen. Det er ikkje tilfelle i dag i vår region, slik rådgjevarane på ungdom skulen og vidaregåande løyser tilbod om prosjekt til val, der ungdomsskule elevane berre får tilbod om å velja D&H vg1 og ikkje vg2 frisør . Dette er ei viktig sak å gå vidare med for samarbeidet som kjem i framtida, dersom elevane skal bli rekruttert av fagfolk med førstehandskjennskap til faget.

8.2.2 Oppsummering og vurdering av rammer i prosjektet

Oppsummeringa i prosjektgruppa har gått føre seg på telefon, via e-post og i samtale like etter siste fellesmøtet var slutt.

Når eg no gjengir prosjektgruppa si oppsummering, set eg det saman i forhold til prinsippa i den didaktiske relasjonsmodellen, slik den også kjem til uttrykk i kapitel 5.1, i tillegg til å drøfte spesielle funn og erfaringar undervegs i samarbeidsprosessen.

Før samarbeidet kom i gong, vart det utvikla ein prosjektplan, som vart eit styrande dokument gjennom prosjektet. Denne planen viste seg å vera eit godt verktøy, når eg etterkvart gjekk ut og promoterte prosjektet i bransjen. Ved å fylgja oppsettet i planen, kom me i mål med dei fire bolkanane og arbeide gjennom dei rammene som var sett i førekant.

Tidsrom og geografisk avgrensing av prosjektet har vore vellukka. Folk har fått tid til å bli kjent med tanken og har fått argument til å samarbeida tettare enn før mellom skule og bedrift. Dei som høyrer til Sunnhordlandsregionen har gitt tilbakemelding om at dei har felles utfordringar og har sett at det er hensiktsmessig å arbeida saman for å nå målet om auka kvalitet i opplæringa, både lokalt og nasjonalt.

Det har vore gunstig å bruka Stord vidaregåande skule sine lokale under samarbeidet. Dette kan vurderast for dei som organiserer samarbeidet vidare også.

8.2.3 Læreprosessen

Det kan sjå ut som informasjonsflyten rundt etableringa av dei fire bolkanane har vore tilfredstillande, med små unntak, som at innkalling før tredje møtet kunne kome tidlegare. Informasjonen har nådd alle, men me har ikkje klart å mobilisera så mange

som ynskjeleg til møta våre. Utover rammefaktorar, som alt nemnt, har prosjektleiar og prosjektgruppa ikkje klart å finna andre årsaker til dette og har difor ikkje klart å finna løysingar som har gitt det frammøtet me kunne yngst. Dersom eg skal antyda ein mulig faktor i ettertid, kan det kanskje vera verd å prøva å senda sms med personleg påminning om møtet til kvar einskild deltakar. Dette er ei nyttig påminning, men også ein inkluderande gunst, for dei som ikkje har vore med og er usikker på om dette er noko å delta på, for dei. Dette samsvarar med ynskje frå deltakarane om å få personleg henvending med innkalling på telefon, eller ved oppmøte i salongen, jamfør kommentarar i andre møtebolk i kapitel 7.4.2.2.

I etterkant ser eg i Børke si forskning, at han har lagt stor vekt på å etablera ein organisasjon som var eigna for "denne type arbeid". Han har i større grad konsentrert arbeidet rundt organisering og har lete organiseringa skje som ein prosess der deltakarane har spesiell interesse for organisasjonen sitt hovudmål. Deltakarane har såleis teke ansvar i ein utviklingsprosess, som kan strukturast ut frå didaktiske relasjonar retta mot hovudmålet (Børke 2001). På denne måten har han i større grad greidd å bruka deltakarane sine interesser og sterke sider (her: læreføresetnader), for å forankra prosjektet. Dette er noko me kan gjera betre i det vidare samarbeidet mellom skule og frisørbedrifter i Sunnhordland.

I tillegg til det nye laugget, kan det også vera aktuelt å etablera ei eller anna form for fast, formelt forum med representantar for bedrifter og skule/ lærarar i samarbeid med fagopplæringskontoret og fylkeskommunen. Eit slikt forslag er basert på erfaringar i prosjektet og resultat av prosessen for å etablera nytt laug. Føresetnadane for ei slik etablering er betre no når skulen har eit laug som samarbeidspartnar.

Når det gjeld kommunikasjonen mellom prosjektgruppa og prosjektleiar, ser det ut som den har fungert godt. Me har saman funne løysingar, sjølv om me har gjort ting annleis enn først planlagt, grunna tidsmangel undervegs. Dette kan ha ført til skeiv fordeling av arbeidsbyrde, ettersom nokre i prosjektgruppa fekk meir omfattande oppgåver enn andre. Slik kunne det ikkje fortsett og er ein av grunnane til at samarbeidet må formaliserast for å opplevast rettferdig og motiverande for alle.

Kommunikasjonen mellom deltakarane i fellesmøtet fungerte godt. Folk deltok og viste initiativ, sjølv om dei ikkje hadde samarbeid tidlegare. Det kan bety at me lukkast i å laga eit inkluderande samarbeidsmiljø og at prosjektleiar har klart å nytta ei coachande tilnærming i dialogen mellom deltakarane (Gjerde 2003).

Som nemnt i kapitel 7, trur eg det vil vera hensiktsmessig å tenkja på kulturforskjellar mellom frisørbransjen og skulen også for det vidare samarbeidet. Det kan difor vera lurt å definera ulikskapar undervegs, slik at ein unngår ulike forventningar t.d. til møtedisiplin og ulike forventningar til dokumentasjon og utprøving i forhold til effektiv handling. Her har frisørfaglæraren eit ekstra ansvar, for det er han som står i det doble praksisfeltet og fort ser om ein snakkar forbi kvarandre i slike samarbeidsmøte (Mjelde 2002:87). Signala me har fått undervegs, understrekar behovet for å bruka eit språk og ei møteform, som er kjent for deltakarane utan at det vert for "byråkratisk" og avvisande. Arbeidsgjevarane er ressurssterke personar med stor grad av integritet i sitt felt.

I skulen er det frustrasjonar rundt stadig nye reformer og pålegg med endringar bort frå gamle innarbeidde mønster. I næringslivet brukar ein omgrepa kontinuerlig endring og livslang læring. Fleire hevdar at læring i aukande grad må skje i arbeidslivet og i samanhengar der kunnskapen skal brukast. Det betyr ikkje utanfor, før eller etter, men i den praktiske samanhengen (Eikeland 2009). I vår form for organisasjonslæring har me prøvd å analysere korleis me arbeider i forhold til kvarandre og i forhold til å utvikle kvaliteten i frisørfag. Dette kallar Eikeland kollektiv erfaringslæring. Han meiner organisasjonslæring gjer gjennomtenking av erfaring, kunnskap og dialog nødvendig, akkurat slik me har vore gjennom det i dette prosjektet.

For å kunna diskutere korleis ein utfører opplæringa i skule og bedrift, har me kome nærare innpå kvarandre. Me har utfordra kommunikasjonen for å "kunna høyra alle si stemme". Det føreset at ein er forventa å måtta leggja ned eventuelle forsvarsverk, for å delta i ein open og ærleg kommunikasjon rundt eigen praksis i opplæringa. På den måten oppnår me ein demokratisk samhandling, der posisjonar som er forbunde med makt og hierarki, vert oppløyst og likeverdige (Nilsen og Sund 2008). Me har på sett og vis starta ei reforhandling om kven som gjer kva i dei ulike opplæringsfasane, men ser at me også er styrt av rammer utanfor oss sjølv, som har noko å sei for kven som gjer kva i opplæringa. Dette ser ut å spesielt gjelda det frisørfaglege innhaldet på vg1. Om bransjen får påverka, som i dette prosjektet, vil ein få ei smalare yrkesretta opplæring i trå med eleven sine val, som gjev relevans, mening og medverking for den enkelte og for faget/ samfunnet. I motsett fall vil opplæringa fortsetja som no, med liten grad av yrkesopplæring og stor grad av yrkesorientering, slik det også kjem fram i Fafo undersøkinga om prosjekt til fordjuping (Dæhlen, Hagen og Hertzberg 2008). Slik eg ser det, er frisørbransjen premissleverandør for det yrkesfaglege innhaldet i frisørutdanninga, også i offentleg skule. Dette må skulen og bransjen ta innover seg og

bruka muligheita til å samarbeide for å oppnå kontinuerlig utvikling og innovasjon i faget, slik me har prøvd å få til i Sunnhordland.

8.2.4 Aksjonsforskning som verkemiddel for organisasjonsutvikling i prosessen.

Å tenka aksjonsforskning, kan vera vanskeleg å formidla til dei som ikkje har drive med dette før. Det er uvant å ikkje ha eit konkret mål å arbeida mot, men at nettopp det uventa og udefinerte er målet med arbeidet. Likevel, i etterkant kan eg berre sei at alle har gjort ein heiderleg innsats og at vegen verkeleg vart til mens me gjekk.

Slikt uforplikta arbeid, som ikkje har anna forankring enn eigen personleg motivasjon, har vist seg vanskeleg som gjeldande form for eit samarbeid som er så avgjerande viktig at det skal påverke frisør opplæring i positiv retning. Skal ein rekna med at folk skal stilla på slike samarbeids møter i ettertid, ser det ut som møta må leggjast i ordinær arbeidstid, slik at deltakinga får karakter av å vera verdsett som lønna arbeid, heller enn frivillig arbeid og dugnad for faget. Dette er ei erkjenning som ikkje stiller val av aksjonsforskning som metode i negativt lys. Aksjonsforskning tek høgde for at resultatet ikkje nødvendigvis skal enda i ei solskinshistorie, men skal gje erfaringar som fortel noko om dei faktiske forhold og, som i dette tilfelle, kan sei noko om alternative løysingar, når resultatet ikkje vert slik ein ynskjer. Uansett har me vore gjennom ein prosess der resultatet ikkje var forutsigbart og der prosessen med å utvikla eit samarbeid vart arbeid med gjennom ulike medium for å samlast. Eg trur det har vore viktig å slå fast gjennom forsøk, at tida har endra seg og at viljen til dugnad og frivillig innsats bygd på personleg engasjement, ikkje har muligheter i vår travle kvardag for å utvikla eit kommersielt yrke. Når økonomisk vinning er det endelege måleinstrumentet i marknaden, av resultatet for auka kvalitet i opplæringa, ser det ut til også å vera naudsynt med økonomisk innsats i form av fristilt arbeidstid for å nå målet.

Fafo si undersøking konkluderer med at det er behov for å etablere formelle nettverk mellom skule og bedrifter (Dæhlen, Hagen og Hertzberg 2008). Det bør bety på sikt at eit samarbeid vil få tilført offentlege midlar slik at det kan gå for seg i ordinær arbeidstid og at dei som vert innkalla kan fristillast for å delta. Det kan ha praktisk betydning i forhold til engasjement og overskudd til å involvere seg.

Når det gjeld innhaldet i samarbeidet, syns eg me har fått eit positivt resultat. Gjennom dei fire bolkane, har me kome fram til faktorar som er handgripelige og mulige å gjera betre både i skule og bedrift. Her har aksjonsforskningsmetoden vore vesentleg for utviklinga i samarbeidsprosessen. Den eine møtebolken har avløyst den andre med

konklusjonar og oppsummerande element, som har lagt grunnlag for vegen vidare til neste møtebolk. Det har gjennom aksjonsforskinga utvikla seg eit behov for samarbeid gjennom konkret handling, slik at det vil bli naturleg å etterspørja samarbeidet når prosjektperioden er avslutta. Denne utviklinga kunne me ikkje forut sjå då aksjonsforskinga starta og er absolutt ei organisasjonsutvikling i prosessen.

8.2.5 Oppsummering og vurdering av innhald og prosess

Slutt vurderinga er eit resultat av undervegsvurderingar som har ført dei fire bolkane framover. All dokumentasjon av prosess og resultat er som kjent produsert i felesskapet i form av loggar, møteinnkallingar, referat osv. Det er prosjektgruppa som saman med prosjektleiar står med hovudansvaret for all dokumentasjon, vurdering og prioritering undervegs. Dette vart sikra i fellesmøta gjennom godkjenning av referat og innkallingar. På den måten har alle kunna påverke og alt arbeid vart gjennomsiiktig og mulig å spora og etterprøva.

Innhaldet har vore styrt av deltakarane sjølv i fire sekvensar/ bolkar. Mi oppgåve som prosjektleiar var å leggja grunnlaget, både med å plukke ut og invitera til deltaking i ei prosjektgruppe, som vart den ansvarshavande i framdrifta. Eg som prosjektleiar la føringar for innhaldet i første prosjektmøtet, slik at me hadde eit utgangspunkt for å få i gong ein dialog. Det som skjedde frå og med første fellesmøte har vore heilt opp til fellesskapet. Framdrifta kom til uttrykk etterkvart som diskusjonstema kom opp og prosjektgruppa kunne sortera emne og prioritera dagsorden i dei fire møte-sekvensane. Ut frå møteterferata er det råd å sjå at diskusjonen hadde eit breiare tema på dei første møta, enn på dei siste møta. Det var også naturleg, sidan spesielt det første møtet hadde mest karakter av "brain storming". Dialogen bar også preg av at deltakarane hadde mange ulike saker dei syns var viktig å få med. Nokre fekk me diskutert så grundig at dei førte til konkrete tiltak, medan andre saker framleis ligg uløyste og er grunnlag for tema i eit vidare samarbeid. Etter kvart utkrystalliserte det seg saker som krov lengre tid og som difor gjekk på bekostning av andre saker. Dei involverte syns spesielt sakene om å få reetablert laugget og å få til samarbeid mellom lærlingane, var slike saker som måtte prioriterast. Det same syns dei om å leggja rammer for prosjekt til fordjuping og forventningar til elevåttferd i klassen. Det siste gjenspeglar også behovet NFF viser til; arbeidskraft med sosialintelligens, jamfør kap 1.3 og slik Nilsen og Sund beskriv sosiale ferdigheiter som nøkkelkompetanse i arbeidsmarknaden (Nilsen og Sund 2009).

Eg har ikkje fått anna tilbakemelding enn at folk har sleppt til med meiningane sine. Det er naturleg å spør seg om eg uansett ville fått ei slik tilbakemelding om dei ikkje følte at

dei slapp til? Dette har vore eit frivillig arbeid og me har ikkje hatt noko måleapparat som kan sei noko om kor mykje folk "legg sjela si" i dette. Me har heller ikkje gjort undersøkingar på kvifor dei som ikkje kom, ikkje involverte seg og deltok i dialogen. Me har skulda på tidsfaktoren, men er det andre grunnar som gjer at prosessen kunne blitt annleis? Slike svar har me ikkje i kjølvatnet av samarbeidsprosjektet. Me har valt å fokusera på det me har fått til og lete det me ikkje kan påverka, liggje.

Eg støttar meg på referat og anna grovdata, når eg konkluderer med at innhald og prosess har vore vellukka, prosjektgruppa sine mål er nådd og at folk har fått bidra med det dei ville i prosjektet.

8.3 Har sakene som har vore diskutert, medverka til å gje frisør opplæringa eit kompetanseløft i Sunnhordland?

I dette kapitlet vurderer eg dei viktigaste problemstillingane samarbeidsforaet har hatt oppe, i forhold til yrkesdidaktiske teoriar.

Yrkesrettinga av fellesfag

Når det gjeld dialogen rundt tanken om å yrkesretta fellesfag, ber diskusjonen i prosjektet preg av at yrkesretting berre så vidt har fått fotfeste i vår region . Eikeland viser frå gamalt til nytt organisasjonsparadigme når han peikar på heilskapleg oppgåveløysing i teamarbeid og samordning gjennom felles målforståing og gjennom forståing av eigen og andre sine oppgåver og roller innanfor ein heilskap, gjennom sosial kontroll og sjølvstendige arbeidsoppgåver (Eikeland 2009). Eit slikt organisasjonsparadigme ser ut til å venta på seg i opplæringssamanheng for å yrkesretta fellesfag, men tema har vore oppe og eit vidare samarbeid vil kunna trykkja ytterlegare på, for å få til ei utvikling i tilnærming av ei slik yrkesretting med relevans og meining for den enkelte og for faget. I vår samanheng har dialogen om yrkesretting av fellesfag vore nyttig i den grad folk frå bransjen sjølv har opplevd det motsette, utan at dei tidlegare har sett ord på, at nett å yrkesretta fellesfag ville gjort opplæringa meir relevant og meiningsfull for dei. Dette kom tydeleg fram i diskusjonen i andre møtebolk i kapitel 7.4.3.4 om yrkesretting av fellesfag, som rekrutteringsmiddel for frisørfag. Når det er sakt, må eg tilføra at dette var ein av dei dialogane som i liten grad vart følgt opp med praktisk utvikling og endring i prosjektet. Ein kan også lure på om etablering av eit laug er den mest effektive måten å vidareføre slike dialogar på. Det kan vera ein fare for at den i fortsettinga blir ført internt i bransjen, utan at det blir gjort noko i skulen. Dette kan vera eit eksempel på sak som kan førast av folk frå bransjen med spesielt engasjement for tema og som har nettverk retta mot skulepolitiske miljø,

fylkeskommunen, sterke bransjeorganisasjonar eller andre arenaer som kan påverke strukturen på nasjonalt plan.

Etablering av laug

Reetablering av lauget vart eit konkret resultat av prosjektsamarbeidet mellom skule og bedrift. Dette var ikkje definert som eit hovudmål, men vil verta ei vesentleg ramme for det vidare arbeidet med å oppnå eit varig konstruktivt samarbeid mellom skule og frisørbedrifter i Sunnhordland. Lauget vil vera bransjen sin kanal mot skulen og føresetnaden for å fortsetja ein yrkesdidaktisk dialog med tanke på eit kompetanseløft for faget i vår region, slik me no er i gong med.

Etablering av samarbeidsfora mellom lærlingane

Dette nyetablerte samarbeidet vil vera vesentleg for å halda ein lik standard mellom dei ulike salongane og ein ressurs for å kvalitetssikre opplæringa i bedrift, for dei som deltek. Slik det var tenkt, vil dette samarbeidet gje muligheit for skulen sine elevar til å delta, i den grad samarbeidsarenaen vert skulen sine lokalar. Dette vil vera ein viktig faktor for elevane til å få eit reelt syn på kva det vil sei å vera lærling og gjera overgangen mindre mellom skule og bedrift. Det vil verta eit viktig bidrag for både elevane og lærlingane å få verdifull sidemannslæring og gje dei ein fin muligheit til å kunne imitere ein ekspert og oppnå læring gjennom studie av handelag og kroppsspråk, slik Nielsen og Kvale framhevar, som svært viktig for å læra eit handverksfag (Nielsen og Kvale 2003).

Organisering av PTF vg1 og vg2

Prosjektet har også gitt verdifulle innspel til korleis ein skal handtera prosjekt til fordjuping i vg1 og vg2. Det er komen klare føringar til kor ofte og kven som skal ut og kva bedriftene forventar av opplegg frå skulen, når eleven er ute og får yrkeserfaring. På den måten har samarbeidet medvirka til å gjera prosjekt til fordjuping meiningsfullt, relevant og med medverking for både elev, frisørbransjen og for samfunnet yrket skal utøvast i, slik læreplanen og grunnlagsdokument føreset (St. meld nr.30 2003-04). På denne måten har prosjektet også medvirka til å leggja til rette for demokratisk oppbygging av den heilskaplege læringsstrategien for eleven, slik den kjem til uttrykk i St. meld.30 (2003-04) (Nilsen og Sund 2008).

Innføring av arbeidsantrekk og nye prosedyrar ved fråver, som resultat av samarbeidsprosessen

Samarbeidet la også klare retningslinjer til betring av rutinar rundt elevane sitt

arbeidsantrekk, slik at det fungerer i trå med krava i det lokale arbeidslivet. Likeeins kom arbeidsgjevarane med ynskje om å innskjerpe rutinane for eleven om å gje beskjed i førekant når ein vert sjuk. Dette er ein sosialkompetanse arbeidsgjevarane har erfart som lav hos elevar og vil at me trener på prosedyrar i trå med forventningar når dei kjem ut. For å gje elvar ei heilskapleg yrkesopplæring, er det like viktig å formidle sosialkompetanse, handlingskompetanse og fagkompetanse, for at elevane skal tileigna seg fullverdig yrkeskompetanse (Nilsen og Sund 2008).

8.4 Oppsummering av korleis me ynskjer å få ei meir yrkesforankra frisørutdanning ut frå didaktiske kategoriar

Dei viktigaste sakene, som berre vart diskutert og ikkje omgjort i praktisk handling, er av ein slik art, at deltakarane i samarbeidsprosjektet syns utfordringa må løftast på eit regionalt og nasjonalt plan for å kunna føra til endring. Me konkluderte med at faget ikkje er tent med ei lokal endring utan at det skjer i eit større omfang. Eg nemner nokre slike saker under, i trå med den didaktiske relasjonsmodellen (Hiim og Hippe 2001:32).

Mål

Prosjektet har så smått starta arbeidet med å leggja til rettes for å tolka felles læreplanar og kompetansemål, for å få ei felles forståing av nivå i utdanninga. Eit slikt samarbeid er vekt lagt i grunnlagsdokument for opplæringa (St. meld 16 2006-07) og er ein viktig faktor for å få ein konstruktiv og funksjonell dialog mellom skule og bedrift.

Samarbeidet har løfta fram diskusjonen om betre yrkesorientering for ungdomskuleelvar og elevar på vg1 D&H, for at fleire skal få oppleve relevans, meining og medverking i opplæringa si, slik det er uttrykt i grunnlagsdokumenta (St.meld.30 2003-04).

Rammer

Dei samarbeidande har peika på utfordringar rundt utplassering på vg1 og vg2 i bedrift. Det er lagt til rette for betre innhald i prosjekt til fordjuping og korleis dette kan løysast også med tanke på at det er lærarkrefter utan frisørfagleg kompetanse, som skal planleggja og evaluera på vg1. Bedriftene har også fått uttalt seg om kor ofte og korleis dei på best måte kan ta imot elevar på vg1 og vg2 og sakt noko om innhaldet, slik at det vil fungera praktisk i utdanningslauget. Dette vil vera medverkande til at opplæringa skal ha heilskap og samanheng, slik det framleis kjem til uttrykk i grunnlagsdokument, også etter kompetanse reforma vart innført (Nilsen og Sund 2008:90).

Innhald og arbeidsformer

Samarbeidet har sett på muligheiter for å få til ei meir yrkesrelevant innhald og

arbeidsformer i skulen. Dette gjeld mulighetene for elevar i vg1 til å få sjanse til å arbeida med sitt fag, utan å måtte fylgja eit fast oppsett som er mest prega av yrkesorientering og mindre prega av det yrkesfaget eleven har valt. Det gjeld også innhald i programfag på vg1, som bør knytast opp mot eleven sitt fagval utan å vera for mykje prega av generelt innhald. Sist, men ikkje minst, gjeld det fellesfag, som må yrkesforankrast, for at elevane skal oppleva at det har relevans og mening for sitt fag. Først då har elevane mulighet til å oppleva heilskap og samanheng i opplæringa (Mjelde 2002, Nilsen og Sund 2008). Det er også naturleg å sjå vidare på muligheter for å gjennomføra betre fagteoretisk rettleiing i bedrift.

Vurdering

Slike føringar som er vist til ovanfor, vil også få konsekvens for å gjera vurderinga alt på vg1, meir yrkesretta. I vår region legg dette føringar for eit tett samarbeid mellom vg1 og vg2, for å få til ei slik frisørfagleg retting av innhald og vurdering. Dette er lagt til rette for i grunnlagsdokumenta, men har vist seg vanskeleg å få til i praksis, pga økonomiske prioriteringar. Her gjenstår det å finna ei god løysing. I fylgje opplæringslova, vil yrkesopplæringsnemndene ha eit viktig ansvar for å vurdere korleis samhandlinga mellom skular og bedrifter kan betrast. I vårt tilfelle er det naturleg for det nye lauget å bruke yrkesopplæringsnemnda til å få på plass gode, funksjonelle samarbeidsstrukturar, som tener faget og elevane/ lærlingane i regionen. Kanskje yrkesopplæringsnemnda kan vera den instansen som sikrar demokrati og likeverd mellom partane. Slik kan utdanninga får relevans og mening og gje mulighet til medverking for eleven, yrket og samfunnet på ein måte som ikkje berre er styrt av økonomiske rammer, distriktspolitik og andre faktorar, som fort vert prioritert før fagleg kvalitet og innhald. Først ved å få til heilskap og samanheng i opplæringa, har ein fått ei opplæring som samsvarar med måla i læreplanane, både i programfag og fellesfag.

Vegen vidare for frisørfagleg utdanning

Sidan det er fylkeskommunen som har ansvar for opplæring i Norge, er det den offentlege eller private skulen i kvart fylke, som tek ansvar for utdanninga. Sett i tradisjonelt lys, med sterke røter til meister- lærling- tradisjonen, er ikkje dette den einaste tenkelege modellen og ein kjem ikkje utanom behovet for innspel frå frisørbransjen, for å få til ei fullgod handverksopplæring. Utfordringa vert om innføringa av kunnskapsløftet er måten å produsere den arbeidskrafta bransjen treng. Enno er det tidleg å sei om kunnskapsreforma har ført til eit kunnskapsløft, men erfaringar i prosjektet gjev tydelege signal om at det skal eit tett samarbeid til for å lukkast.

Litteraturliste

Berg, Morten Emil (2001) *Ledelse. Verktøy og virkemidler*. 2.opplag. Oslo: Universitetsforlaget.

Berg, Morten Emil (2003) *Coaching. Å hjelpe ledere og medarbeidere til å lykkes*. 2. Opplag. Oslo: Universitetsforlaget.

Bruvik, Åse (2006). *Oppgave 3 MAYP05*. Eksamensoppgave, Høgskulen i Akershus Yrkespedagogisk institutt.

Bråten, Ivar (2005). *Vygotsky i pedagogikken* 4.opplag. Oslo: Cappelen akademisk forlag.

Børke, Eivind (2001). *Etablering av nettverk mellom skoler og lærebedrifter* Hovedoppgave høgskolen i Akershus, Yrkespedagogisk institutt.

Dalland, Hans Ole. (2008, 28. mars) Forskar på skule og næringsliv. Bladet Sunnhordland, s 7.

Dalland, Olav (2004). *Metode og oppgaveskriving for studenter* (4. utg.) Oslo: Gyldendal Akademisk.

Dunn Rita (2003) *Dunn og Dunns læringsstilsmodell og modellens teoretiske grunnlag*. I: Holmberg Jorunn B. Og Guldahl Tone (Ed.), *Læringsstiler- grunnbok i Dunn og Dunns læringsstilmmodell* (s.19-26). Oslo: Universitetsforlaget.

Dæhlen, Marianne, Hagen, Anna og Hertzberg, Dagfinn (2008). *Prosjekt til fordypning mellom skole og arbeidsliv*. Delrapport 1. Evaluering av kunnskapsløftet. Oslo: Fafo.

Gjerde, Susann (2003) *Coaching; hva, hvorfor og hvordan*. 2.opplag. Bergen: Fagbokforlaget.

Hartvigsen, Marit og Kvernsøy, Kjartan S. (2008). *Samarbeid og konflikt- to sider av samme sak*. Bergen: Fagbokforlaget.

Hiim, Hilde og Hippe, Else (2001). *Å utdanne profesjonelle yrkesutøver- Yrkesdidaktikk og yrkeskunnskap*. Oslo: Gyldendal norsk forlag.

Hiim Hilde (2009). *Lærerens yrkeskunnskap og læreren som forsker- En strategi for å forske i læreryrket*. Doktoravhandling. Høgskolen i Akershus.

Illeris Knud (1999). *Læring - Aktuell læringsteori i spenningsfeltet mellom Piaget, Freud og Marx*. Frederiksberg: Roskilde Universitetsforlag.

Illeris Knud (2000) (red.). *Tekster om læring*. Fredriksberg: Roskilde Universitetsforlag.

Innovasjon Norge (u.å.). *PLP- Prosjektlederprosessen* . Henta 1. Mars 2009 frå <http://www.innovasjon Norge.no/Satsinger/Sektorsatsinger/Energi-og-miljo/Publikasjoner/Veileder-for-innovatorer-i-energimarkedet/Kompetansebehov/PLP---prosjektlederprosessen/>

Jordet Arne N. (2007, 12.oktober). *Skolen mellom liv og lære*. Henta 12.sept.2009frå <http://www.dagbladet.no/tekstarkiv/artikkel.php?id=5001070084464&tag=item&words=skolen%3Bmellom%3Bliv%3Bog%3Bl%E6re>

Kirke, utdannings- og forskingsdepartementet (2004): *Kultur for læring*. Stortingsmelding nr. 30 (2003-2004). Oslo.

Kirkegaard, Søren (1964). *Synspunktet for min Forfatter-Virksomhed*. Samlede verker, 18. København: Gyldendal.

Krantz Annelie (2007) for Pivot Point int. *Mindful Teaching*. Forelesing Stockholm nov. 2007

Kunnskapsdepartementet (17.02.2009). *Om elev og lærlingombud*. Henta 12.04.2009 frå <http://www.regjeringen.no/nb/dep/kd/tema/videregaende-opplaring/laringsmiljo/om-elev--og-larlingeombud.html?id=508075>

Kvale, Steinar og Nielsen, Klaus (2003). *Praktikkens læringslandskab- At lære gjennom at arbeide*. København: Akademisk forlag.

Lave J. og Wenger E. (1991). *Situated learning. Legitimate peripheral participation*. Cambridge: Cambridge University Press.

Levorsen Stein O. (1995). *Styrearbeid i praksis- Innføring i styrets hovedoppgaver og arbeidsform*. 4. utg. Oslo: Tano Aschehoug.

Mjelde, Liv (2002). *Yrkenes pedagogikk. Fra arbeid til læring, fra læring til arbeid*. Oslo: Yrkeslitteratur a.s.

Nilsen, Sigmund Egil og Sund, Grethe H. (2008). *Læring gjennom praksis- Innhold og arbeidsmåter i yrkesopplæringa*. Oslo: Norsk Skoleinformasjon

Nilsson Lennart (2009). *Forelesing 20.mars 2009*. Lillestrøm: Høgskulen i Akershus

Norges frisørmeister forbund, NFF (2005-07). *Årsrapport 2005-2007*. Henta 12.Sept 2009 frå <http://www.nffs.no/getfile.php/Publikasjoner/NFFrapport-til%20nett.pdf>

NOU 2008:18. (2008). *Fagopplæring for framtida*. Oslo: Departementenes servicesenter. Informasjonsforvaltning.

Næringslivets hovedorganisasjon, NHO (27.01.2009). *Hørings svar – Innstillingen til utvalget for fag- og Yrkesopplæringen/ Karlsenutvalget*. Henta 12.04.09 frå <http://www.nho.no/getfile.php/bilder/RootNY/Kompetanse/Karlsenutvalget.pdf>

Opplæringslova (1998). *Lov om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa*. Av 27.november 1998. Henta 10. mai 2009 frå <http://www.lovddata.no/all/nl-19980717-061.html>

Schön, Donald A. (1988). *Educating the Reflective Practitioner*. San Francisco: Jossey-Brass.

Stålhane, Jan (2006) "Hva er aksjonsforskning for oss?" *En strategi for pedagogisk aksjonsforskning og forskerutdanning av yrkespedagoger/ lærere*. Forelesing. Lillestrøm: Høgskulen i Akershus.

St. meld nr. 30 (2003- 2004). *Kultur for læring*. Oslo: Akademika AS.

St. meld. nr. 16 (2006-2007). *Tidlig innsats for livslang læring*. Oslo: Akademika AS.

St. meld. nr. 31 (2007-2008). *Kvalitet i skolen*. Oslo: Akademika AS.

Sund Grete H.(2007) *Forelesing 25.oktober.2007* . Lillestrøm: Høyskolen i Akershus

Sylte, Ann Lisa (2004). *Proffesjonsretting av lærerutdanningen PPU*. Hovedoppgåve, Høyskolen i Akershus.

Telhaug, Alfred Oftedal (2005). *Kunnskapsløftet*. Oslo: Cappelens forlag a.s.

Utdanningsdirektoratet (1993) *Læreplan, Generell del- For grunnskole, videregående opplæring, voksenopplæring*. Oslo: Lobo Grafisk as.

Utdanningsdirektoratet (2006). *Læreplaner*. Henta 12.04.2008 frå <http://www.udir.no/Tema/Lareplaner/>

Utdanningsdirektoratet (2006). *Læreplanverket for kunnskapsløftet. Prinsipper for opplæringa*. Oslo: Kunnskapsdepartementet.

Wenberg, Bodil,(Red.) (2001). *EQ, emosjonell intelligens i livet og på jobben*. Oslo: NKS forlaget.

Vedlegg

- 1) Kopi av brev om økonomisk støtte frå Hordaland fylkeskommune
- 2) Kopi av reportasje i Bladet Sunnhordland 28.03.08
- 3) Oversikt over lærlingane sitt planlagde samarbeid



Til Stord vidaregåande skule
v/Janne Kleppe

Saknr.

Dok.nr.

13 NOV 2008

Arkivnr. 106

Saksh. KLJA

Eksp.

Korp. LEPE

U.off.

BREGU

Vår ref.: (nyttast ved korrespondanse)
200804513-2/106/AUTV

Dykkar ref.:

Bergen, 11. november 2008

Tilskot til prosjekt om samarbeid mellom frisørbedrifter og skolar i Sunnhordland


Vi vil vise til søknad om prosjektstøtte frå Janne H. Kleppe, datert 29.04.08. Opplæringsavdelinga vil støtte aksjonsforskningsprosjektet om samarbeid mellom frisørbedrifter og skolar i Sunnhordland, som omtalt i tilsendt prosjektplan. Opplæringsavdelinga kan ikkje gje eit fast frikjøp til lærar som skal leie prosjektet, men tilskotet kan nyttast til å dekke vikarutgifter, reiseutgifter m.m. for prosjektleiar Janne H. Kleppe. Tilskotet er på kr. 20 000,-, og vil bli overført til Stord vidaregåande skule som ein budsjettregulering. Tilskotet vil vere i tråd med vedteken Tiltaksplan for kompetanseutvikling for 2008.


Formålet

Prosjektet vil styrke samarbeidet mellom skole og næringsliv. Bransjen treng ei tettare dialog med skolen, og skolen treng eit godt samarbeid, mellom anna for gjennomføring av prosjekt til fordjuping. Hordaland fylkeskommune ønskjer å utvikle gode modellar for slikt samarbeid. Fylkeskommunen er og positiv til at det vert forska på området fagopplæring og samarbeid skole – bedrift.

Vilkår for tilskot

Det skal sendast ein enkel rapport til Opplæringsavdelinga v/Audhild Tveiterås innan 1. juni 2009. Erfaringane frå prosjektet vil ein måtte rekne med å dele med andre lærarar og skolar, og evt. delta i Opplæringsavdelinga sitt utviklingsarbeidet innafør området.


Anne Hjerermann
leiar Pedagogisk seksjon


Audhild Tveiterås
seniorrådgjevar



Janne Halvorsen Kleppe håpar masteroppgåva hennar kan verta til nytte for fleire ulike yrkesgrupper.

Forskar på skule og næringsliv

Janne Halvorsen Kleppe arbeider for tida med ei masteroppgåve i yrkespedagogikk, med tittel «Samarbeid mellom skule og bedrift i Sunnhordland».

Masteroppgåva arbeider ho med ved Høgskulen i Akershus. Til dagleg underviser Halvorsen Kleppe ved frisøravdelinga ved Stord vidaregåande skule, der ho har arbeidd sidan 1995. Før den tida underviste ho tre år ved læringskulen, yrkesskulen.

Sikra fagleg kvalitet

Halvorsen Kleppe er utdanna dame- og herrefrisør og har tidlegare vore leiar i Det norske frisørlærarforbundet. Utanom arbeidet ved frisøravdelinga sel ho parykkar og tupear, og ho er konsulent for eit svensk firma, der ho sel ein pedagogisk metode som vert kalla Mindful Teaching.

– Noko av tanken med masteroppgåva, som er eit aksjonsforskningsprosjekt, er at dette vil gagna og betra kvaliteten på frisørfaget. Eg er oppteken av samarbeidet mellom skule og næringsliv.

Eitt av måla med samarbeidet og prosjektet er å sikra fagleg kvalitet i frisør opplæringa, slik at det norske sveinebrevet framleis er på nivå med EU-sertifikatet, også etter at Kunnskapsløftet vart innført, fortel Halvorsen Kleppe.

Treng samarbeid og god kontakt

Ho fortel at frisørbransjen etterlyser formalisert samarbeid med skulen også i kommunar der lauset er lagt ned. Skulen på si side har behov for god kontakt med frisørbransjen for å sikra at opplæringa er i samsvar med bransjens behov og forventningar.

Fyrstkomande måndag 31. mars har ho og prosjektgruppa invitert frisørar, læringar, frisørfaglærarar og lærarar som underviser ved Design og handverk vg. 1 i Sunnhordland til eit felles møte ved Stord vidaregåande skule for å informera og presentera

aksjonsforskningsprosjektet. Ho håpar at flest mogeleg frå denne bransjen får høve til å ta del i møtet.

Nyttig for ulike faggrupper
Det er Stord vidaregåande skule ved rektor som er eigar av prosjektet. Ho er prosjektleiar. I tillegg har ei prosjektgruppe ei sentral rolle, med

styringsansvar for det som skal skje i fellesmøta framover mellom skulefolk og folk frå frisørbransjen. Ei referansegruppe, som er samansett av ulike aktørar i bransjen, er òg ein viktig medspelar.

Halvorsen Kleppe håpar masteroppgåva hennar kan verta til nytte for andre faggrupper òg. I klassen hennar ved Høgskulen i Akershus er det studentar frå heile landet. Dei representerer ei rekkje ulike yrkesgrupper.

HANS OLE DALLAND
hans.ole@sunnhordland.no



Eg er oppteken av samarbeidet mellom skule og næringsliv

Janne Halvorsen Kleppe




Er borna dine forsikra?

Dersom borna vert alvorleg eller langvarig sjuke, kan det innebere store konsekvensar for familien og borna si framtid. Med Barne- og ungdomsforsikring kan du gjere framtida litt tryggare for deg og dine.

I Sparebanken Vest tilbyr vi no forsikringar frå Frende Forsikring.

Snakk med ein rådgivar i banken, eller ta kontakt med oss på 815 22 002.

 SparebankenVest

Vedlegg 3

Kva er gjort?	<p>Marte og lærlingane på Pepper Hårstudio har hatt kontakt og vil ha i gang eit samarbeid straks over jul. Dei har vore rundt til nokre salongar med invitasjon/ påmelding.</p> <p>Me vil slutføra dette arbeidet no og inviterer til første møte mandag 30.mars kl 19.00- 21.00</p>
Kva er målet med samarbeidet	<ul style="list-style-type: none"> • Betre samarbeid mellom lærlingane • Kvalitetsikring/ meir lik opplæring • Lik tolking av læreplanen på vg3 • Arbeidet er på lærlingane sine premisser og er deling, ikkje opplæring
Kva skal arbeidsmøtene innehalda?	<ul style="list-style-type: none"> • Dela idear / idebank, erfaringar, kunnskapar • Bli trygge til sveinebrevet
Kven blir invitert?	<ul style="list-style-type: none"> • Aqua og Alfa 3 • Atelieet 1 • Spagetti 1 • Pepper 1 • Charisma 1 • Ramsvik 1 • Krøll 2 (1) • Diva 2 • (håpar alle på Stord er nevnt her. Skal me ta med Bømlø, Fitjar og Kvinnherad?)
Kor ofte/ kvar?	<p>Salong ev. skulen</p> <p>6 – 8 vekers mellomrom. Foreslår foreløpig:</p> <p>30. mars, 25. Mai</p> <p>Kl 19.00- 21.00</p>
Innhald oppstartmøtet 30.mars 09	<ul style="list-style-type: none"> • Første møtet hos Marte (?) ev. skulen • Bli enige om kven som er nestemann osv. • Kva forventningar har ein til dei som har det? (finna inspirasjonsmateriale, osv) • Setta ned endelig målsetting. Eks. Ha eit tett samarbeid med fagopplæringskontoret? • Bli einige om korleis dei skal gje tilbakemelding og til kven.

